

**”Han var inderleg med i det mektige spelet” –
Ein økokritisk og økofeministisk analyse av Tarjei
Vesaas’ *Det store spelet* (1934) og *Kvinnor ropar
heim* (1935)**



Kristine Tveit Midtbø

NOLISP350

Masteravhandling i Nordisk språk og litteratur
Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium
Universitet i Bergen

Hausten 2021

Forord

Eg las Tarjei Vesaas første gong når eg gjekk på vidaregåande og eg hugsar enno inntrykket eg sat att med etter å ha lese om Mattis og livet hans i *Fuglane* (1957). Nokre år seinare las eg *Is-slottet* (1963) og vart ikkje mindre full i inntrykk denne gongen. Eg var aldri i tvil når eg skulle skrive verken bacheloroppgåve eller masteravhandling, det måtte bli Tarjei Vesaas.

Dei to romanane *Det store spelet* (1934) og *Kvinnor ropar heim* (1935) skildrar livet på garden Bufast og trefte hjarta mitt på ein spesiell måte då eg sjølv har vore mykje på garden til besteforeldra mine. Tusen takk til mormor og morfar for alle minna på garden Somerro. De har vist meg verdien av hardt arbeid, og at det å drive gard ikkje berre er enkelt. De har alltid hatt ein enorm kjærleik overfor det de driv med og overfor dyra på garden. Eg er evig takknemleg for at eg alltid har fått dilte etter og vere med på alt som skjer, alt frå kalving, fjøsstell, slåttonna og slakting.

Ein stor takk til min rettleiar Eirik Vassenden for god hjelp og rettleiing i arbeidet med denne avhandlinga.

Ein spesiell takk til mamma for alle motiverande samtalar og for fantastisk hjelp med gjennomlesing. Utan deg hadde ikkje denne avhandlinga blitt til.

Tusen takk til pappa og Marte for god støtte og middagsinvitasjonar som har vore kjærkomne avbrekk den siste tida.

Tusen takk til mine gode veninner Anine, Synne Emilie, Mariell, Anne Marthe, Maren Karoline, Mariell og Julia for mange gode ord, motivasjon og inspirasjon.

God lesing!

Guten bendest mot jorda

I alt det regn
ditt bleikte kinn,
ditt smale liv
i spenn.

Regnstaven susar,
slår i bakken,
og dagen går.
Molda pløser
av fåfengd vatning,
av daudt og oppbrukt
i haustens fang.

Tyngre blir plagga
kring kroppen din.
Din unge kropp
i bend for brød.
Og dagen går.
Væta bleiker
i sitt lange kyss
stumt din gutemunn.
Og dagen går.

Du teier
bøyer
arbeider.
Auga ventar modig.

Ja ljøsken får ungdomen din!
utbroten
over svart jord.

Hemmeleg er du berging
for arbeidande rundt ikring deg.

Dei ser mot deg i òta,
dei motlause, trøytt og sloknande.
Din ljøske over –
Du veit ikkje
der du går og står
kva du tyder.
(T. Vesaas, 1949)

Innholdsliste

1. Innleiing	1
1.1 Historisk kontekst og forskingsspørsmål	1
1.2 Biografisk kontekst	6
1.3 Oppbygging av oppgåva	7
2. Resepsjon	9
2.1 Samtidsresepsjon av <i>Det store spelet</i> (1934)	9
2.2 Samtidsresepsjon av <i>Kvinnor ropar heim</i> (1935)	12
2.3 Seinare forsking på <i>Det store spelet</i> og <i>Kvinnor ropar heim</i>	16
2.4 Avsluttande tankar knytt til resepsjonen av <i>Det store spelet</i> og <i>Kvinnor ropar heim</i>	19
3. Teori	22
3.1 Historisk bakteppe	22
3.2 Økokritikk: Introduksjon og opphav	24
3.3 Definisjon av økokritikk	26
3.4 Natur og dyr	27
3.5 Antroposentrisme, antropomorfisme og zoomorfisme	29
3.6 Djupøkologi	30
3.7 Økofeminisme	32
3.8 Teoretisk relevans i dei to Bufast-romanane	34
4. <i>Det store spelet</i> og <i>Kvinnor ropar heim</i> – ei økokritisk og økofeministisk lesing	35
4.1 Introduksjon	35
4.2 Handling og struktur i dei to Bufast-romanane	35
4.2.1 <i>Det store spelet</i>	37
<i>Du skal vera på Bufast all din dag</i>	37
<i>På Bufast skal du finne alt du treng</i>	38
4.2.2 <i>Kvinnor ropar heim</i>	40
<i>Barnsøl-bolken</i>	40
<i>Frigjering</i>	41
4.3 Menneske, dyr og kjønn	43
4.3.1 Menneske og dyr	43
4.3.2 Kvinnene på garden	45
4.3.3 Patriarkat og kvinnes posisjon	47

4.4 Hestens rolle	49
4.5 Far og jord	53
4.6 Idealisert og funksjonell kjærleik	56
4.7 Naturen	59
4.8 Forstyrningar frå verda utanfor	61
4.8.1 Byen	64
4.9 Alternative livsformer	65
4.10 Garden som hovudperson	67
5. Avsluttande refleksjonar: Menneske og natur i <i>Det store spelet</i> og <i>Kvinnor ropar heim</i>	
<i>Kvinnor ropar heim</i>	71
5.1 Forholdet mellom natur og kultur, og mellom kjønn og natur i dei to Bufast-romanane	72
5.2 Interaksjonen mellom den menneskelege og den ikkje-menneskelege naturen i <i>Det store spelet</i> og <i>Kvinnor ropar heim</i>	73
5.3 Konflikhtar og moralske problem i dei to romanane	73
5.4 Avsluttande tankar	75
Litteraturliste	77
Samandrag	82
Abstract	83

1. Innleiing

1.1 Historisk kontekst og forskingsspørsmål

Menneska har alltid vore opptatt av naturen vi omgjev oss med. Så lenge menneska har levd på jorda, har dei stått i eit avhengnadsforhold til naturen. Gjennom naturen har menneska hatt tilgang på ressursar som har vore livsviktige for å sikre at vår art har overlevd. Å kunne vere herre over naturen på denne måten er avhengig av kulturen menneska har skapt seg. Kultur er eit vidt omgrep som i stor grad handlar om noko som er menneskeskapt. Det kan vere alt frå felles idear, tradisjonar eller levereglar. I tusenvis av år har gamle mytar og tradisjonar blitt fortalt frå generasjon til generasjon, og på grunn av dette har mennesket klart å bruke naturen til sitt beste. Utan historiene frå dei som har levd tidlegare, som først vart formidla gjennom munnleg tradisjon, hadde menneska stilt langt svakare. At eit dyr kan brukast til både mat, klede og til å lage reiskapar er ein nedarva tradisjon. Dette belyser eit avhengnadsforhold mellom natur og kultur, og menneske treng kulturen for å klare å overleve i naturen.

Å nytte naturen til menneskets beste er altså noko vi har lange tradisjonar for å gjere. I alle år har det vore kalla for utvikling og framsteg jo meir natur menneska har klart å legge under seg. Dette er noko vi kan sjå langt tilbake i verdshistoria, med kolonisering og krigar, samt seinare i historia med industrialisering som har bidrege til teknologiske framsteg som har gjort det enklare for menneske å ta seg til rette i naturen. Vi fjernar store delar av skogar for å bygge byar og nye motorvegar for å kome oss fortare frå stad til stad, og vi borar etter olje for å bli rikast mogleg. Ein treng ikkje lenger kjempe kampen mot ugras for å så poteter, for i dag har ein all slags sprøytemiddel som gjer det mogleg å effektivisere jordbruket. Som ein motreaksjon på dette har vi fått økologisk jordbruk og vi får eit stadig aukande medvit knytt til økologi. I dag forstår vi kva desse framstega har betydd for kloden vår, og vi står midt i ei klimakrise vi ikkje anar konturane av. Det som før var sett på som ei positiv utvikling er noko vi i dag ser på med frykt i blikket. Naturen har ein maktposisjon over oss, og naturens krefter kan til tider vere vanskeleg å forstå for mennesket. Vi har herja og øydelagt, og vi har gløymd at naturen ikkje tar omsyn til menneskelege ønsker og naturfenomen, og katastrofar blir til utan at vi menneske har noko kontroll over det. Dette har skapt stor merksemd rundt klima og miljø, både i media og politikken. Vi lever i ei tid der ein ved første klikk på ei nettavis ser ein artikkel som er knytt til små og store, lokale eller internasjonale saker om klima. Dette temaet viser seg også i litteraturen og i dag er det mange forfattarar som skriv både sakprosa og

skjønnlitteratur om klima og miljø. I Noreg har forfattarar som Carl Frode Tiller med *Begynnelser* (2017) og Britt Bildøen med *Sju dagar i august* (2015) skrive om miljøproblematikken. Ein av dei forfattarane som har fått mest merksemd i media med romanar knytt til stadige klimaendringar og utryddingstrua artar er Maja Lunde. I romanserien *Klimakvartetten* har Lunde til no gjeve ut *Bienes historie* (2015), *Blå* (2017) og *Przewalskis hest* (2019). Desse romanane tar opp viktige perspektiv ved miljø- og klimaspørsmåla, samstundes som den skjønnlitterære sjangeren opnar for at romanane treffer publikum på ein måte som gjer at tematikken set spor. Vi kan også finne denne type tematikk i eldre litteratur, og forholdet mellom natur og menneske har lange tradisjonar i både litteratur, kunst og musikk.

I Tarjei Vesaas sitt forfattarskap finn vi også dette forholdet mellom natur og menneske. Det industrielle og urbane livet må vike for det naturlege landskapet hos Vesaas, der skog, vatn, jordbruk og gardslivet står sterkast. Bondens plass ser vi tydeleg i tobindsverket om Per Bufast, som reknast som gjennombrotet til Vesaas. I *Det store spelet* (1934) og *Kvinnor ropar heim* (1935) skildrar Vesaas livet på garden Bufast og vi følger odelsguten Pers oppvekst og utvikling frå han er eit barn til han blir vaksen. Fellesskapet med naturen er viktig for å drive ein gard, og det same er fellesskapet ein finn på ein gard. Gardens behov går føre individet, og individet må vike for fellesskapet. ”Ein var med i eit stort spel av mange ting og mange krefter, den som var med i ein gard. Ein var liten sjølv, den som var med i ein gard” (T. Vesaas, 1978, s. 232). Dette kraftfulle samspelet mellom individet og garden blir illustrert allereie i tittelen på den første romanen, *Det store spelet*. Tittelen uttrykker to aspekt ved livet på garden, der ein har individets plass i fellesskapet mellom menneske og dyrkbar jord på den eine sida, og dei større grunnleggande kreftene og driftene i naturen og tilveret på den andre sida (Vassenden, 2012, s. 374). I denne avhandlinga vil eg svare på tre sidestilte forskingsspørsmål for å belyse nettopp dette.

- Korleis skildrar Tarjei Vesaas forholdet mellom natur og kultur, og mellom kjønn og natur i *Det store spelet* (1934) og *Kvinnor ropar heim* (1935)?
- Korleis kjem interaksjonen mellom den menneskelege og den ikkje-menneskelege naturen til syne i handlinga i dei to romanane?
- Kva for konflikhtar mellom det menneskelege og det ikkje-menneskelege blir skildra og kva for moralske problem rommar romanane?

For å kunne svare på dei tre forskingsspørsmåla les eg dei to romanane med forankring i økokritisk og økofeministisk litteraturteori. Dette er to relativt nye teoriretningar som har oppstått saman med andre forskingsfelt som ein reaksjon på dei stadig aukande miljø- og klimaproblema. Økokritikk handlar i stor grad om studiet mellom litteratur, det fysiske miljøet, det menneskelege og det ikkje-menneskelege (Gløtfelty, 1996, s. xviii). Økokritikk er eit breitt felt, med fleire ulike retningar, blant anna økofeminisme. Økofeminisme knytt miljøydeleggingar og kvinnundertrykking saman, og det blir blant anna undersøkt kva likskapar som finst mellom urettferdig behandling av kvinner og dyr (Adams & Gruen, 2014). *Det store spelet* og *Kvinnor ropar heim* er romanar som ikkje tidlegare har vore lest med bakgrunn i det økokritiske feltet, sjølv om fleire lesingar overlappar i diskusjonar av forholdet mellom menneske og natur.

Med tanke på dagens store spørsmål knytt til miljø og klima blir det meir og meir aktuelt å lese ny litteratur, men også eldre litteratur med nye blikk, og dette kan økokritisk litteraturteori bidra med. Dette er også noko av bakgrunnen for oppgåva mi, då dette blikket bidrar til ei ny lesing av dei to Bufast-romanane. Gjennom økokritiske lesingar av eldre litteratur kan ein "[...] gjenoppdage sider ved kjente verk der naturrelasjonen har vært mindre påaktet i tidlige lesninger" (Wærp, 2018, s. 28). I ein økokritisk analyse stiller ein gjerne spørsmål om korleis tidlegare symbolske lesingar påverkar vår haldning til naturen, eller korleis ulike sjangrar skildrar ulike verdiar (Ibid.). Å undersøke kva for eit forhold menneske har hatt til naturen gjennom ulike tider og sjå på korleis dette har blitt formidla i tidlegare litteratur kan gje oss eit innblikk i korleis tidlegare generasjonar har tenkt på miljø og klimaspørsmål og kva behov som var gjeldande i samtida. Tida etter hundreårskiftet og unionsoppløysinga i 1905 gav stor økonomisk framgang i Noreg. Nye industriar vaks fram, folk flytta frå bygda og inn til byane og jordbruket vart meir effektivt og mekanisert ved hjelp av maskiner. Teknologien gjer sitt inntog hos Vesaas i Bufast-bøkene og er knytt til ei framandkjensle hos Per. I *Kvinnor ropar heim* illustrerast dette i sitatet under. På Bufast ville ein helst at ting skulle vere som det alltid hadde vore.

Framande hender som greip inn. Alt slikt var ting som nok kunne skaffe uro og plage så i det yre, men ikkje meir. Inni seg var ein den som lydte årstidene og ikkje endra seg. Var på samme staden. Dei rasande vognene oppå veggen, og den iltre kimminga i telefonen på veggen kunne ikkje skiple dette (T. Vesaas, 1969, s. 131).

Livet på Bufast er isolert frå livet ute, og sjølv om dei las avisa der det vart skriva om både krig og uro, så forandrar ikkje livet på garden seg av den grunn. Reaksjonane tidleg på 1900-talet med teknologien og industrien førte til ein debatt i samtida. På den eine sida hadde ein eit ønske om utvikling og vekst ved bruk av teknologiske nyvinningar. På den andre sida av denne debatten finn vi derimot Tarjei Vesaas, saman med andre norske forfattarar som Rolf Jacobsen og Knut Hamsun. Her var det Jacobsen som var mest medviten på dei nye og dystre perspektiva som teknologien førte med seg (Andersen, 2012, s. 417). Jacobsen har blant anna skriva det som blir rekna som det første ”grøne” diktet i Noreg, ”Landskap med gravemaskiner” (1954) (Ibid.). Desse reaksjonane i samfunnet er tendensar på ein økokritisk diskusjon, og det finst økologiske rørsler over 50 år før omgrepet blir til. Henning Wærp har blant anna forska på Hamsun sitt forfatterskap med eit økokritisk blikk i boka ”*Hele livet en vandrer i naturen*”: *Økokritiske lesninger i Knut Hamsuns forfatterskap*” (2018). Hamsun skreiv i 1917 romanen *Markens Grøde*, som i likskap med dei to Bufast-romanane, handlar om jord og forholdet mellom jord og mann. Denne samanlikninga kjem også tydeleg fram i resepsjonen, der blant anna Ragnvald Skrede har sett dei to romanane opp mot kvarandre. Det er altså tydeleg at litteraturen lenge har brydd seg om naturen, og at ein del av dei økokritiske tankane vi har i dag spinn ut frå denne tida. Ei økokritisk lesing av Bufast-romanane kan difor bidra med eit perspektiv som allereie var i gong når Vesaas skreiv *Det store spelet* og *Kvinnor ropar heim*. Vesaas står her i byrjinga av ein ny tradisjon, samstundes som han står i forlenginga av andre tradisjonar og tendensar som fantes i samfunnet på den tida.

Ein tendens i den norske litteraturen rundt 1920- og 1930-talet er at forfattarane skriv om slekt og historie. Olav Duun skreiv *Juvikfolket* (1918-1923), ein romanserie på seks bind, der vi følger ei slekt gjennom mange generasjonar. I Kristofer Uppdals romanserie på ti bind, *Dansen gjennom skuggeheimen* (1910-1924), får vi eit innblikk i rallaranes liv. Sigrid Undset skriv også om slekt i trilogien om Kristin Lavransdatter (1920-1922). Per Thomas Andersen gjer i *Norsk litteraturhistorie* eit poeng ut av at det er viktig å ha med seg at ”[...] interessen for slekt og historie aldri står i veien for interessen for individet. Selv om det kanskje ikke er brøkfølelsens sære sjeler de tre skildrer [Duun, Uppdal og Undset], møter vi hos dem alle både outsiders og sterke, særegne personligheter” (Andersen, 2012, s. 339). Tarjei Vesaas føyer seg også inn i rekka over forfattarar som skreiv om slekt i starten av 1900-talet. I åra 1930 til 1938 gav Vesaas ut romanserien om Klas Dyregodt, ein romanserie i fire bind om Klas og hans destruktive angst og uro som er forårsaka av slekta. Også *Det store spelet* og *Kvinnor ropar heim* kan kategoriserast som romanar som handlar om slekt. Det er dei lange

linjene som er i fokus, og sjølve kontinuiteten i livet. Den siste romanen viser eit tydeleg bilete framover og vi forstår at det store spelet går vidare med den neste generasjonen. Denne kontinuiteten kan vere både god og problematisk. Tankar som der ein samanliknar seg med dei tidlegare generasjonane kan føre til at ein berre vil vekk frå det heile. Ein vil gjennom livet samanlikne sitt forhold til garden og til jorda, med forholdet slekta og kanskje spesielt far hadde til den same garden og den same jorda. Ei økokritisk lesing av romanane kan seie oss noko om forholdet til jorda, og i Bufast-romanane er det sentralt å trekke inn forholdet til far. Avhengnadsforholdet til naturen som blir arva i generasjonar og kontinuiteten i livet er sentralt å undersøke i eit økokritisk perspektiv.

I den tidlegare forskinga på *Det store spelet* og *Kvinnor ropar heim* er det lite økokritisk forskning, noko som naturlegvis heng saman med at økokritikken er eit relativt nytt forskingsfelt. I Noreg var det i 2011 at vi fekk den første doktoravhandlinga i litteraturvitskap som nytta seg av eit økokritisk perspektiv med Henning Fjørtofts *Jordsanger. Økokritiske analyser av Inger Christensens lange dikt*. Sjølv om ikkje dei to Bufast-romanane har vore lese med eit økokritisk blick er det andre verk av Vesaas som har blitt lese ved hjelp av eit økokritisk perspektiv. Sissel Furuseth, førsteamanuensis i nordisk litteratur ved Universitet i Oslo, les *Fuglane* (1957) som "[...] en roman som utfordrer et antroposentrisk verdensbilde" (Furuseth, 2017, s. 10). Furuseth les romanen som eit møte mellom mann og natur, og at møte mellom Mattis og rugda viser lesaren at "[...] mennesket lever i et intimt og komplekst samspill med andre arter, at også vi vil syvende og sist er natur" (Ibid.). Gro Haldis Videsjorden skreiv hausten 2018 ei masteravhandling der ho gjennomfører ein økokritisk analyse av Vesaas si novelle "Tusten", som var ein del av novellesamlinga *Vindane* som kom ut i 1953. Hennar konklusjon er at "[...] naturens stemme synliggjøres gjennom Mattis' sansing av naturen, som i neste rekke kan føre til ny erkjennelse og forståelse hos leseren" (Videsjorden, 2018, s. V). Med tanke på at fleire av Vesaas sine verk har blitt lese med bakgrunn i økokritikken, kan eit slikt perspektiv på dei to Bufast-romanane vere med på å utforske perspektiv ved romanane som den tidlegare forskinga ikkje har oppdaga. Det blir samstundes viktig å ha i bakhovudet at ein økokritisk analyse kan vere problematisk på nokre område. Det er viktig å vere medviten at ein del av dei tankane som høyrer til økokritikken tilhøyrar nokon som er framand for jordbruk og gardsliv. Mange som forskar på økokritikk kjem ikkje sjølv frå gardar og har eit forhold til naturen som er annleis frå det forholdet dei har til jorda i Bufast-romanane. Dette kan gjere at ikkje all teorien klarar å fange opp det reelle avhengnadsforholdet mellom jorda og bonden. Dette forholdet kan vere både eit

hatforhold, og eit kjærleiksforhold, samstundes som heile forholdet er ein naudsynt prosess som ikkje alltid vekker så mange tankar hos dei som driv med det.

1.2 Biografisk kontekst

Tarjei Vesaas og hans mange verk har blitt lese og elska av mange, og forfatterskapet hans er ein av dei viktigaste i den norske litteraturhistoria og i den norske etterkrigslitteraturen. Tarjei Vesaas vart fødd i 1897 i Vinje i Telemark og vaks opp på familiegarden. Vesaas fekk tidleg eit forhold til litteratur, og las mykje i oppveksten. Han starta å skrive tidleg, og skreiv fleire bøker før hans debutroman kom ut. Det var etter eit par refusjonar frå forlaget at han i 1923 debuterte med romanen *Menneskebonn*. Etter debuten gav han ut fleire bøker, som romanserien om Klas Dyregodt (1930-1938). ”Det første sentrale verket i forfatterskapet ble utgitt i 1934, *Det store spelet*, romanen om Per Bufast og hans forhold til natur, landskap, odelsgård og livets kretsløp” (Andersen, 2012, s. 395). Tematikken knytt til å vere odelsgut var kjent for Vesaas, og han skulle i utgangspunktet overta familiegarden. Han opplevde å måtte ta valet mellom å bli på garden eller bryte ut og gå sine egne vegar. Vesaas valte å seie frå seg odelsretten og følge draumen om å skrive. Han var for det meste sjølv lært gjennom lesing og fleire utanlandsreiser.

I 1934 gifta Tarjei Vesaas seg med Halldis Moren Vesaas og dei starta livet saman på garden Midtbø i Vinje. Det var same året Vesaas skreiv ferdig *Det store spelet*. Vesaas tok til å skrive på romanen i 1933, og på den tida skreiv han brev til si komande kone. I eit av breva skriv han at han lenge har tenkt på å skrive denne romanen, og at ”Det skal bli ei stor bok um Mor Jord (dette er ingen tittel og um kvinner og grokraft og liv [...])” (T. Vesaas, 1933, sitert i O. Vesaas, 1995, s. 167). Begge dei to Bufast-romanane handlar om nettopp dette, det er bøker der både mor og jord står i sentrum. Vesaas hadde lenge visst at han måtte skrive ei bok om livet på garden, om ungdommen som veks opp der og alt det ein gard faktisk er.

Det måtte skrivast en gong liksom, av meg, i den noko ugreie situasjonen som hadde laga seg for meg privat, eg som hadde gått ifrå den garden eg skulle teki imot. Skrive av seg eitkvart. Og som ei slags forklaring overfor mitt eige folk heime (T. Vesaas, 1964, s. 26).

Tarjei Vesaas brukte mykje frå sin eigen barndom når han skildra Per sin oppvekst, men romanen er ikkje ei direkte skildring av Vesaas sin eigen barndom. Personane og hendingane stemmer ikkje, men både Per og Vesaas sjølv gav opp mostanden då den store samanhengen i

livet gjekk opp for dei. ”Allting vil gjerne henge i hop og gå over i ein annan når ein ser etter. Skall ein verkeleg leva, må ein vera med i spelet” (Ibid.). Som odelsgutar kjende både Vesaas og Per på korleis det var at garden skulle bestemme framtida og at planen for livet var fastsett frå den dagen dei vart fødd. Der Per Bufast tar inn over seg sin skjebne og bøyer seg for gardens lov, bryt Vesaas ut og følger sin skjebne, og hyllar og lovprisar det livet han sa frå seg sjølv gjennom romanane (O. Vesaas, 1995, s. 171).

Frå Vesaas var 26 år når han debuterte til han døydde 73 år gammal i 1970, gav han ut både romanar som *Kimen* (1940), *Fuglane* (1957) og *Båten om kvelden* (1968), novellesamlingar som *Leiret og hjulet* (1936) og lyrikk som *Kjeldene* (1946). Vesaas prøvde også å skrive skodespel, men desse har ikkje hatt den store suksessen. Fleire av romanane hans har derimot blitt satt opp som teaterstykkje. Frå 1947 fekk Vesaas Staten Kunstnarløn, og han har fått fleire prisar for forfattarskapet sitt, blant anna Venezia-prisen for novellesamlinga *Vindane* i 1953. I 1964 fekk han Nordisk Råds litteraturpris, som første norske forfattar, for romanen *Is-slottet* (1963), ein roman som viser Vesaas sine meisterlege evner som forfattar. Han brukte denne prisen til eit legat som kvart år gjev ut Tarjei Vesaas’ debutantpris til beste unge skjønnlitterære debutant frå det siste bokåret. Vesaas er stadig aktuell, og blir stadig lest av nye lesarar, med nye blikk og innfallsvinklar.

1.3 Oppbygging av oppgåva

I denne oppgåva vil økokritisk og økofeministisk litteraturteori danne grunnlaget for analysen min av dei to Bufast-romanane. Metoden eg nyttar i dette arbeidet er ei økokritisk inspirert nærlesing av og samanlikning av dei romanane, *Det store spelet* og *Kvinnor ropar heim*. Eg nyttar meg også av sekundærlitteratur for å undersøke kva som har vore vektlagt i tidlegare forskning. Avhandlinga er delt inn i fem kapittel. I kapittel to ser eg nærare på resepsjonen av dei to romanane og undersøker korleis dei vart mottatt i samtida av eit utval litteraturkritikarar. Her er fokuset mitt å sjå korleis dei to romanane har vore lest med tanke på menneske og natur, kjønn og menneskesyn, og om det finst tydelege posisjonar i resepsjonen. I kapittel tre vil eg legge fram det teoretiske bakteppet for oppgåva mi. Her ser eg på korleis økologisk tenking og økokritiske perspektiv har utvikla seg frå starten av 1900-talet og tida romanane vart skrive i, og fram til i dag. Teorikapittelet vil saman med resepsjonskapittelet vere utgangspunktet for analysen av dei to romanane i kapittel fire. Kapittel fire startar med ein kort gjennomgang av handling og struktur i dei to romanane. Vidare i analysen ser eg på

viktige scener i romanane som handlar om kjønn og dyr, og om natur og menneske, blant anna er opningsscena i *Det store spelet* sentral her. Eg kjem til å gå nærare inn på forholdet mellom Per og faren, samt forholdet dei begge har til jorda. Vidare vil eg undersøke korleis harmonien på garden blir forstyrra av livet utanfor, og at garden berre har plass til dei livsformene som er funksjonelle for å drive garden vidare. Avslutningsvis i analysen vil eg diskutere om ikkje garden sjølv kan oppfattast som hovudpersonen i romanane, og at det er garden som har all makta. Eg ser på dei to romanane saman og har eit komparativt blikk gjennom heile kapittelet. I kapittel fem vil eg samanfatte og diskutere funna frå oppgåva. Eg vil sjå på dette opp mot forskingsspørsmåla mine og kome med min konklusjon av analysen, samt trekke linjer til dagens situasjon med tanke på klima- og miljø.

2. Resepsjon

I dette kapittelet ser eg på resepsjonen av dei to Bufast-romanane. Vesaas sitt forfattarskap er omfattande, noko som heng saman med at han skreiv og gav ut skjønnlitteratur i over førti år. Han var ein populær forfattar i samtida, og femti år etter hans død har han fortsett ein viktig posisjon i den norske litteraturhistoria. Dette betyr at også resepsjonen er omfattande, og det er mange som har skrive om Vesaas og hans forfattarskap, deriblant Bufast-romanane. I dette kapittelet tar eg først føre meg samtidsresepsjonen av *Det store spelet* og *Kvinnor ropar heim*, før eg vender blikket mot nyare resepsjon og forskning. Eit søk i databasen *Norsk litteraturkritikk* viser at det er 21 meldingar av *Det store spelet* i tidsperioden oktober 1934 til juli 1935 og 29 meldingar av *Kvinnor ropar heim* frå oktober, november og desember i 1935. Eg tar utgangspunkt i nokre av dei same kritikarane sine meldingar av begge romanane, og supplerer med andre meldingar som har relevant innhald for oppgåva mi. Undervegs undersøker eg om dei to romanane har vore lest på ein økokritisk måte tidlegare, eller om noko av resepsjonen har hatt eit tidleg økokritisk syn på romanane før teoriretninga var etablert. Dette kommenterer eg avslutningsvis i kapittelet. Før eg gjekk i gong med arbeidet hadde eg eit ønske om å fokusere på kva som er blitt sagt om menneske og natur, om kjønn og seksualitet i dei to romanane. I tillegg ville eg å undersøke om det finst nokre tydelege posisjonar i resepsjonen av *Det store spelet* og *Kvinnor ropar heim*.

2.1 Samtidsresepsjon av *Det store spelet* (1934)

Det store spelet kom ut i 1934 og, som skissert innleiingsvis, var dette ein roman Tarjei Vesaas visste at han måtte skrive. Det var tidleg klart for Vesaas at romanen skulle handle om dei tusen tinga som høyrer med på ein gard, og jorda er eit sentralt tema i gardslivet og i romanen. Romanen fekk god kritikk i samtida, og fokuset på jorda og gardslivet vart lagt merke til. Forleggar Olaf Norli skriv at

Denne boken er en skjøn lovsang til jorden og jordarbeidet. Jorden er trofast, alt annet kan svikte, være selvopptatt, krenke med vilje eller uten – men jorden blir [...]. Ikke tror jeg vi i vår litteratur har nogen bedre analyse om hvorledes en ung gutt vokser sig inn i sit arbeide, hvorledes han lærer å måtte elske det han ikke vil elske, og hvorledes jordens krav som fra først av er et bånd, blir veien til trygghet og lykke. (Norli 1934, sitert i O. Vesaas, 1995, s. 169).

Det er fleire enn Olaf Norli som meiner at Vesaas hadde funne den rette vegen med *Det store spelet*. Forfattar, journalist og litteraturkritikar Barbra Ring er sjølv oppvaksen på praktgarden

Ringstabeck, og i sine romanar er ho ofte inne på den same tematikken som omhandlar slekt, arv, jord og gard. I meldinga si i *Nationen*, riksavisa for bønder og Dikstrikts-Noreg, skriv Ring at "Det er efter min mening det sterkeste og fineste og beste han hittil har gjort" (Ring, 1934, s. 5). Ho trekker fram garden og lojaliteten mot jorda som hovudtema i romanen. Livet på Bufast er langt vekke frå andre gardar, livet utanfor blir symbolisert med turisttrafikken som durar forbi oppe i vegen. "Aar efter aar gaar; vi følger det samme arbeidet økt efter økt, nybrottet flytter sig, men er der alltid, en kalv kommer til verden, en gammel hest skytes" (Ibid.). Ring avsluttar med "Et vakrere oprop om 'tilbake til jorden' har jeg ikke lest" (Ibid.). Det kjem tydeleg fram for dei som les romanen kva for ein viktig posisjon jorda har for handlinga, og ikkje minst for karakterane i romanen.

Den norske litteraturforskarer Johannes Andreasson Dale melder romanen den 27. oktober 1934 i *Den 17de Mai*. Han skriv at romanen er

[...] ein gard og livet, der aaret rundt, om jorda og hennar ubrigdelege og ubrytande over. Eilev Bufast er symbolet på desse lovene. Det angar jord av han, han ber jorda med seg inn i stova, aa bryta ny jord er honom ei fysne og ein hugbrand. Han talar lite; "og naar han talar, feller han domar [...]. Han segjer til eldste sonen, Per, medan han endaa er eit barn: "Du skal vera paa Bufast all din dag". Og guten er dømd" (Dale, 1934, s. 2).

Dale trekker fram at Vesaas skriv om Per som føler motstand mot dommen frå far, før han seinare blir like glad i jorda som sin far. Dale meiner, i likskap med Ring, at dette er det beste Vesaas har skrive. "Eg tykkjer ikkje han har naatt høgre nokon gong enn her. Her finn vi den makelause stilen, overlag artistisk utan aa vera tilgjord. Her er han den fine psykologen, og menneska hans er aldri lausrivne frå denne verda, [...]" (Ibid.). Dale gjer eit poeng ut av at det ikkje er første gong Vesaas har skildra barn, og at han får fram kor vanskeleg og merkeleg det er å vera barn. I det heile meiner Dale at romanen "[...] fortener store lovord og mange lesarar. Truleg vil ho ikkje berre gleda alle tidlegare vener av Vesaas, men skaffa han nye og" (Ibid.).

Litteraturkritikaren Rolv Thesen melder boka i *Arbeiderbladet* den 3. november 1934, og trekker fram at Vesaas sin spesialitet er å skildre barn, og at romanar om barndommen var i vinden på den tida. Han skriv at Vesaas har fokusert på korleis Per reagerer mot jorda "[...] – korleis han står til "det store spelet" som frå årstid til årstid går for seg på ein gard" (Thesen, 1934, s. 10). På lik linje som Dale trekker også Thesen fram skildringa av faren som ein representant for jorda, og jordhugen. "Han er meir glad i jord enn noko anna; han er ein

vidspurd jorddyrkar. Det står ein gufst av grus og mold frå han, og jamvel mælet hans er jordblanda” (Ibid.). I andre del av romanen gjer Thesen eit poeng ut av at det er når Per må skyte hesten på garden, Gulen, at han føler seg ”[...] i samband med jorda og heile natura her” (Ibid.) for første gong i livet. Thesen skriv at Vesaas her har fått fram korleis Per sine kjensler til faren også skiftar, og at han må rett inn og sjå til den dødssjuka faren etter han har skote hesten. Per får ikkje til å fortelje faren at han er blitt glad i jorda, men ”dette er godt set og vakkert skildra” (Ibid.). Alt i alt skriv Thesen at

[...] det er berre ein stor diktar og fin psykolog som kan skrive ei bok som denne. Og for den som har tykt at Vesaas i det siste har vore på avvegar, var det ei dobbelt glede å lese denne boka. Her held han seg til det verkelege liv, til menneske som ein trur på; ein har heile tida kjensla at dette *vedkjem* ein, at det er sjølve livet i all si sanning han vil legge fram (Ibid.).

Det store spelet viste at Vesaas hadde vakse som diktar. Sigrid Undset, som sjølv var forfattar, las også romanen og skreiv eit brev til Vesaas i 1934 der ho roser boka. Brevet er trykt og gitt ut i *Den 17de Mai* den 7. desember 1934. Undset skriv til Vesaas at dette var hans beste bok så langt.

Og her er endelig Deres evne til å suggerare frem virkelighetsnære sanseindtrykk og Deres viden om det dulgteste og uuttaleligste som rører sig i sindene bragt helt i kontakt – det kan ikke gjøres bedre end De har gjort det i forholdet mellom de to guttene Per og Olav og moren (Undset, 1934, s. 2).

Undset har alltid gledd seg over Vesaas sitt talent, som no fekk kome fram på ein ny måte. Undset avsluttar brevet med at ”Saa det var med inderlig glæde og en følelse av betryggelse at jeg læste denne siste boken Deres som viser at nu har De Deres talent fast i hand. Ja, det var en god bok til at glæde seg over” (Ibid.).

I den samtidige resepsjonen av *Det store spelet* er det eit par moment som blir nemnt hos fleire som peikar i retning av økokritikk og mine tankar om romanen i eit økokritisk lys. Som nemnt innleiingsvis hadde eg eit ønske om å sjå kva som blir sagt om menneske, natur, menneskesyn, kjønn og seksualitet i resepsjonen. I resepsjonen er det liten tvil om at jorda er eit viktig tema i romanen. Dette er noko dei nemnte kritikarane er einige om. Dei kallar romanen for ein lovsong til jorda, og viser til farens rolle i Per sitt ambivalente forhold til jorda. Far blir som ein representant for jorda, og dette er noko eg kjem til å ta med meg vidare i analysedelen og undersøke vidare med eit økokritisk blikk. Årstidenes rolle, og kontinuiteten

i livet kjem også opp i fleire av meldingane, og knytast til tittelen *Det store spelet*. Vi ser her at naturen er sentral i resepsjonen, og viser til ein tanke om kor viktig naturen er for livet på garden. Dette kan minne om det vi tenker på som økokritikk i dag, der kritikarane heidrar Vesaas som skriv om jorda og naturen. Menneska i romanane blir skildra gjennom eit barns auge, og det blir fleire gonger nemnt at det var i tida å skrive romanar om barn. Ein ting som blir fokusert lite på i samtidsresepsjonen er kjønn og seksualitet. Det kjem fram hos Olav Vesaas at det i skuleutgåva av romanen, som kom ut i 1940, vart fjerna fleire scener frå boka som ikkje ungdommen skulle lese. *Det store spelet* var for mange gymnaselevar det første møtet med Tarjei Vesaas og han diktning. Før skuleutgåva vart gitt ut vart den tilrettelagt av rektor Edvard Brakstad på Eidsvoll landsgymnas, og han endra språket slik at det passa med 38-rettskrivinga. I tillegg fjerna han det han meinte ikkje var høveleg å lesa opp i ein skuleklasse, utan å spørje om lov først (O. Vesaas, 1995, s. 174). Her vart setningar som ”mor er òg fylt av mjøl” og ”der inne i kammerset låg far og mor som hadde avla han” stroke vekk (Ibid.). Ei erotisk scene mellom Per og Randi Bratterud i skogen på pinsedagen vart sjølv sagt også sletta på grunn av moralske grunnar. Aasta Marie Bjorvand Bjørkøy skriv om dette i ein artikkel, ”Det er jo bare en skoleutgave”, i *Filologi og sensur* (2015). Bjørkøy samanlikna førsteutgåva av *Det store spelet* frå 1934 med skuleutgåva som kom ut i 1940, og fann ut at kapittel 16 og 17 mangla. I alt var rundt 130 setningar, samt replikkar og enkelte setningsemne stroke vekk i skuleutgåva (Bjørkøy, 2015, s 221). Olav Vesaas skriv at Tarjei Vesaas sjølv ikkje var klar over kor mykje som var stroke vekk, før han i 1955 las korrektur på ei dansk utgåve som skulle publiserast (O. Vesaas, 1995, s. 174). Same år gav NRK sin programsekretær, Johannes Aanderaa, ut ein artikkel om dette i *Dagbladet*. Han fann ut at mykje var stroke av moralske grunnar, og skriv at ”ei skoleutgave skulle nå liksom ha som mål å formidle litteraturen og ikkje øydelegge han” (Aanderaa, 1955, sitert i O. Vesaas, 1995). Avsnitta og kapitla som mangla kom på plass att i 1955, og blant anna er scena med Randi Bratterud noko eg kjem til å sjå nærare på i kapittel fire i denne avhandlinga.

2.2 Samtidsresepsjon av *Kvinnor ropar heim* (1935)

Året etter *Det store spelet* kom ut gav Tarjei Vesaas ut bok nummer to om livet på Bufast, og romanen *Kvinnor ropar heim* kom i 1935. *Kvinnor ropar heim* er, i følge Olav Vesaas,

[...] ei lovprising av jorda som det faste grunnelemenetet i tilværet. Om menneske og generasjonar skifter, så ligg garden der som fundamentet for alt liv. Omverda kan nok

trengje seg på med krigsmeldingar, men dei uroar ikkje avlinga av korn eller ungar. Tvertimot, jorda blir endå viktigare som ei motvekt (O. Vesaas, 1995, s. 177).

Vidare skriv Olav Vesaas at far hans ville

[...] vise styrken i livskraftene, vise dei med å skildre fødsjar og grøde, mjølk og jord. Men det vart alt for mykje av det gode, og i ettertid syntest han lite om *Kvinnor ropar heim*. Ein gong vi snakka om denne romanen, karakteriserte far boka med desse orda ”Det er ei klen bok, eit overdrivi barsel frå ende til annen (Ibid.).

Det er ikkje berre Vesaas sjølv som har kommentert dette, også kritikarane la merke til denne overfloda. Ei av dei er Mimi Sverdrup Lunden, som i artikkelen ”Moderne kvinnelitteratur” frå 1937, skriv at det er tydeleg at det er ein mann som har skriva om fødeverksemd og mjølkeproduksjon. Ho skildrar fødeverksemda og trekker linjer til nazismen.

[...] med sterk, nesten nazistisk henførelse skildrer han sine kvinners liv, hennes fødevirksomhet, hennes melkeprodusering, hennes vask og slit. Uvilkårlig tenker en ”Ja, det er også en mann som skriver dette!” Det klinger litt mindre hul begeistring ut av de bøkene kvinner skriver om dette tålmodige tause, slitet. For de klager og syter ikke de heller, men de får oss til å føle oss intenst med (Lunden, 1982, s. 52).

Det at ho trekker linjer til nazismen forsterkar budskapet hennar. Tarjei Vesaas sjølv er einig i at han drog det for langt, og skriv, om seg i karakteristisk tredjepersonsform, at i

[...] *Kvinnor ropar heim*, har forfattaren legi under for eit slags barsels-raseri midt i alt det andre, det blir for mykje av det gode. Det vart kanskje slik fordi under arbeidet med boka visste ein heile tida, merkeleg og hissande: i denne stunda gror vårt eige første barn –. Boka kom til å få slagside av det (T. Vesaas, 1964, s. 26)

Tarjei Vesaas syntest ikkje noko stort om romanen i ettertid, men i samtida fekk den god kritikk og vart møtt med begeistring. Olav Vesaas spør seg om dei såg *Kvinnor ropar heim* som eit naudsynt framhald av *Det store spelet* og om det var det som var grunnen til at boka fekk god kritikk, eller om temaet jord var så viktig for dei at dei ikkje såg dei svake sidene ved romanane (O. Vesaas, 1995, s. 177). Litteraturkritikaren Knut Coucheron Jarl kommenterer akkurat dette. ”Boken er ikke så mye av en roman som dens forgjenger og ikke så vid i sitt syn og i sin realisme” (Jarl, 1942, s. 144). Han skriv vidare at ”om boken enn ikke helt står på høyde med ‘Det store spelet’ danner den dog sammen med denne en enhet av stor kunstnerisk og menneskelig verdi” (Jarl, 1942, s. 144). Knut Coucheron Jarl er også ein av dei som i likskap med Mimi Sverdrup Lunden stiller seg kritisk til menneskesynet i dei to Bufast-

romanane. ”En må også spørre om boken i sin idealisering går ut fra et fullverdig og helt tilfredsstillende menneskeideal” (Ibid.). Han nemner at fruktbarheitsdyrkinga i *Kvinnor ropar heim* går over til ein ”[...] overmettelse som tenderer mot avsmak” (Ibid.), men på grunn av kunstnarlege kvalitetar tar ikkje Knut Coucheron Jarl dette noko vidare. Det er fleire andre kritikarar, som Rolv Thesen og Barbra Ring, som nemner at det kunne bli litt mykje mjølk til tider. I likskap med Knut Coucheron Jarl tar ikkje dei det noko vidare heller.

”Ein roman om menneske og jord” er tittelen på Rolv Thesen si melding om *Kvinnor ropar heim* i Arbeiderbladet den 26. oktober 1935. Thesen var særst begeistra for *Det store spelet* og startar meldinga med å lovprise denne romanen som ein av dei beste norske romanane i dette hundreåret. Tittelen på meldinga samanfattar i stor grad romanen, og Thesen kommenterer at *Kvinnor ropar heim* også kastar lys på tilhøvet mellom menneske og jord.

Desse folk her lever ikkje berre av jorda, men også for jorda. Dei slit hard, slit seg ut. Ausar lite av det som hender utanfor det riket som garden er, har ikkje tid til det. Jorda krev alt. Ho bind dei til seg, formar og skapar dei, rår over hug og vilje (Thesen, 1935, s. 15).

Thesen undrar seg over om alle bønder føler det på same måten som dei gjer på Bufast, der det heile er så einfelt og uproblematisk. ”Jorda har lært dei tolmod, gjeve dei ei uovervinneleg ro” (Ibid.). Han samanliknar romanen med verk av Duun og Garborg der det er ”[...] gruvling over samvets- og moralproblem [...]”, medan ”dei bøndene Vesaas skildrar lever faktisk i den gamle ættekulturen, det er tilhøvet til jorda og ætta som avgjer kva som er rett og gale. Det som tener ætta og garden, går framom alt” (Ibid.). Thesen er ein av dei som meiner at *Det store spelet* imponerte meir enn *Kvinnor ropar heim*. ”Det er noko omstendeleg og stilleståande her og der, ikkje lite opatt-taking, serleg i første delen [...]. Men det er tydeleg med vilje at visse motiv er sterkt understreka og kjem att som omkvedet i ei folkevise” (Ibid.). Thesen avsluttar med at dei to bøkene samla er eit av dei store verka som er skrivne i moderne norsk romandikting.

Barbra Ring er ei av dei som også skriv om begge Bufast-romanane. Hennar melding om *Kvinnor ropar heim* vart publisert 24. oktober 1935 i avisa Nationen. Meldinga opnar med ”Tarjei Vesaas fortsetter sin ypperlige bok om livet på gården Bufast” (Ring, 1935, s. 3). Ring kommenterer at første del av boka er ”[...] som en eneste romslig barselseng” og ”hver side av boken lukter av gro, av kvinnemelk og våte bleier og sur svette” (Ibid.). Ho meiner likevel at

boka er likanes, og at romanen viser ein sterk og naturleg samhandling mellom jorda og garden. Vidare trekker ho fram at menneska i romanen blir skildra sterke, enkle og sanne. ”Moster og Signe er kvinneskikkelse så levende og rike og store i sin verden, så tydelege at de virkelig er til ‘å ta og føle på’ ” og ”menneskene skifter. Bufast står fast” (Ibid.). Avslutningsvis rosar Ring både *Kvinnor ropar heim* og *Det store spelet*.

Vesaas har med disse to Bufast-bøkene skrevet en bondelivets bibel, stordragen og enkel som det gamle testamentes slektsavler. Om byfolk uten jord i blodet vil skjønne dem tør jeg ikke si noe om. Men at alle, som gjennom mange, mange slektsledd bærer jorden i sig og som aldri kommer løs av den, selv om de driver hjemløse omkring på dens ytterside, bare med en evig lengt tilbake til den, vil komme til å elske disse bøkene, det er jeg viss på. De vil bli en slags ”midtstad” i litteraturen, som Bufast-tunet er det for alle teiger og åkrer og skog rundt gården (Ibid.).

Sigrid Undset har, i likskap med Barbra Ring, lese og skrive om begge romanane. Undset meldar *Kvinnor ropar heim* i Tidens Tegn den 22. November i 1935, og startar med å rose Vesaas og hans talent. Vidare poengterer ho at sjølv om både livsvilkår og samfunnskikkar har forandra seg og skifta mange gonger på ein gard, så er ”forholdet mellom jorden og jordbrukeren er vesentlig det samme, om formene endrer sig, han er muldtrelen og jorddrotten – sommetider kjennes han sig mest som det ene, andre ganger som det annet” (Undset, 1935, s. 7). Undset tar opp tråden frå *Det store spelet* og gjer eit poeng ut av at ”det er nok sånn at for barnet eller den unge kan det kjennes som en dom fra først av: her skal du leve all din dag” (Ibid.), men at den som bøyer seg for dommen skal få erfare at garden er ein god stad å vere. Undset trekker også her inn at på garden har det vore fleire generasjonar, og fleire før Per har nok følt på mykje av det same.

Det er noe av det mest beundringsverdige i denne boken – hvordan Vesaas får hvert enkelt menneske til å være en person for sig selv, de voksne og alle barna lever hver sitt eget liv, de er alene og de hører sammen. Om de oplever omtrent det samme, så må hver eneste en av dem oppleve det for sig selv (Ibid.)

Sigrid Undset kommenterer naturens rolle i romanen, og korleis Vesaas skildrar denne på ein måte som er full av løyndommar. Undset avsluttar meldinga med ”her taler virkelig naturen – sitt eget språk, ikke menneskeordenes, men inderlig forståelig for sinnet og sansene og til folk hvis ve og vel og sorger og gleder avhenger av at de lever med naturen og lærar av den” (Ibid.). Ho er ei av få som kommenterer naturens rolle i romanen, og får her fram kva for ein viktig rolle naturen har for menneska på garden Bufast også i *Kvinnor ropar heim*.

I samtidsresepsjonen til *Kvinnor ropar heim* er det spesielt tre aspekt som blir synlege. Det første er at det kan verke som at dei fleste kritikarane ser på *Kvinnor ropar heim* som eit naudsynt tilskot til *Det store spelet*, slik Olav Vesaas føreslår. I meldingane frå Knut Coucheron Jarl, Rolv Thesen og Barbra Ring kjem det fram at dei ser romanane samla som ei eining. Thesen og Coucheron Jarl er tydelege på at *Kvinnor ropar heim* ikkje når same høgdar som *Det store spelet*. Det andre aspektet er tanken om mjølk og barselsrus, der Sverdrup Lunden, Coucheron Jarl, Thesen og Ring kommenterer at det blir litt for mykje av det gode. Det tredje aspektet som resepsjonen syner er at naturen, som stod så sterkt i den første romanen og samtidsresepsjonen av den, ikkje blir nemnt på lik linje når det gjeld *Kvinnor ropar heim*. Her er det Sigrid Undset som utmerkar seg og gjer eit poeng ut av at naturen er like så viktig i denne romanen som i forgjengaren. Ho trekker fram at det er som om naturen har eit eige språk, og dette er ein tanke som også kan trekkast fram i ein økokritisk analyse, og spesielt med eit blikk på den materielle økokritikken. Undset skriv også om korleis slekta blir ført vidare på garden. Gardens behov har gått føre individets behov i årevis, og dette er noko eg kjem til å forfølge og sjå nærare på i kapittel fire i denne oppgåva. For å samanfatte samtidsresepsjonen for *Kvinnor ropar heim* kan ein seie at det er ei sympatisk lesing, og sjølv med lovord av romanen kjem det til syne at *Det store spelet* blir satt noko høgare.

2.3 Seinare forskning på *Det store spelet* og *Kvinnor ropar heim*

Både *Det store spelet* og *Kvinnor ropar heim* vart begge møtt av begeistring og god kritikk i samtidsresepsjonen. Romanane har fortsett å bli lese av både nye og gamle lesarar, og dei har blitt lese på mange ulike måtar opp gjennom åra. Den norske forfattaren og kritikaren Ragnvald Skrede las og skreiv om *Det store spelet* i 1947 i forbindelse med Tarjei Vesaas sin 50-årsdag då han gav ut biografien *Tarjei Vesaas* (1947). Skrede trekker fram korleis Vesaas skildrar jorda i romanen, og ser den i samanheng med ein annan stor jord-roman, Knut Hamsuns *Markens Grøde* (1917).

Saman med ”Markens grøde” er vel ”Det store spelet” den intimaste bok om bondens gjerning i heile den norske litteraturen. ”Markens grøde” har mange herlege parti og mange kunstnarlege føremuner for ”Det store spelet”. Men ”Det store spelet” vinn. Nybrottsstemninga og kjærleiken til rykande fersk jord er liksom sterk her – det finst ikkje i heile ”Markens grøde” eit vakrare bilete av skyldskapen mellom mann og jord enn t.d. det vesle glimtet av Eilev Bufast som legg seg ”rak-lang” i molda ved sida av pløgen medan hesten kviler. Ein kan òg nemne eit anna lite glimt: Ein gong kjem

Gulen og legg hovudet ned på aksla til Eilev medan han sit og kviler (Skrede, 1947, s. 126).

Skrede les romanen som ei sameining av barneskildring og gardspoesi, og meiner at det er dette som gjer boka til eit meisterverk. Det er menneske og jord som er viktig, og ”Per blir vaksen på same tid som han blir glad i jord” (Skrede, 1947, s. 125). Skrede framhevar at dette nok er den beste boka Vesaas har skrive, og sjølv om han har ”[...] nådd høgare med dei tre symbolske romanane etter krigsutbrotet, [...] er ‘Det store spelet’ på ein underleg måte liksom sjølve *boka* til Vesaas” (Ibid.). Skrede meiner at denne romanen ikkje er ein realistisk roman, i det han kallar for vanleg meining. Derimot viser han til at mange scener er skildra med realistisk kraft, og at romantikk og realisme går hand i hand (Skrede, 1947, s. 126).

I seinare forskning har dei to Bufast-romanane blitt lese både som realistiske bondegardsromanar, og som vitalistiske idéromanar. I forskinga på *Det store spelet* og *Kvinnor ropar heim* etter 1980 har det vist seg å vere to ytterpunkt. Det eine ytterpunktet blir representert av den norske litteraturvitaren, kulturhistorikaren og professoren Ole Martin Høystad. På den andre sida finn vi den sveitsiske litteraturforskareren Walter Baumgartner. Dei to ytterpunktene tydeleggjer to ulike posisjonar, og ”det Baumgartner kallar for ‘tvangssosialisering’, kallar Høystad å ‘bli glad i garden’” (Vassenden, 2012, s. 383). I 1977 skreiv Baumgartner artikkelen ”Det store spelet og Blut und Boden. Mystikk og kritikk i Bufast-bøkene av Tarjei Vesaas” der han meiner dei to romanane minner om den tyske Blut und Boden-litteraturen som var nazistisk. Baumgartner hevdar at det som hindrar at Vesaas skilr heilt ut politisk er at det ligg ein motstand mot den mystikken som finst i Blut und Boden-litteraturen i Vesaas sine Bufast-bøker. Baumgartner identifiserer temaet i bøkene som danning på ein gard, han stiller seg i motsetning til ein idealistisk-psykologisk lesemane, der bøkene blir oppfatta som ei skildring av barnets ”sinn” og utvikling (Baumgartner, 1977, s. 579). I *Det store spelet* veks Per opp og tar ”gardens lov” innover seg. Han ”[...] underkastar seg denne lova, som han – eller forfattaren? – på mystisk vis oppfattar som ‘livets evige, store spel’” (Ibid.). Ole Martin Høystad skreiv i 1980 artikkelen ”Bygdeverdiar i ‘Det store spelet’ av Tarjei Vesaas”. I denne artikkelen gjer Høystad eit poeng ut av at Baumgartner ser på danninga som undertrykkande, heller enn utviklande og frigjerande (Høystad, 1980, s. 485). Høystad definerer danning som ei ”[...] internalisering av normer, det vil kort seie personleg tileigning av reglar for framferd, veremåtar og tenkjemåtar i eit bestemt miljø eller i ei bestemt sosial gruppe” (Høystad, 1980, s. 486). Han trekker fram at det er normene til

odelsbøndene, altså bøndene som eig jorda si sjølv, som er gjeldande i *Det store spelet*. Høystad meiner at gjennom dannelsingsprosessen har Per oppdaga verdiane i oppvekstmiljøet og blitt glad i det som er rundt han. Han har "[...] teke eit eksistensielt standpunkt: Det er *her* eg høyrer heime. Det er *rett* av meg å bli buande her og aktivt halde dei lokale verdiane i hevd. Det er *her* eg kan yte noko til beste for fellesskapet" (Høystad, 1980, s. 495).

Baumgartner identifiserer trettiåra som den vitalistiske fasen til Tarjei Vesaas, og Coucheron Jarl finn "vitalistisk livsmystikk" i dei to romanane (Baumgartner, 1977, s. 580). Dei er ikkje åleine om å tenke dette, og Eirik Vassenden skriv om *Det store spelet* og *Kvinnor ropar heim* i *Norsk vitalisme – litteratur, ideologi og livsdyrking 1890-1940* frå 2012. Vassenden meiner at gards- og slektsromanane til Vesaas frå 1930-talet er ganske openbart vitalistiske (Vassenden, 2012, s. 373). Han argumenterer for at den første romanen også aksepterer den aksepten Per sjølv kjem fram til i romanen, og at "[...] *Det store spelet* slik sett kan leses som et forsvar for en grunnleggende jordmystisk, immanenssøkende dyrking av livskraftene" (Vassenden, 2012, s. 386). I sin lesing av romanen trekker Vassenden fram menneskesynet til Vesaas, i likskap med Baumgartner. Mjølka blir nemnt som ein markør for livet og reproduksjon på garden. Vassenden skriv at menneska blir karakterisert ut frå deira kroppslege funksjonar, som dyr, der levedyktighet og forplanting står høgt oppe på lista (Ibid.). Det er det funksjonelle livet som blir viktig i romanens univers, og dette står i samanheng med vestleg tenking om kjønnsfunksjonalisme og rollefordeling mellom kjønna. Vassenden er også ein av dei som trekker fram far i sin lesing av *Det store spelet*, og skildrar han som eit halvmenneske (Vassenden, 2012, s. 376). "Han oppsøker isolasjonen, velter seg i jorden og *er* også dels jord" (Ibid.). Tankar om far og jord har vi sett tidlegare i resepsjonen. Det at Vassenden ser på far som jord, er noko som er i tråd med økokritisk tenking og noko som eg kjem til å diskutere vidare i kapittel fire.

Steinar Gimnes er også ein av dei som nemner Eilev Bufast i si lesing av *Det store spelet* i boka ... *angen frå vår stutte tid. Ein studie i Tarjei Vesaas' forfatterskap* (2013). Gimnes skriv at "når den skadde og sjuke Eilev Bufast har latt sin eigen villskap knekke seg, i ei sterk scene der jorda har vorte fienden hans, har han ikkje andre eksistensielle verdiar å falle tilbake på. Utan arbeidsevnene er livet meiningslaust" (Gimnes, 2013, s. 286 – 287). Det kjem tydeleg fram at jorda står i eit viktig forhold til far, og det er også med på å definere forholdet mellom far og son. Steinar Gimnes meiner *Det store spelet* er ein problematisk dannelsesroman, der vilkåra ikkje ligg til rette for at Per skal gå gjennom eit vellykka

danningsforløp (Gimnes, 2013, s. 286). Gimnes skriv vidare at det også finst ein vitalistisk horisont i *Det store spelet* og ser dette opp mot at kvinnene byrjar å føde på slutten av romanen. I *Det store spelet* er dette knytt til

[...] eit forteljenivå som både framstiller den vitalitiske straumen som styrande, og som ser omkostningane av denne vitalismen; ser alt det som vitalismen overskrid av personlege verdiar og ønske. Det uhyggelige i dette ligg på eit latent nivå i romanteksten, som vil bli underkommunisert om vi les romanen som ein klassisk dannelsingsroman. Når for eksempel mor til Per Bufast har vorte enke, hamnar ho utanfor og blir kritisk til den vitalitiske rusen som Per Bufast er i, og som tyder at alt må gå ustansleg vidare utan etisk, eller eksistensiell refleksjon. Liv og død er underlagt 'det store spelet', som den vitalitiske straumen blir kalla i denne romanen (Gimnes, 2013, s. 291).

Avslutningsvis skriv Gimnes at det er ei forventning som ikkje blir forløyst i *Det store spelet*, og at det er ei spenning mellom "[...] ei vitalistisk forståing og ei oppleving av rommet som fjernt og framand og utan meining for individet" (Gimnes, 2013, s. 293). Dette viser oss at i den seinare forskinga har fokuset i stor grad sett på romanane som dannelsingsromanar, og som vitalistiske idéromanar.

2.4 Avsluttande tankar knytt til resepsjonen av *Det store spelet* og *Kvinnor ropar heim*

I denne framlegginga av resepsjonen til *Det store spelet* og *Kvinnor ropar heim* har eg vist korleis romanane vart tatt imot i samtida, og korleis dei har blitt forska på seinare.

Resepsjonen viser at romanane har vore lest på ulike måtar på 1930- og 1940-talet samanlikna med 1970- og 1980-talet og på 2000-talet. Dei første lesingane frå samtida syner ei meir sympatisk lesing enn den kritiske lesinga som kjem på 1970-talet med Baumgartner.

I samtida fekk begge romanane gode kritikkar av dei fleste som las dei. Det er tydeleg i resepsjonen av *Det store spelet* at jord og livet på garden, det store spelet, blir trekt fram av mange. Det er stort fokus på natur og jord i samtidsresepsjonen av *Det store spelet*. Dette er moment som eg kjem til å forfølge vidare i kapittel fire, og moment som passar godt inn i ein økokritisk tankegang. Når det gjeld *Kvinnor ropar heim* er naturfokuset mindre, og det er barselsrusen som blir trekt fram av både Vesaas sjølv, samt kritikarane i samtida.

Samtidskritikken av dei to romanane var i stor grad sympatisk, sjølv om fleire, inkludert forfattaren sjølv, var inne på at *Kvinnor ropar heim* er ein noko svakare tekst enn *Det store spelet*. Samla sett blir likevel verka sett på som stor diktarkunst i samtida.

Den seinare resepsjonen har vore meir kritisk, og på 1970- og 1980-talet kom særleg to posisjonar til syne i forskinga på dei to Bufast-romanane. Baumgartner si lesing av romanane problematiserer den harmoniske lesinga frå tidlegare, og han meiner det trengst å rehabilitere Vesaas mot slutten av artikkelen sin. Baumgartner vil ikkje godta myten om ”det store spelet”, og meiner at den einaste måten han kan godta *Det store spelet* er om han prøver å ”[...] visa at Vesaas sjølv i teksten la inn teikn på kritisk avstand til den ideologiske myten om ‘det store spelet’” (Baumgartner, 1977, s. 590). Baumgartner nyttar seg av marxistisk teori og ”[...] den formen for ‘tilpassingssosialisering’ som gårdsamfunnet foreskriver, er i utgangspunktet (med Marx og Freud) identifisert som negativt (Vassenden, 2012, s. 384). Her trekker Vassenden fram at Baumgartner brukar ulike teksteksempel når han skriv om dei to romanane, der ”[...] alle eksempler på ambivalens og psykologisk uro er hentet fra *Det store spelet*, mens eksemplene på ‘reaksjonære’ trekk – animalisering av kvinner og avlsekstase – er hentet fra *Kvinnor ropar heim*” (Vassenden, 2012, s. 385). Baumgartner er ein av dei som vil ofre *Kvinnor ropar heim* for å redde *Det store spelet* (Ibid.). Høystad på si side les romanane som ein identifikasjon av norsk bondesamfunn, der ”tilpassingssosialiseringa” er ein naudsynt prosess av livet som odelsgut på ein gard. I følge Vassenden har Høystad eit poeng når han skriv at det vil oppstå ein del konflikhtar når ein vel å lese romanar som har skildringar frå eit preindustrielt bondesamfunn ut i frå ein marxistisk ståstad i 1977, der både menneskesyn og diskurs ber preg av eit meir industrielt samfunn (Ibid.).

På 2000-talet finn vi vitalistiske strøymingar med Eirik Vassenden og Steinar Gimnes som begge har lese Bufast-romanane med blick på livskreftene. Det viser oss at både Gimnes, Vassenden og Baumgartner er einige om at trettiåra er ei vitalistisk fase i Vesaas sitt forfattarskap. Men der Baumgartner meiner at han må rehabilitere Vesaas, meiner Vassenden at Vesaas ”[...] selv tar den eneste mulige konsekvens og endrer perspektivet radikalt i senere tekster, som også bærer preg av at Vesaas har sett [...] den villskap som ikke kan tåles” (Vassenden, 2012, s. 404). Den vitalistiske lesinga av romanane er nok den som er nærast ei økokritisk og økofeministisk lesing, og livskreftene er eit tema som går igjen både i vitalismen og økokritikken.

Det er spesielt nokre fellesstrekk som går igjen i alle lesingane av *Det store spelet* og *Kvinnor ropar heim*. Naturen, forholdet far har til jorda og barselsrusen blir nemnt av fleire uavhengig av når dei las romanane. Dette er tankar som eg har tenkt å følge vidare i analysedelen av

denne avhandling, og måtane romanane har blitt lese på leiar opp mot den lesinga eg kjem til å gjere. I resepsjonen og forskinga av romanane så langt manglar denne type blick, og ei økokritisk og økofeministisk lesing kan vise nye sider ved romanane. Det næraste ein kjem økokritikken i forskinga er nok Eirik Vassenden og Steinar Gimnes sine vitalistiske lesingar av romanane. Dei livskraftene som blir skildra og fokusert på her, samt det funksjonelle synet på menneske og kjønn er moment eg diskuterer i kapittel fire. I tillegg til det vitalitiske blikket vil eg påstå at det finst tendensar til tidleg økokritikk i den samtidige resepsjonen, her utmerker spesielt Sigrud Undset sine tankar om *Kvinnor ropar heim seg*. Ho gjev naturen eit eige språk og understrekar korleis menneska på garden lever med naturen og lærer av den. I min analyse av romanane kjem eg til å vere i dialog med forskinga som har blitt gjort tidlegare, og eg kjem til å diskutere både med Høystad og Baumgartner, som innehar to ulike posisjonar i forskinga.

3. Teori

I denne delen av oppgåva presenterer eg økokritikk og økofeminisme som litteraturteoretiske felt med fokus på dei omgrepa som vil vere sentrale i mine lesingar av *Det store spelet* og *Kvinnor ropar heim*. I samtidsresepsjonen har det blitt peika på forholdet mellom jord og menneske, og Sigrid Undset kommenterer den viktige rolla naturen har for menneska på garden. Dette er forhold eg har lyst til å undersøke vidare i analysen og ei skildring av den teoretiske bakgrunnen vil vera naudsynt for diskusjonen. Romanpersonane si tilhøyrse til garden kjem fram gjennom samspelet med naturen, og ved å anvende økokritikk og økofeminisme som teoretisk rammeverk vil det kunne opne seg nye perspektiv på dei to romanane frå 1930-talet.

Eg byrjar med eit historisk overblikk som dannar ein bakgrunn for det vi i dag kallar økokritikk. Her er Cheryll Glotfelty og Greg Garrard sentrale teoretikarar. Vidare introduserer eg økokritikk, og definerer omgrepet. Eg ser også på kva natur og dyr betyr i eit økokritisk perspektiv, då dette er sentrale tema å undersøke når det gjelder *Det store spelet* og *Kvinnor ropar heim*. Nokre omgrep som er viktige innanfor økokritikk er antroposentrisme, antropomorfisme og zoomorfisme. Til slutt i dette kapittelet ser eg på djupøkologi og økofeminisme. Den økofeministiske litteraturteorien handlar i stor grad om korleis kvinner blir sett på i forholdet til natur og kultur, noko som passar godt til forskingsspørsmålet mitt om kjønn og natur. Både gjennom økokritiske og økofeministiske teoriar er det perspektiv som belyser nye sider ved romanane, og viser korleis eldre verk kan innehalde aktuell lærdom for klima- og miljøsituasjonen vi har i dag.

3.1 Historisk bakteppe

Tidlegare har verda vore prega av ein framtidsoptimisme når menneske har underlagt seg landområde, sivilisert urfolk, utvikla industri som har ført til nyvinningar, kome opp med ny teknologi som har effektivisert jordbruket og i seinare tid drive med oljeutvinning. Utviklinga har ført med seg økonomiske gevinstar, mindre arbeid for betre utbytte og det som har blitt omtalt som framsteg. Ein skal ikkje meir enn hundre år tilbake i tid før ein finn ei tid der industrialisering av jordbruket og teknologiske nyvinningar som forandra kvardagen til folk flest var sett på som ei positivt utvikling. Den nye kvardagen førte til nye metodar i jordbruket, som igjen førte til at det trongst færre folk til å gjere jobben. Det vart difor ei markant befolkningsvekst i byane, og i 1920 budde 42 prosent av Norges befolkning i byar

eller tettstadar, til forskjell frå 29 prosent i 1890 (Myhre, 2015). Dette var ein stor kontrast til det livet som menneska hadde levd på gardane og bygdene, og for nokre, som familien på Bufast, var den moderne utviklinga noko som verka langt vekk. I dag lever vi midt i den moderne verda, og for menneska i dag er eit jordbruk utan maskiner ein stor kontrast til masseproduksjonen som er skapt. Det er i dag tydelege avtrykk etter mennesket på heile kloden vår. Det finst knapt ein plass i verda som ikkje er påverka av menneskeleg aktivitet. I lang tid har mennesket sett seg sjølv over andre artar. Som skissert innleiingsvis i denne avhandlinga har det i dag starta å gå opp for oss kva desse framstega har betydd for kloden vår, og at det som tidlegare har vore sett på som ei positiv utvikling visar seg å vere katastrofalt for klima og miljø. Det dukkar heile tida opp nye konsekvensar og miljøproblem som følge av menneskeleg påverknad. Dei siste åra har vi sett større økologisk medvit på grunn av dette og vi ser ei framvekst av forskning på fleire felt som omfattar store klima- og miljøspørsmål.

Mennesket påverkar miljøet og klimaet i større grad enn nokon gong tidlegare, og det er difor ikkje overraskande at den nye geologiske epoken vi har gått inn i har fått namnet, *den antropocene tidsalder*, som kan omsetjast til menneskets tidsalder. Dette omgrepet vart først tatt i bruk av Paul J. Crutzen i 2002 i essayet "Geology of mankind". Crutzen gjer eit poeng ut av at menneskets effekt på miljøet har eskalert dei siste hundreåra, og "it seems appropriate to assign the term 'Anthropocene' to the present, in many ways human-dominated, geological epoch" (Crutzen, 2002). Det blir sagt at den antropocene tidsalderen starta på slutten av det 18. hundreår, når "[...] analyses of air trapped in polar ice showed the beginning of growing global concentrations of carbon dioxide and methane" (Ibid.). Mennesket har i dag stor innflytelse på heile kloden, og vi kan sjå spor etter menneskeleg aktivitet på stadar der mennesket aldri har vore. "The human imprint on the global environment has now become so large and active that it rivals some of the great forces of Nature in its impact on the functioning of the Earth system" (Steffen, Grindevald, Crutzen og McNeill, 2011, s. 842). Økokritikaren Timothy Clark skriv og at den antropocene tidsalderen har blitt den epoken i jordas historie der menneske påverkar naturen meir enn nokon gong. Det ironiske er at på same tid viser naturen seg som enda farlegare og meir uførseieleg enn nokon gong (Clark, 2014, s. 79). Thomas Hylland Eriksen gjev ei samanfating av debatten om antropocenen i Vagant i 2016, og illustrerer noko av det same som Clark.

I vår tid er naturen i en viss forstand kollapse inn i kulturen. Snarere enn å være kulturens truende Andre, blir naturen nå tvert imot fremstilt som skjør og svak, truet av kulturen og med et sterkt behov for beskyttelse fra omsorgsfulle mennesker som er seg bevisst sitt ansvar for hele planeten. Samtidig slår naturen tilbake gjennom uforutsigbare og ofte dramatiske klimaendringer, tørke og flom, merkelige temperatursvingninger [...] og irreversible prosesser som truer med å gjøre hele planeten ugjestmild for mennesker” (Eriksen, 2016).

Vi kan ikkje leve i ein illusjon om at mennesket er aktivt og naturen er føyeleg, noko dei menneskeskapte klimaendringane viser. Eriksen gjer vidare eit poeng ut av at ”naturen” ikkje har intensjonar og eigen agens, men at menneskeleg aktivitet på planeten skapar biverknadar som både er langsiktige og konsekvensrike, utan at vi heilt og fullt klarar å forstå omfanget av dette. Omgrepet antropocen har satt i gong ein, ”[...] eller kanskje gjenopplivet, en av de store samtalene om hva det vil si å være menneske og hvor planeten er på vei, og den krysser grenser å måter som kan vise seg å være intellektuelt fruktbare” (Ibid.).

3.2 Økokritikk: Introduksjon og opphav

I takt med dei menneskeskapte klima- og miljøproblema har interessa for økokritikk auka og som forskingsfelt har det fått stadig betre fotfeste innanfor litteraturvitskapen. På slutten av 1900-talet fekk klima- og miljøspørsmål meir merksemd i media, og ein kunne finne artiklar om olje, hol i ozonlaget og spådommar knytt til global oppvarming. Miljø og klima var likevel ikkje typiske emne i dei store produksjonane i den litterære verda på den tida. I boka *The Ecocriticism Reader* frå 1996 har Cheryl Glotfelty og Harold Fromm undersøkt og kartlagt litterær økologi, og boka er sentral innanfor økokritisk forskning. Glotfelty viser at det var lite miljøbevisst litteraturkritikk på slutten av 1900-talet.

If your knowledge of the outside world were limited to what you could infer from the major publications of the literary profession, you would quickly discern that race, class, and gender were the hot topics of the late twentieth century, but you would never suspect that the earth’s life support systems were under stress. Indeed, you might never know that there was an earth at all. In contrast, if you were to scan the newspaper headlines of the same period, you would learn of oil spills, (...), a U.S. president declaring the 1990s “the decade of the environment” and a world population that topped five billion (Glotfelty, 1996, s. xvi).

Sjølve omgrepet økokritikk vart ikkje brukt før i 1978, av William H. Rueckert i artikkelen ”Literature and Ecology: An Experiment in Ecocriticism”, med mål om å utforske litteraturens økologi. Økokritikken starta omtrent samstundes i USA og England og utvikla

seg nokså ulikt. I England gav Jonathan Bate ut ein studie i 1991 som fekk namnet *Romantic Ecology: Wordsworth and the Environmental tradition*. Han fokuserte på eldre romantiske tekstar frå 1800-talet, som mange andre økokritikarar i England har gjort etter han. Det var særleg pastoral- eller hyrdediktingsjanganen som var sentrale. I USA gav litteraturforskarer Lawrence Buell ut *The Environmental Imagination* i 1995. I den amerikanske økokritikken var fokuset retta mot verk som vart kalla for "Nature Writing" der den urørte villmarka var i sentrum og vart skildra som urørt av mennesket (Claudi, 2013, s. 243-244).

Sjølv om økokritikken først vart eit forskingsfelt på slutten av 1900-talet, kan vi finne økokritiske tendensar i litteraturen i Noreg lenge før dette. Allereie i Tarjei Vesaas si samtid er det mogleg å finne diskusjonar som handlar om miljø, natur og det vi i dag ville karakterisert som økokritikk. I 1937 skreiv den norske forfattaren Mikkjel Fønhus om denne problematikken i essayet *Maskinkulturen og fjellbonden*. Der uttrykker han sin misnøye med den moderne teknikken, som han meiner er ein mote. Han karakteriserer teknikken som den "røde djevel" og "[...] at det som gjelder er ikke å slå op døra for djeleven, be ham vær så god komme inn og sette sig i høgsetet. Det som gjelder er tveritmot å stenge ham ute så godt det lar seg gjøre" (Fønhus, 1937). Fønhus skriv varmt om Gro Holms roman *De hvite kull* (1936) som skildrar korleis ein fabrikk øydelegg ei bondebygd, og at romanen burde vore trykt opp i ein million eksemplar. Ein ting Fønhus er tydeleg opptatt av er at ungdommen må vite at det finst andre verdiar i livet enn maskiner, og at den ekte lykke ikkje er materialistisk lykke. Når ein ser på Mikkjel Fønhus si haldning med dagens auge ville vi kunne karakterisert den som økokritisk. Hans haldning kan minne om Timothy Mortons teori om mørk økologi, som står i motsetning til ein lys og optimistisk økologisk tankegang. Timothy Morton definerer mørk økologi, eller dark ecology, i boka med same namn *Dark Ecology. For a Logic of Future Coexistence* frå 2016. "What is dark ecology? It is ecological awareness, dark-depressing. Yet ecological awareness is also dark-uncanny. And strangely it is dark-sweet" (Morton, 2016, s. 5). Denne tanken om økologisk medvit er ikkje ny, og Sissel Furuseth skriv at "dagens økofilosofar pløyer ikke upløyd mark" (Furuseth, 2020, s. 39). Dei tidlege økokritiske tankane som fantes hos Fønhus, og tankar som har vore knytt til at naturen ikkje er stabil og passiv er ikkje nye tankar. I artikkelen "Intellektuell kolonisering av naturbegrepet" frå 2020 skriv Sissel Furuseth om korleis naturomgrepet ikkje er noko nytt. Ho argumenterer for at ein del teoretikarar og akademikarar avleiar merksemda frå dei eigentlege problema i verda. Furuseth skriv vidare at Timothy Morton og hans mørkegrøne innsikt i *The Ecological Thought* (2012) viser den store avstanden mellom omgrep og verkelegheit (Furuseth, 2020, s. 38). "[...]

Morton har muligens de beste intensjoner, men den akademiske konkurransen om å finne de beste ordene for materiens og fenomenenes sammenvevethet, virker temmelig ørkesløs. Jeg er redd begrepsarbeidet virker mot sin hensikt” (Furuseth, 2020, s. 39). Furuseth viser her at teoriretningar kan gløyme den verkelege verda, og at det syner at heile konseptet med økokritikk ikkje er nytt. Dette ser vi blant anna hos Vesaas i Bufast-romanane der det finst tankar som minner om perspektiva frå Fønhus, og som viser oss at det fantes økologisk medvit lenge før omgrepet vart til.

3.3 Definisjon av økokritikk

Det var altså først på 1990-talet at økokritikk vaks fram som eit eige forskingsfelt, sjølv om vi finn tendensar i tidlegare litterære diskusjonar, både i Noreg og i utlandet. Økokritikk handlar om ulike perspektiv på menneskets forhold til den ikkje-menneskelege naturen. Glotfelty forklarar økokritikk som

Simply put, ecocriticism is the study of the relationship between literature and the psychical environment. Just as feminist criticism examines language and literature from a gender-conscious perspective, and Marxist criticism brings an awareness of modes of production and economic class to its reading of texts, ecocriticism takes an earth-centred approach to literary studies (Glotfelty, 1996, s. xviii).

Økokritikarar stiller spørsmål om ikkje andre artar enn menneske blir fortrennd og gløymd i litteraturen, på same måte som andre litteraturteoretiske retningar set spørsmålsteikn ved om det finst menneske som blir fortrennd og gløymd i litteraturen. Glotfelty identifiserer typiske økokritiske måtar å lese ein tekst på som at ein ser etter korleis dei fysiske omgjevnadane spelar ein rolle for handlinga og korleis metaforane som blir brukt påverkar måten vi tenker og behandlar naturen på (Glotfelty, 1996, s. xix). Økokritikken ser på verda som ” [...] the entire ecosphere” (Ibid.). I økokritikken er ikkje verda avgrensa til det menneskelege, her blir det laga rom for at verda inneheld meir enn dette. Økokritikk er eit breitt felt med fleire underkategoriar, som økofeminisme, materiell økokritikk og dark ecology. Dei fleste økokritikarar unngår ein generell og universell gjeldande definisjon på omgrepet økokritikk. Det som er viktig, uansett kva for eit teoretisk og metodisk standpunkt ein har, er å setje miljøspørsmål i sentrum (Buell, sitert i Vakoch, 2012, s. 9). Greg Garrard nyttar ein brei definisjon av feltet i boka *Ecocriticism*, ”Indeed, the widest definition of the subject ecocriticism is the study of the relationship of the human and the non-human, throughout human cultural history and entailing critical analysis of the term ‘human’ itself” (Garrard,

2012, s. 5). Når vi seinare i oppgåva nærar oss Vesaas-romanane er det særleg forholdet mellom den menneskelege naturen og den ikkje-menneskelege naturen blir som ein sentral del av diskusjonen.

Eit kjenneteikn som difor er grunnleggande i økokritikk er forholdet mellom litteratur og det fysiske miljøet, og forholdet mellom det menneskelege og det ikkje-menneskelege. Glotfelty forklarar det som eit gjensidig avhengnads- og påverknadsforhold mellom natur og kultur. Naturen er med på å sette rammene for menneskelege handlingar, samstundes som at desse handlingane verkar inn på naturen (Glotfelty, 1996, s. xix). Store delar av økokritikken handlar om ulike perspektiv på menneskets forhold til den ikkje-menneskelege naturen, og det er aktuelt å lese både nye og eldre verk med nye auge. Med ei økokritisk tilnærming kan ein undersøke menneskets forhold og sjølvforståing knytt til det ikkje-menneskelege, både i notid og fortid. Framveksten av økokritikk er med på å få oss til å erkjenne at menneske ikkje lenger står i ein posisjon der vi kan utnytte naturen slik det gagnar oss best. Henning Howlid Wærp gjer eit poeng ut av at det i økokritikken er sentralt å undersøke framstillinga av og interaksjonen med staden eller settinga handlinga utspeler seg på. ”Tidligere har setting i litteraturen gjerne vært betraktet først og fremst som en bakgrunn for menneskelig drama. Økokritikerne vil i større grad fokusere på naturopplevelsen og/eller den praktiske kunnskapen som er knyttet til setting (Wærp, 2018, s. 28). Når ein les tekstar med eit økokritisk blikk ser ein difor på korleis naturen kan vere meir enn ein bakgrunn for det som skjer for handlinga og menneska i tekstane.

3.4 Natur og dyr

Å studere forholdet og relasjonane mellom den menneskelege og den ikkje-menneskelege naturen er eit grunnleggande trekk ved økokritisk litteraturteori. Det er difor naudsynt å undersøke kva som meinast med natur innanfor økokritikk. Omgrepet natur er omdiskutert, og det er ulike haldningar og førestillingar knytt til natur. Det å kome fram til eit eintydig svar er nærast umogleg med tanke på at naturen kan vere så mykje, og blir definert på ulike måtar innanfor økokritikken. Martin Gregersen og Tobias Skiveren gav i 2016 ut boka *Den materielle drejning. Natur, teknologi og krop i (nyere) dansk litteratur*. I denne boka gjev dei ei innføring i materiell økokritikk som i stor grad handlar om å undersøke og utforske om materien i seg sjølv har betydning. Gregersen og Skiveren fokuserer på at materien sjølv er aktiv og har eigen handlingskraft. Naturen er ikkje lenger ein passiv og manipulerbar

bakgrunn for menneskets handlingar og ønsker (Gregersen & Skiveren, 2016, s. 24). Vi menneske har ein tendens til å tenke på omgjevnadane våre som nettopp passive, med unntak av katastrofar som flom, jordskjelv og vulkanutbrot, som er alt anna enn passiv natur. Gregersen og Skiveren tenker på naturen som ein ytre materie, der naturen er noko som oppstår av seg sjølv og utan menneskeleg innblanding, og som ikkje agerer på ein menneskeleg måte (Gregersen og Skiveren, 2016). Naturen kan vere sikker og usikker, fruktbar og destruktiv på same tid. Eit godt år kan gje oss eit overskot som vi kan hauste av og lagre som framtidige ressursar, medan dårlege år gjev oss mindre av det vi treng frå naturen. Vi er alle påverka og bunden til naturen, på godt og vondt, noko dei også er på garden Bufast i *Det store spelet* og *Kvinnor ropar heim*.

Å studere forholdet mennesket har til andre artar er også ein viktig del av økokritisk litteraturteori. I dei to Bufast-romanane blir dette forholdet synleg på fleire måtar, både gjennom det tette forholdet til hestane på garden og tanken om nytteverdi hos produksjonsdyra. Greg Garrard skriv om forholdet mellom dyr og menneske, og at dette forholdet innanfor humaniora blir delt mellom dyr i eit historisk og eit kulturelt perspektiv, og ein filosofisk diskusjon knytt til dyrs rettigheitar. I introduksjonen til boka *Exploring the animal turn* forklarar redaktørane, Erika Andersson Cederholm, Amelie Björk, Kristina Jennbert og Ann-Sofie Lönnngren kva *the animal turn* er.

In general, this turn entails recognition of the fact that human and animal lives have always been entangled and that animals are omnipresent in human society both metaphorical and practical, material levels. Animals play a crucial role in cultural metaphors, myths, and identity-making, in which they function as objects of both fear and desire. But they are also physically present in human homes and workplaces, and in local as well as global economics (often via forced labor) (Cederholm, Björk, Jennbert & Lönnngren, 2014, s. 5).

Menneske- og dyreliv inngår i eit komplekst forhold, og måten menneska behandlar og handlar med dyra er ofte paradoksalt. På 1930-talet i Noreg, den tida Bufast-romanane vart gitt ut, var dyra synlege på garden og dei var ein viktig del av kvardagen. Mange av gardane var sjølvforsynte med mjølk, kjøt og andre varer som korn og grønsakar på den tida. Dyra var viktige reiskap for å skaffe mat, og spesielt hesten var ein viktig arbeidspartnar før maskiner vart allemannseige. Dei andre dyra på garden hadde sin nytteverdi i produksjon av kjøt og mjølk. På garden Bufast fungerer dyra også som ein type identifikasjon for Per, der han samanliknar menneske og dyr på garden. ”Humans can both be, and be compared to, animals.

There is, [...], an extensive ‘rhetoric of animality’, as Steve Baker calls it, which is as functional in description of human social and political relations as it is in describing actual animals” (Garrard, 2012, s. 153). Menneske kan altså både vere dyr, og bli samanlikna med dei, og begge desse perspektiva er synlege i dei to Bufast-romanane. Menneska på garden blir også målt etter nytteverdi og evne til reproduksjon for å føre garden vidare. I dei to Bufast-romanane er det spesielt kvinnene som blir animaliserte, og dette kjem tydelegast fram i *Kvinnor ropar heim*, og er noko eg diskuterer meir i kapittel fire.

3.5 Antroposentrisme, antropomorfisme og zoomorfisme

Ei haldning som blir meir og meir utbreidd i dagens samfunn er det som heiter antroposentrisme. Greg Garrard definerer antroposentrisme som ”a system of beliefs and practices that favours humans over other organisms” (Gerrard, 2012, s. 206). I stor grad handlar antroposentrisme om at menneske set seg sjølv over andre artar, og naturen blir eit middel for mennesket, framfor noko som har verdi i seg sjølv. Mange menneske brukar i dag naturen til glede, rekreasjon og for storslåtte opplevingar i fjellet, skogen og ved sjøen. Dette blir ei antroposentrisk handling, for sjølv om ein set pris på naturen og gler seg over den, så brukar ein likevel naturen som eit middel for mennesket, og ikkje som noko som har verdi i seg sjølv. Vi har også tankar om at vi må beskytte menneske frå klimaendringane og tankar om korleis vi skal redde naturen for å redde oss sjølv. Igjen får vi ei antroposentrisk handling der omsyn til menneske blir sett før omsyn til naturen. Ein kan difor, med eit antroposentrisk blikk, seie at menneske ikkje ser på seg sjølv som ein del av naturen, men som noko som er åtskilt frå naturen og som har høgare rangering i verda. Gjennom vår kulturelle bakgrunn og samfunnet vi er vaksen opp i har denne haldninga blitt naturleg for oss.

Antroposentrismen er tett knytt saman med det litterære verkemiddelet antropomorfisme som vi finn i ulike typar litteratur. Vi ser på naturen som noko som har menneskelege eigenskapar og vi finn menneskelege trekk hos til dømes ting, stadar og dyr som ikkje har menneskeleg intensjon (Iovino & Opperman, 2021, s. 82). Dette fører til dømes til at vi, på grunn av vår kulturelle bakgrunn og kunnskap, automatisk ser menneskeleg agens og menneskeleg intensjon hos dyr. I mange barnebøker er antropomorfisme eit kjent verkemiddel, og vi finn til dømes grisar og bjørnar som kan snakke, har menneskelege behov og bur i menneskelege hus. Greg Garrard definerer antropomorfisme som ”traditionally pejorative term for sentimental presentations of non-humans with human characteristics. Anthropomorphism may simply

misrepresent animals, but it can also involve the knowledgeable and careful use of familiar term to describe homologues behaviours in species which we are related” (Ibid.). Garrard understreker dette med eit eksempel på det han kallar for ”crude anthropomorphism” i delfinars smil, der delfinane har fått kulturell heltestatus, sjølv om vitskapelege funn viser noko anna. Garrard siterer Grandin som skriv ”[...] dolphins are big-brained animals who commit gang rape, brutal killings of dolphin “children” and the mass murder of porpoises” (Grandin and Johnson, 2005, s. 152, sitert i Garrard, 2012, s. 155). Smilet til delfinen er altså ikkje eit smil, men det permanente uttrykket i ansiktet til delfinen, som ”[...] which we have misrecognised base upon human experience” (Garrard, 2012, s. 155). På den andre sida finn vi zoomorfisme, som vil seie at menneska får dyriske trekk. Gerrard definerer zoomorfisme som ”representation of humans as animals. Zoomorphism has historically been used to condemn people or races as being ‘like animals’, and its popular meanings remain largely pejorative” (Garrard, 2012, s. 209). Zoomorfisme har ein tendens til å redusere mennesket til noko dyrisk, noko som ofte viser eit maktforhold. Sissel Furuseth trekker i artikkelen ”Fugleskrift”, frå 2017, fram ei scene frå Henrik Ibsen sitt stykke *Et dukkehjem* frå 1879, der Torvald Helmer kallar Nora for sin lerkefugl. Dette er eit døme på zoomorfisme, der

Kjælenavnet som forvandler Nora til lerke er nok godt ment fra Torvalds side; det viser til hennes gledespredende evner. Men Nora selv opplever det etter hvert som reduserende at hun ikke får utfolde seg som det mennesket hun ønsker å være (Furuseth, 2017, s. 12).

Denne type bruk av zoomorfisme har ofte slik verknad, at menneska blir redusert til noko dyrisk, noko som igjen viser eit makthierarki på fleire nivå. Først og fremst kan det vere ein type hersketeknikk og ein måte å vise makt overfor andre menneske, og på den andre sida er det ein måte å vise makt overfor dyra. Her blir nemleg dyra forbundet med ein viss type eigenskapar, som ikkje nødvendigvis stemmer overeins med korleis dyret eigentleg er.

3.6 Djupøkologi

Som ein motpol til antroposentrismen finn vi djupøkologi, utvikla av den norske filosofen, forfattern og miljøaktivisten Arne Næss. Djupøkologi bygger på økologi, men er eit meir radikalt syn enn allmenn økologi. Økologi er ein vitskap som handlar om kva naturen er og korleis samspelet mellom ulike artar føregår. Økologi er studiet mellom variasjon i ulike artar og populasjonars utbreiing, og årsakene til denne variasjonen i utbreiing og mengde (Ratikainen, 2021). Økologi er ein verdinøytral vitskap, på lik linje som fysikk og kjemi, og

økologisk kunnskap kan til dømes hjelpe oss å forstå korleis eit varmare klima vil påverke ulike økosystem (Ibid.). Det miljøfilosofiske perspektivet djupøkologi meiner at menneske må tilpasse seg naturen, og at alt liv har verdi i seg sjølv. Allereie i 1972 skreiv Arne Næss om djupøkologien som har som mål å sette miljøet i sentrum, og er difor økosentrisk, til forskjell frå antroposentrismen som set mennesket først. I 1976 gav Næss ut verket *Økologi, samfunn og livsstil: Utkast til en økosofi* der han skriv om økologiske spørsmål som har filosofiske sider og filosofiske spørsmål som har økologiske sider. Økosofi er frå Arne Næss si side meint å vere eit normativt perspektiv. Han definerer og brukar ordet økosofi som ”et filosofisk grunnsyn, totalsyn eller system som er *inspirert av* livsforholdene i biosfære, særlig slik de fremtrer i økologi, innbefattet økologisk orientert sosialantropologi” (Næss, 1976, s. 23). Ein ting som er grunnleggande i økosofien er at livet ikkje treng å knytast til noko religiøst for å ha mening. I djupøkologien blir det hevda at det ikkje er noko klart skilje mellom menneske og natur. ”Dypøkologien har langsiktige mål, i motsetning til den grunne og sosiale økologien, som er antroposentrisk, arbeider ut fra kortsiktige mål og ikke ser nødvendigheter av å bryte radikalt med rådene praksis og tenkemåter” (Vold, 2019, s. 386). Djupøkologien ønsker å beskytte naturen frå mennesket og at mennesket skal ha stor respekt for miljøet.

I Lawrence Buell sine tidlege verk finn vi ei djupøkologisk haldning. Buell skreiv i 1995 boka *The Environmental Imagination. Thoreau, Nature Writing and the Formation of American Culture* der han skriv at for at tekstar skal vere økokritiske, såkalla ”environmentally oriented work”, må tekstane følge nokre fastsette kriterium (Buell, 1995, s. 7). Det første kriteriet er at det ikkje-menneskelege miljøet må vere til stades som noko meir enn berre ei ramme for menneskeleg aktivitet. Det andre er at det ikkje berre er menneskelege behov som skal stå som det einaste legitime i teksten. Det tredje kriteriet er eit etisk mål for å halde menneske ansvarlig for miljøet og det fjerde er at naturen blir framstilt som ein prosess, ikkje noko som er statisk eller gitt (Buell, 1995, s. 7-8). Ein skal altså ikkje isolere menneske frå naturen, eller gjere menneske til det verdimesseige sentrum for ein tekst. Tonje Vold kommenterer akkurat dette i *Å lese verden. Fra imperieblikk og postkolonialisme til verdenslitteratur og økokritikk* i 2019. Vold meiner at slike statistiske og normative kriterium som Buell identifiserer gjer at mange litteraturforskarar blir kritiske. Litteraturen i seg sjølv vil alltid overskride slike forenklande lesemåtar (Vold, 2019, s. 387). Dette er noko eg ønsker å komme tilbake til avslutningsvis i denne avhandlinga, og sjå om *Det store spelet* og *Kvinnor ropar heim* passar

inn i nokre av dei fastsette kriteria til Buell, eller dei overskrider desse kriteria, men likevel kan lesast med eit økokritisk blikk.

3.7 Økofeminisme

Økofeminisme oppstod på midten av 1970-talet som ein politisk og akademisk bevegelse. Omgrepet økofeminisme er samansett av økologi og økofeminisme, og er ein underkategori til det breie feltet økokritikk. Økofeminisme meiner at kvinneundertrykking og miljøødeleggingar er knytt saman, og ser på miljøproblematikken frå eit kjønnsperspektiv. Omgrepet vart første gong brukt i 1974 av Françoise d'Eaubonne i essayet *Le Féminisme ou la mort*. På 1970-talet var det likevel få litteraturkritikarar som nytta seg av dette perspektivet, men relaterte idear vart diskutert innanfor andre humanitære og sosiale studium (Vakoch, 2012, s. 10). Antropologen Sherry B. Ortner var ei av dei som utforska dette i artikkelen "Is Female to Male as Nature is to Culture?" i 1972. Ortner drøfter her om den universelle devalueringa av kvinner i forhold til menn kan blir forklart ved å anta at kvinner blir sett på som nærare naturen enn menn, og at menn blir sett på som nærare knytt til kulturen (Ibid.). Denne dualistiske verdsopfatninga finn vi også hos Simone de Beauvoir. I boka *The Second Sex* frå 1949 skriv ho om korleis kvinner blir sett på som mannens "andre", noko også tittelen indikerer. "Humanity is male, and man defines woman, not in herself, but in relation to himself; she is not considered an autonomous being" (Beauvoir, 2015, s. 7). I eit dualistisk verdssyn vil vi finne par som mann/kvinne og kultur/natur, der den sistnemnte i para blir sett på som den "andre", altså den som blir vurdert ut i frå noko anna enn seg sjølv. På same måte finn vi par som dag/natt, god/vond og venstre/høgre, der "no group ever defines itself as One without immediately setting up the Other opposite itself" (Beauvoir, 2015, s. 8). Beauvoir skriv at kvinna "[...] determines and differentiates herself in relation to man, and he does not in relation to her; she is inessential in front of the essential. He is the Subject; he is the Absolute. She is the Other" (Beauvoir, 2015, s. 7). Carol J. Adams og Lori Gruen gav ut antologien *Ecofeminism* i 2014 og tar for seg sentrale tema innanfor økofeminisme. Dei skriv også om eit dualistisk verdssyn, der

Ecofeminists identify dualistic thinking (that creates inferior others and upholds certain forms of privilege as in the human/animal, man/woman, culture/nature, mind/body dualism) as one of the factors that undergirds oppression and distorts our relationship with the earth and other animals (Adams & Gruen, 2014, s. 3).

Gjennom eit dualistisk verdssyn vil menneske forstå sin plass og sin posisjon gjennom disse kulturelt skapte rammene. Ved å plassere kultur før natur tilkjenner vi kulturen og det menneskeskapte høgare verdi. Det same gjer ein ved å plassere mannen før kvinna, og dette blir kalla *androsentrisme*, som vil seie å sette mannen i sentrum. Denne typen dualisme "[...] distinguishes men from women on the ground of some alleged quality such as larger brain size, and then assumes that this distinction confers superiority upon men" (Garrard, 2012, s. 26). Mannen blir difor sett på som ein som har høgare verdi enn kvinna, og kvinna blir sett på som mannens "andre".

Økofeministisk litteraturteori handlar i stor grad om å undersøke korleis ulike tekstar framstiller menn, kvinner og natur i relasjon til kvarandre. Økofeminisme kan "[...] be broadly understood as politically engaged discourse that analyzes conceptual connections between manipulation of women and the nonhuman" (Buell, Heise & Thornber, 2011, s. 425). Carol J. Adams og Lori Gruen har undersøkt korleis menneske stiller seg til andre artar i eit økofeministisk perspektiv. "Ecofeminism addresses the various ways that sexism, heteronormativity, racism, colonialism, and ableism are informed by and support speciesism and how analyzing the ways these forces intersect can produce less violent, more just practices" (Adams & Gruen, 2014, s. 1). Adams og Gruen hevdar at økofeminisme er meir aktuelt no enn nokon gong tidlegare, og det er relevant å lese verk med fokus på korleis relasjonar mellom kjønn og natur blir framstilt.

Ecofeminist theory provides ethical guidance to challenge inequities arising along racial, gendered, and species boundaries. At a time when human violence and encroachment as well as climate change threaten to permanently alter the earth, with devastating consequences for all the animals and plants that make this planet home, the insights of ecofeminists are more important now than ever. (Adams & Gruen, 2014, s. 5).

Det er også aktuelt og sjå korleis dette har kome fram i tidlege verk, og hos Vesaas kan ein problematisere og tematisere kjønn i begge *Bufast*-romanane. Dette perspektivet kom også fram i resepsjonen med Mimi Sverdrup Lunden, som skreiv at det ikkje var vanskeleg å sjå at scenene som var knytt til mjølk og barsel i *Kvinnor ropar heim* var skriva av ein mann. I *Kvinnor ropar heim* er kjønnsperspektivet tydeleg gjennom akkurat dette Sverdrup Lunden peiker på. I *Det store spelet* finst det ein tilsvarande kjønnsdimensjon, men den er ikkje så eksplisitt.

I boka *The Creation of Patriarchy* frå 1986 skriv Gerd Lerner at i nesten 4000 år har kvinner levd eit liv som et skapt under ”paraplyen” patriarkat. Dette omgrepet blir forstått som eit forhold mellom ei dominerande gruppe, som er overlegen, ei underordna gruppe. I ein patriarkalsk familie vil dette seie at ansvar og forpliktingar ikkje er likt fordelt (Lerner, 1986, s. 217-218). I patriarkalsk tradisjon er det sentralt at det er mannen som skal vere den dominerande i familien. Lerner skriv vidare at

[...] the male children’s subordination to the father’s dominance is temporary; it lasts until they themselves become heads of households. The subordination of female children and of wives is lifelong. Daughters can escape it only if they place themselves as wives under the dominance/protection of another man” (Lerner, 1986, s. 218).

Patriarkatet har tradisjonelt vore uproblematisk, og har blitt naturleg. Mannen er den som styrer, og sonen går inn i den same rolla når han blir eldre. Kvinna på si side er underordna sin far i oppveksten, og flyttar så inn til ein mann og blir hans kone, og kjem under den same dominansen. Å vere den som har makta kan vere ein god posisjon å ha, men det kan også vere ein byrde. Hos Vesaas i dei to Bufast-romanane har kvinne og mann eigne område som dei dominerer. Der mannen er ute og er ein fjern far, er kvinna heime og er nærare barna. Sjølv om kvinnene kjem til garden for å bli mannens kone er det ikkje dermed sagt at dei blir underordna han på alle områder. I mi lesing ser eg på korleis dette kjem til syne i *Det store spelet* og *Kvinnor ropar heim*.

3. 8 Teoretisk relevans i dei to Bufast-romanane

Når vi no skal over i nedslaga i dei to Vesaas-romanane kan vi sjå korleis omgrepa som er skissert her kan brukast til å diskutere korleis økokritiske perspektiv kjem til syne i romanane. For å kunne undersøke menneska sitt forhold til natur, dyr og kjønn vil økokritisk og økofeministisk teori gje dei naudsynte verktøya til den vidare analysedelen av romanane. Økokritikken og økofeminismen vil leie oss inn i ein diskusjon som handlar om menneske, natur og kjønn, og kjønnsroller på Bufast. Omgrep frå den materielle økokritikken, skissert her med Gregersen og Skiveren, kan hjelpe oss å forstå forholdet mellom menneskeleg og ikkje-menneskeleg natur, og korleis naturen kan vere både ein ressurs og ein destruktiv kraft på same tid. Som nemnt er økokritikk eit relativt nytt forskingsfelt, og eg kjem difor til å sjå kva for tendensar til tidleg økokritikk som allereie finst i romanane.

4. *Det store spelet og Kvinnor ropar heim* – ei økokritisk og økofeministisk lesing

4.1 Introduksjon

I denne delen av oppgåva har eg gjort ei nærlesing av dei to Bufast-romanane, *Det store spelet* (1934) og *Kvinnor ropar heim* (1935). Det er fleire element i romanane som omhandlar natur og kjønn, samt det store spelet på garden og alt som skal til for at ein gard skal gå rundt. Slik eg les romanane spelar naturen ein viktig rolle for menneska på garden. Menneska har naturen i bruk og nyttar seg av dei ressursane naturen tilbyr som trengs for å overleve og drive gard. Gjennom dette prosjektet undersøker eg korleis Tarjei Vesaas skildrar forholdet mellom natur og kultur, og mellom kjønn og natur i dei to romanen, samt om det er garden og naturen som har menneska i bruk, eller omvendt. Eg rettar eit særleg blick på den menneskelege og den ikkje-menneskelege naturen og korleis denne interaksjonen blir skildra med moglegheiter og problem.

I dette kapitlet gjev eg først eit handlingsreferat med fokus på dei scenene og nedslaga eg kjem til å forfølge vidare i analysedelen. Eg undersøker og diskuterer dei to romanane med eit komparativt blick. Opningsscena i *Det store spelet* er ei av dei scenene som blir viktig i denne analysen, og det er ei scene som tar for seg fleire av momenta i forskingsspørsmåla mine, spesielt med tanke på kjønn. Eg har trekt fram scener der dyr og menneske blir skildra i samanheng med kvarandre. Hesten er særleg viktig i romanane, og i det preindustrielle gardslivet, noko som kjem til syne i avhandlinga mi. I resepsjonen vart forholdet til far, og forholdet far har til jorda trekt fram både i samtidsresepsjonen og i seinare forskning. Dette er noko eg kjem til å sjå nærare på, og spesielt forholdet far har til jord. Det er ikkje mange scener frå livet utanfor garden, noko som gjer at det blir sentralt å undersøke akkurat desse scenene for å finne ut kva som gjer at dei avviker frå resten av handlinga. Avslutningsvis i dette kapitlet vil eg drøfte i kva for ein grad garden sjølv kan reknast som hovudpersonen i romanane, noko som forsterkar kontinuiteten og den sirkulære komposisjonen i romanane.

4.2 Handling og struktur i dei to Bufast-romanane

Handlinga i *Det store spelet* og *Kvinnor ropar heim* finn stad heime på garden Bufast og områda som høyrer til garden, ved elva, i nybrotet og skogen. Somme stunder beveger

handlinga seg utanfor dei trygge rammene heime på garden, til bygda og til byen. Per veks opp i ei tid med krig, sjukdom, og det kjem stadig fleire bilar på vegane, utan at dette forstyrrar livet på garden. Dei to Bufast-romanane følger ein lineær kronologi, og vi følger Per frå barndom til vaksenlivet. Handlinga følger årstidene og det same skjer år etter år. Kontinuiteten i naturen blir livet på garden, og det at det same skjer år etter år blir, i følge Høystad, ikkje framstilt som noko negativt.

Oppatt-takingane gjev barnet ei kjensle av *tryggleik*. Sidan arbeidet på garden går i sirkel med stadige oppattakingar, får Per ei kjensle av at han kan meistre omgjevnadane. Han veit på førehand kva som vil skje. [...] Etter kvart gjev oppattakingane også Per ei visse om at han høyrer med i det store spelet, om at han er med i den store livssyklusen mellom vår og haust, sommar og vinter, liv og død. (Høystad, 1980, s. 493).

Ved fleire høve blir denne oppattakinga poengtert i romanane, og gardslivet endrar seg ikkje berre fordi nokon er sjuk eller døyr. Baumgartner skriv at det er ein medviten haldning frå forfattaren si side å ha ein forteljarstruktur utan framdrift i.

Bøkene er som ei kule som seint blir rulla frå kapittel til kapittel. Men alltid, same kva spesielle aspekt kapitlet har, er heile kula, heile livet på Bufast med. Og mange, mange gonger får vi sjå kula i same posisjonen, berre eitt eller tjue år seinare i tidsstraumen (Baumgartner, 1977, s. 585).

Handlinga strekker seg frå Per er seks år gamal i *Det store spelet* til han er vaksen og har fått barn og til slutt barnebarn i *Kvinnor ropar heim*. Romanane har begge ein todelt komposisjon som representerer ulike epokar i livet til Per. I *Kvinnor ropar heim* er meininga med livet avklart for Per, og nye arvetakarar er kome på garden. Sirkelen er fullført, og livet på garden er ” [...] underlagt den evige kontinuiteten i årstidene, og eit overindividuell livsprinsipp med fødsel, liv og død som eit mektig, tidlaust spel” (Baumgartner, 1977, s. 580).

I Bufast-romanen ligg fokaliseringpunktet hos Per, og vi har ein intern fokalisering og sansar handlinga gjennom Per. Forteljaren er tett på Per, og dette gjer at lesaren ser handlinga gjennom Per sine auge, som i starten er eit barneblikk. Ved å la oss sjå handlinga gjennom barneblikket opnar det for at lesaren ser det Per gjerne tar for gitt. Vi veit ofte meir enn Per, og via hans auge blir vi merksam på moment som vi elles ville ha tatt for gitt sjølv. Både Per og forteljaren viser større evne til å identifisere seg med det mannlege dyret i romanane, medan det kvinnelege dyret blir observert og betrakta med eit anna blikk. Måten forteljaren

og Per ser på forholdet mellom menneske og dyr i narrativet er med på å problematisere dei funksjonelle evnene til både menneske og dyr, og spesielt sett i samanheng med kvarandre, noko eg kjem tilbake til seinare i denne analysedelen.

4.2.1 Det store spelet

Det store spelet er delt inn i to delar på 24 og 23 kapittel. Den første delen har fått namnet *Du skal vera på Bufast all din dag* og den andre delen heiter *På Bufast skal du finne alt du treng*. Begge delane av romanen har fått titlar som er sentrale for handlinga i delen, og er sitat frå far på garden, Eilev Bufast. I del ein opplever Per usikkerheit, og kjempar ein kamp mot sin rolle som neste ledd i rekka av jordforvaltarar på Bufast. Han slit med å forsone seg med tanken på at han alltid skal vere på Bufast. I del to gjennomgår Per derimot ein gradvis forandring og aksept av denne rolla han har fått som ein tung dom av sin far.

Du skal vera på Bufast all din dag

Den første delen av romanen, *Du skal vera på Bufast all din dag*, handlar om barndommen til Per. Han bur på garden saman med far, mor, moster og dei to småbrørne, Botolv og Åsmund. Per er seks år når vi først møter han og romanen startar med at det blir født ein kalv på garden. Mor lagar råmjølkspannekaker og Per tenker at også mor er full i mjølk. Far blir skildra som jord. Far gjev tidleg Per den store dommen, ”du skal vera på Bufast all din dag” (T. Vesaas, 1978, s. 17), og allereie her blir tittelen knytt til handlinga i romanen. Denne dommen tynger Per i åra som kjem og lesaren følger Per gjennom barndomsåra. Per føler seg mykje åleine på garden, då Åsmund er for liten til å leike og Botolv ikkje er heilt som alle andre. Per søker etter vennskap og møter Åsne sommaren før han skal byrje på skulen. Ho blir fort kjær for han, og ”no bar han Åsne med seg i tankane. Ho høyrde heime mellom tinga hans no” (T. Vesaas, 1978, s. 34). Per møter att Åsne på skulen, saman med venninna hennar Signe Moen. Per trivst på skulen, og ein dag plantar Åsne ein tanke hos han. Sidan Per gjer det godt på skulen kan han bli prest, noko Per ser på som ei moglegheit til å sleppe unna sin bestemde skjebne. Etter kvart blir det vanskeleg å vere saman med jentungar for Per, og han finn han som blir hans næraste ven, Olav Bringa.

Den neste sommaren blir sommaren, som for Per, blir kjent som ”sommaren hans Botolv” (T. Vesaas, 1978, s. 61). Ein regnverskveld overhøyrer Per mor og far snakke saman, ”ja, Botolv livnar nok ikkje opp, sa ho, han er visst ferdig til å døy i morgon dag” (T. Vesaas, 1978, s.

63). Per kvepp til, og ”i det same såg Botolv på Per med auga vide av redsle” (Ibid.). Per er fylt med ein veldig kjærleik til Botolv, sjølv om han lenge har vore redd for auga hans, ”auga som *visste* – slik auge i dei vaksne gjorde” (Ibid.). Per held rundt Botolv natta etter, og Botolv døyr i armane hans.

Når Per blir ti år er han gamal nok til å gjete sauene, og somrane framover går til nettopp dette. Vi følger Per gjennom somrar med sauer, venskap med Olav, haust og skulegong i storskulen. Per forstår meir og meir, blant anna kor viktig mora er på garden. Han skjønner at når klede er sunde eller nokon treng mat er det mor som ordnar. ”Det gjekk opp for Per at det var mor som stod bak dette. Det var *sjølve dagane* som gjekk gjennom hendene til mor og vart ordna der innan dei kom til folk flest” (T. Vesaas, 1978, s. 97). Per innser at utan mor på garden så ville alt ha stansa opp. ”Henne måtte det aldri hende noko, slik at ho *ikkje* var der” (T. Vesaas, 1978, s. 98).

Årstidene går sin gong, og livet på garden følger etter. Per er med far og moka vegar når det er vinter og snø. Han veit at det blir kravd av han, sjølv om ingen seier det høgt. Per byrjar å bli eldre, og han merkar sjølv at noko kjem til å bli annleis dette året. Han legg plutselig merke til jentene i klassen på ein annan måte, og spesielt armane til Åsne. Hausten etter skriv Per seg inn for presten til konfirmasjon saman med Olav, Åsne og Signe. Per blir konfirmert i slutten av den første delen av romanen, og siste del av kapittelet er likt som første del av romanen. Det blir født ein ny kalv på garden, noko som markerer kontinuiteten og at livet på garden går sin vante gong, sjølv ved store hendingar som konfirmasjon.

På Bufast skal du finne alt du treng

Den andre delen av romanen har fått namnet *På Bufast skal du finne alt du treng*, og Per byrjar å bli vaksen. Han er konfirmert og skal starte på ein ny epoke i livet. Han er no dreng, og hjelper faren i nybrotet og køyrer vatn med hesten Gulen. Det er ein varm og tørr sommar, noko som fører til at ein stor del av buskapan må slaktast. Per blir difor spurd om å følge med handelsmannen Skrim, som drivar, når kyrne skal inn til slakt i byen. Dette fører til eit brot med det faste mønsteret romanen har følgd til no, og handlinga flyttar seg frå garden. Per er spent på turen til byen. ”Dur av vogner. Dur frå fabrikkar og møller. Høge skorsteinar, som velta ut svart røyk. Fullt av folk og fullt av butikkar” (T. Vesaas, 1978, s. 141). Byen står som ein kontrast til livet på garden og er ei av få scener der moderniteten viser seg.

Vaksenlivet får ein brå start for Per når far blir sjuk ein dag i nybrotet. Far må sitte i ro heile vinteren, og Per får stadig større ansvar. Han er i skogen med hesten og køyrer ved, og gjer det meste av arbeidet åleine. Den evige spelet på garden fortsett sin vante gong med tømmerhogst og tresking av bygg. ”Gardslivet endra seg nok ikkje fordi om Eiliv Bufast sat arbeidsufør og skulle døy. Det sveiv berre vidare” (T. Vesaas, 1978, s. 174). Moster, som har vore ein stor del av Per sitt liv gjennom oppveksten, har funne kjærleiken og skal gifte seg med Bjørn Moen, halvbror til Signe Moen. Det er Per som må bestemme om moster og Bjørn skal få sette opp hus på garden eller ei, ”det var i augneblinken liksom at Per stod og *tok mot garden*” (T. Vesaas, 1978, s. 184). Det er til glede for Per at moster og Bjørn blir buande på garden etter bryllaupet. Det går ikkje lang tid før dei får sitt første barn. Det skjer fleire hendingar i livet til Per som definerer framtida hans. Per møter Olav att. Han fortel at han skal gifte seg med Åsne om to år. På den måten er Åsne, som alltid har vore kjær, tapt for Per.

Det er som om Per har tatt over garden, og han må ta livet av oxen, ei oppgåve han føler tilhøyrar faren. Det går ikkje mange dagane frå den gamle oxen er skoten til det kjem ein ny okse på garden, og ”denne skulle også stå der og bli stor og far til hundrevis av skeivlande kalvar” (T. Vesaas, 1978, s. 201). Det er like før Per også kjem i ein situasjon der han plutseleg blir far til eit barn. Ved pinse blir han bedt på middag til Åsne og Olav og han piner seg gjennom ettermiddagen. På veg heim møter han på Randi Bratterud. Per føler seg full i angst og skulle helst ønske at han ikkje møtte på Randi. Likevel gjer han ting som han eigentleg ikkje meiner og ønsker, og sjølv om han ikkje er glad i Randi let han seg rive med. Til Pers store lette blir ikkje Randi med barn.

Mot slutten av romanen gjennomgår Per eit skifte, og forstår kor mykje Bufast betyr for han. Per og Olav drar vekk frå gardane og bygda for å gå eit halvt år på jordbruksskule. Skulen ligg ikkje så langt frå byen og representerer eit nytt brot med det daglege livet på garden. Per får atter ein gong oppleve bylivet, men kjenner plutseleg på ein heimlengsel han aldri har kjent på tidlegare. ”Eg vil heim, der er ikkje noko som skremmer meg lenger. Eg er ikkje redd far lenger” (T. Vesaas, 1978, s. 221). Vel heime blir Åsmund konfirmert og reiser vekk på skule, og Olav og Åsne giftar seg og ventar sitt første barn. Per på si side føler at ”ein sjølv var i same staden” (T. Vesaas, 1978, s. 224). Han gjennomgår likevel ei stor indre forandring ved å skyte den trufaste hesten på garden, Gulen. Per innser plutseleg at det er rett for han å vere på garden og han godtar rolla han lenge har kjempa imot. Eiliv Bufast døyr og Per overtar offisielt garden. Det store spelet går vidare, og søster til Bjørn, Signe Moen, dukkar

opp på garden for å hjelpe moster. Utpå sommaren tenker Per at Signe er vakker og han innser at ”han hadde tenkt på henne alltid” (T. Vesaas, 1978, s. 240). Romanen endar med at dei to finn saman, og Per har funne alt han treng på Bufast, slik tittelen hintar til.

4.2.2 Kvinnor ropar heim

I *Kvinnor ropar heim* følger vi livet på Bufast vidare. Meininga med livet er avklart, og Per føler at han er på rett plass. ”Det var vel å kjenne seg glad det å kjenne seg med” (T. Vesaas, 1969, s. 14). *Kvinnor ropar heim* følger same struktur som forgjengaren sin, og er delt inn i to omtrent like lange delar. Den første delen har fått namnet *Barnsøl-bolken* og består av 36 kapittel. *Frigjering* er namnet på den andre delen av romanen som har 33 kapittel. I del ein blir Per og Signe foreldre, samstundes som moster og Bjørn får fleire barn. I den andre delen av romanen opplever Per ein ny type frigjering, og han har forsona seg med livet på garden.

Barnsøl-bolken

Kvinnor ropar heim opnar med at Per og Signe har gifta seg. Dei har flytta inn i hovudhuset på garden saman med mor til Per, som har fått tilnamnet enka. Moster, Bjørn og deira to barn bur i eit eige hus på garden. Åsmund bur i byen og studerer der. Per opplever at det er ein slags kulde rundt broren, men lånar han pengar mot pant i Bufast. Signe blir fort med barn, og Per tenker ”korleis vart ein då, når ein var far?” (T. Vesaas, 1969, s. 11). Ho har kome fort inn i rolla som gardskvinne, og ropar heim når Per er ute og pløyer jorda. ”Der kom det: - Heim! Velsigna rop. Velsigna den som ropar, og har stelt mat med bal og omsut” (T. Vesaas, 1969, s. 21).

På garden går reproduksjonen sin stadige gong, og oksen på garden får besøk av kyrne frå nabogardane. Oksen på garden blir far til barn kvar einaste dag. Per blir også far ein dag, og til stor glede og forundring blir det tvillingar. Ein gut og ei jente, som får namna Eilev og Gunhild. Per skjønar at det kjem til å bli krevjande, men ”Bufast med stort og smått var som før, det gjorde ikkje noka endring at Per var far til tvillingar” (T. Vesaas, 1969, s. 29). Det byrjar å gå opp for Per kva det kostar å vere herre på ein gard, og det er stadig noko som må betalast, enten det er ei tenestepike eller handelsmannen dei skuldar pengar. ”Det var tungt å vera mannen på garden, men ein vart med i mangt. Ein såg og måtte sanse uendeleg mange ting når ein var mannen på garden” (T. Vesaas, 1969, s. 42). Per tar seg også tid til å tenke på arbeidet kvinnene gjer på garden. ”Ein syntes garden var full av hender som vaska” (T.

Vesaas, 1969, s. 54). Per tenker på kor mange skitne skjorter han har slengt frå seg, og korleis det alltid er ei rein skjorte klar kvar sundag. Kvar laurdag lyser kjøkenbenken av kvitskura ved, og kvinnene går berre vidare til det neste som skal vaskast.

Dei fire barna på garden veks stadig, og skapar mykje glede. Moster blir gravid på nytt, og Olav og Åsne skal også ha eit barn til. Det tar ikkje lang tid før Signe også er gravid att. Ho får ei jente som får namnet Ingjerd. ”Ungar i lange banar! Tenkte ein. Det er laga som at det er styrlost” (T. Vesaas, 1969, s. 51). Ein dag skal Per passe tvillingane medan Signe har nokre ærend på heimgarden. Per må arbeide og stenger difor barna inne i stova. Ungane leitar etter mest mogleg gale å gjere. Dei opnar omnen og smørar sine nakne kroppar inn i sot. Når Per kjem heim, tidlegare enn han hadde tenkt på grunn av ei dårleg kjensle, kvepp han når han ser ungene sine. Han blir så sint at han risar dei, nett som hans eigen far gjorde i ein liknande situasjon.

Verda utanfor garden er lite forstyrrende for livet på garden. Det er små glimt som kjem til syne gjennom aviser som trugar med krig. ”Folket på Bufast las det og la det bort” (T. Vesaas, 1969, s. 102). Per set i gong med tømmerhogst for å minke gjelda, og brukar dei ekstra pengane han har til å legge inn telefon på garden. Åsmund kjem heim til garden på sommaren for å hjelpe til i slåttan, men er blitt ein framand. Han representerer eit anna liv, eit liv Per ikkje kan forstå. Det kjem fortsett til nye barn på garden, og moster får tvillingar, medan Signe får ein gut. ”Barnsølbolken var til ende” (T. Vesaas, 1969, s. 129) og både Per, Bjørn og Olav slår seg til ro med at ”no skulle det ikkje renne kvinnemjolk på Bufast på mange år” (T. Vesaas, 1969, s. 127).

Frigjering

På Bufast er livet som før, årstidene går sin vante gong, alle er på same staden og det blir arbeida i nybrotet og i skogen. Per og Bjørn har god nytte av nybrotet Eilev Bufast starta med i si tid når alle ungene treng mat. Dei to karane drøymar ikkje lenger om kvinner og fleire barn, desse draumane må vike for glede over kornåkrar, jordepleåkrar og høyløer. Kvinnene held på med sitt arbeid, og sit til langt på natt med syarbeid. Barna lagar liv og røyre som alltid. Krigen er over, men samstundes ”hadde ein herjande sjukdom teke til å fare frå land til land, og plukka ned folk som når laud drys ned or tre” (T. Vesaas, 1969, s. 153). Sjukdomen kjem også til Bufast. Dei fleste får sjukdomen og klarar seg fint. Knut, det eldste barnet til moster, døyr derimot av sjukdomen. Enka Ingjerd og vesle Ingjerd får sjukdomen samstundes.

Medan den eldre Ingjerd ikkje ønsker seg noko meir i livet, er det motsett for vesle Ingjerd som er redd for alt ho ikkje får oppleve. Sjukdomen blir for hard for dei begge, og to kister står ved sida av kvarandre på låven. Åsmund, som ikkje har vore heime på mange år, kjem heim frå byen for å vere med på gravferda. Åsmund og Per blir verande som framande for kvarandre.

Tida etter sjukdomen fyk forbi som før, og det handlar heile tida om meir mat, ”meir åker. Meir korn og mjøl i framtida. Meir mjøl” (T. Vesaas, 1969, s. 178). Sjølv om dei på garden er i same staden som alltid, er omverda i stadig utvikling. Det kjem stadig fleire bilar på vegane, og avisa kjem inn i stova med meiningar om alt mellom himmel og jord. Sjølv om det stadig kjem teknologiske framsteg med betre reiskapar, er det ikkje det som betyr noko på Bufast.

Ein var i same staden, og tente årstidene. Der ute ville det gå slik eller slik, som enden på all taling og roping og køyring – men den som skulle få jord til å bera grøde måtte gjera alt det han hadde gjort før. Ein kunne skaffe seg betre reiskap, men årstidene let seg ikkje endre på. Den som var komen riktig nær jorda kunne ikkje endre seg djupt *inni* seg (T. Vesaas, 1969, s. 182-183).

Det kjem gode og dårlege år, ein sommar med ”grøde som aldri før” (T. Vesaas, 1969, s. 185), etterfølgt av ein sommar utan regn. Barna byrjar å bli store og fleire av dei har blitt konfirmerte. Dette betyr meir arbeidskraft på garden, men det betyr også at fleire av dei må tenke på kva dei skal gjere vidare i livet. Det er ikkje plass til alle på garden, og tradisjonen tru er det eldste son som har odel.

Døden har vore ein sentral del av livet på garden og livet til Per heilt sidan han var liten gut, både når det gjeld menneske og dyr. No er det moster sin tur. Ho har blitt gamal og døyr stille og fredeleg etter å ha fått bodskapen om at eldstesonen ventar barn. Livet er i stadig kontinuitet og eit liv forsvinn medan eit anna kjem til. Det tar ikkje lang tid før også Per får bodskap om at eldstemann, Eilev, ventar barn. ”Per syntes no at han såg det som det *var*. Det var *ikkje* skremmande, og *ikkje* vondt å vera i same staden” (T. Vesaas, 1969, s. 253). Romanen endar med at dei tre karane, Per, Bjørn og Olav, ikkje lenger tørstar etter barn, men barnebarn. Dei er alle blitt godfedre, og ”runden var gjord” (T. Vesaas, 1969, s. 251). For Per er all tvil borte, og garden er den rette staden å vere. Her fann han alt han trong i livet.

4.3 Menneske, dyr og kjønn

4.3.1 Menneske og dyr

Det store spelet opnar med at det blir født ein ny kalv på garden, og allereie frå første scene kjem kjønnspektivet som følger i begge dei to romanane til syne. Det viser seg at det er ein stutkalv som blir født, og han må raskt bøte med livet. På lik linje som at det berre kan vere ein odelsgut på garden Bufast, kan det berre vere ein okse på garden.

- Var du burt og såg stuten! spurde Per millom bitane.

- Ja.

- Kann han ikkje få leva?

- Nei.

(T. Vesaas, 1978, s. 12)

Det er berre hokalvar som får vekse opp, og ta del i gardens fellesskap. Dette er noko far til Per er tydeleg på, og Per lærer frå tidleg barndom kva for strukturar som gjeld. Det er berre plass til ein mann på kvar gard. For å drive ein gard trengs det derimot fleire kyr, og hokalvane får difor vekse opp og bli ein del av mjølkeproduksjonen og reproduksjonen. Den unge Per, som nettopp har vore med på å ta imot stutkalven, samanliknar mor si med dei mjølkesprengde kyrne, "[...] han vart ståande og sjå med minsten saug. Mor er òg fylt med mjølk, tenkte han" (T. Vesaas, 1978, s. 11). Det er Per sine auge som ser mor, medan forteljarane arrangerer samanlikninga og etablerer frå første stund ei animalisering av kvinnene i romanen. Dette er eit mønster som går igjen, og i *Det store spelet*, og kanskje spesielt i *Kvinnor ropar heim* blir kvinnene skildra som kyrne, som fruktbare reproduksjonsmaskiner. Vassenden skriv at det kan vere vanskeleg å sjå kor skilje mellom dyr og menneske går i romanane, "[...] fordi disse nivåene går over i hverandre, både på et billedlig og på et mer grunnleggende ontologisk nivå" (Vassenden, 2012, s. 386). Kvinnene blir i størst grad identifisert som dyr, nærare bestemd som gardens kyr – "barnebærende eller oppfostrende eller ammende" (Vassenden, 2012, s.387). Ved å samanlikne menneska på garden med dyra i fjøset gjev dette eit signal om at menneska si oppgåve er å setje barn til verda. I *Det store spelet* blir det fleire gonger implisitt poengtert at det er plass til fleire kvinner på ein gard. Dei spelar ein viktig rolle på garden, noko også tittelen på *Kvinnor ropar heim* tilseier. Kvinnene kjem til garden som arbeids- og avlsdyr (Baumgartner, 1977, s. 586). Fleire kvinner er naudsynt for å få arbeidet gjort, og for å halde fellesskapet i gong. Dette er tydeleg når Signe kjem til garden. Moster har nettopp fått sitt første barn og treng hjelp til arbeidet, og dette blir Signe si oppgåve. Signe går fort inn i rolla, og dei er no tre kvinner på

garden. Det tar ikkje lang tid frå ho og Per giftar seg til reproduksjonen startar, eller avlen som Baumgartner foreslår.

Å samanlikne menneske og dyr er noko menneske har gjort lenge, og litterære verkemiddel som antroposentrisme og zoomorfisme er vanleg å finne i skjønnlitterære tekster.

Zoomorfisme er, i følge Greg Garrard, ein representasjon av menneske som dyr, og det er noko som har ein tendens til å redusere menneska til noko dyrisk (Garrard, 2102, s. 209). For Per blir det lettare å sjå både seg sjølv og dei andre på garden i forhold til dyra. Som Garrard skriv, kan menneske både vere og bli samanlikna med dyr, og det å bruke ein slik type retorikk er ofte like praktisk når ein skildrar menneskelege sosiale og politiske relasjonar, som når ein skildrar faktiske dyr. For Per blir det naturleg å sjå menneska rundt seg som dyr.

Forteljaren har innsyn i Per sine tankar, og hans barneblikk gjev uttrykk for hans personlege meiningar og tankar. Framstillinga av karakterane og dyra, og samanlikninga av menneske og dyr vil vere prega av ein subjektivitet frå Per. Med bakgrunn i at Per og forteljarinstansen har moglegheiter til å studere det kvinnelege dyret på ein annan måte enn det mannlege blir det kvinnelege dyret oftare identifisert enn det mannlege. Identifikasjonsstrukturen er meir komplisert for mennene, sidan det ikkje er rom for meir enn ein okse på garden (Vassenden, 2012, s. 387). Per er født inn i rolla som odelsgut, og skal bli den neste bonden på garden, og den neste faren.

Den gradvise sosialiseringen av Per til rollen som bonde er også en gradvis aksept for et spesifikt kjønnsyn. I bunn og grunn er det kvinnene og hunddyrene som representerer kontinuitet, mens mennene og hannene er belemret med spørsmålet om identitet: Det trengs kun én bonde, én jorddyrker (Vassenden, 2012, s. 388).

Per ser på sin eigen fruktbarheit og skaparkraft i spegelen av storoksen på garden, og slik som far til Per ikkje blir metta med jord, blir ikkje Per metta med barn (Ibid.). Her er det ein samanheng med korleis Per ser seg sjølv som oksen på garden med tanke på reproduksjon og kor mange kalvar oksen har vore med på å avle fram. ”Grendene var fulle av borni hans. Av safti hans var det avla hundra kyr som stod i gardane og vart mjølka. La ein det saman vart det *ein bekk* av kvit mjølk morgon og kveld her” (T. Vesaas, 1978, s. 245). Mjølka i romanane blir ein form for markør for både fruktbarheit og kontinuitet (Vassenden, 2012, s. 386). Det viser at det tidvis er ”[...] liten funksjonell forskjell på mennesker og dyr; det dreier seg om forplantning, og både ‘safti hans’ og morsmelken renner som en fri strøm” (Ibid.). Dette skiljet er spesielt vanskeleg for Per, og han samanliknar bror sin med kalven som nettopp vart

født, ”det rann mjølk i munnvikane på han, som på kalven i natt” og mor si med kua ”mor er òg fylt av mjølk, tenkte han” (T. Vesaas, 1978, s. 11) . Det at mor er fylt med mjølk blir tatt opp gang på gang av Per så lenge Åsmund er liten, og denne oppatt-takinga blir med vidare til *Kvinnor ropar heim* der moster og Signe er fylt med mjølk. Mjølka renn altså gjennom begge romanane, og i *Kvinnor ropar heim* er det nesten som ein ” [...] rein avlekonkurranse mellom mennene, som driver hverandre ut i en rusaktig tilstand av konkurranse om å få flest unger. Det er om å gjøere å øke gårde, målt i både jord og mennesker” (Vassenden, 2012, s. 386).

4.3.2 Kvinnene på garden

Kvinnene i romanen blir redusert til ”mjølk” og blir samanlikna med kyrne på garden medan dei ammar, og dette er også i tråd med korleis dei blir redusert til hendene når det gjeld arbeidet dei gjer. ”Mor, moster, Signe – dei hadde alle dei same slags hendene å två med. Det låg i dei” (T. Vesaas, 1969, s. 52). I *Det store spelet* er det mor og moster som har dei viktige rollene som kvinner på garden, noko som flyttar seg til moster og Signe i *Kvinnor ropar heim*. Signe har overtatt mor sin posisjon på garden, og både ho og moster vaskar, lagar mat og ordnar klede. Dei sit til langt på natt og syr slitte klede. Per tenker på desse hendene som aldri gjev opp.

Garden vart vaska av hender som aldri heldt opp i det arbeidet å gjera reint. Medan mennene gjekk ut av huset og ut på jordet og åkeren, og molda seg på hender og føter – så var det kvinnehender i sving heime med å lauge og skrubbe og vaske alt som let seg vaske. (...) I mange år hadde ein aldri tenkt noko meir over det. Det var som med å ande, og sova. Ein sette seg til bord og fekk rein matgogn. Når ein gjekk frå bordet bar allting merke av å vera brukt. Når ein kom neste gong var alt rein og usulka att (Ibid.).

Per anerkjenner dette usynlege arbeidet som blir gjort, men ikkje som arbeid som blir gjort av kvinnene, men av hendene. Ein kan difor seie at det er noko depersonalisert ved desse hendene, dei blir distansert frå kvinnene. Kvinnene i romanane får meining først i relasjon til mannen, enten ved reproduksjon eller stell av hus og heim for at mannen skal kunne utføre sine arbeidsoppgåver. Kvinnene ropar heim kvar dag, slik at mannen kan kome heim og få i seg mat før han går ut igjen og arbeider vidare i skogen, i nybrotet eller åkeren. Simone de Beauvoir er ei av dei som skriv om korleis kvinner som blir sett på som mannens ”andre”. ”Humanity is male, and man defines woman, not in herself, but in relation to himself; she is not considered an autonomous being” (Beauvoir, 2015, s. 7). Tanken om at kvinna er mannens andre kjem til syne i dei to *Bufast*-romanane ved fleire anledningar. Det blir

framstilt som at kvinna ikkje ville hatt meining utan mannen, og at mannen trengst for å drive garden. Dette gjeld både for kvinnene på garden, men også for kyrne på garden, som ikkje kunne utført sine oppgåver som mjølkekyr utan ein okse. Ortner stiller spørsmål ved denne devalueringa og om det kan forklarast ved at menn og kvinner har ulikt forhold til natur og kultur der mennene er tettare knytt til kulturen og kvinnene til naturen (Ortner, 1972).

Kvinnene blir ofte sett på som tettare bundne med naturen på grunn av den fysiske og sosiale rolla dei innehar med å gå gravid, føde og amme spedbarna. Mennene på si side har ein annan fysikk som gjer at dei lettare kan reise, jakte og vere med i aktivitetar utanfor heimen. Ein kan difor seie at mennene er nærare kulturen, for dei er ikkje fysisk bunden til heim og barn slik kvinner er. Gardsdrift er noko som er kulturelt vilkårsbunde, og kjem av kulturelle tradisjonar og skikkar. Mennene på garden er stadig i kontakt med naturen på ulike måtar gjennom eit år, ein kan likevel seie at dei også har ein stor plass i det kulturelle og at kvinnene er nærare naturen ut frå ein fysisk og kroppsleg ståstad. Det har også vore slik at kvinner og jorda er tett bunden saman då jorda ofte får tilnamnet *moder jord*. På 1500-talet vart det stadig brukt fleire metaforar for å forstå verda rundt, og i eit organisk perspektiv var "[...] the identification of nature, especially the earth, with a nurturing mother: a kindly beneficent female who provided for the need of mankind in an ordered, planned universe" (Merchant, 1996, s. 77). Det ligg altså tradisjonelt bunde i menneske at kvinner er nærare naturen, og mennene nærare kulturen, noko vi kan sjå allereie med Platon. Mennene har blitt identifisert med ånd og kvinnene med kropp.

I dei to Bufast-romanane stemmer dette til dels om ein tenker på det fysiske. Det er kvinnene som føder og fostrar opp barna som blir født på garden, noko som fører til at dei må vere meir i nærleiken av heimen. Dei er tett på naturen med tanke på fødsel og barselstid, og dei er kroppsleg nærare naturen. Mennene har tradisjonelt blitt identifisert med ånd. Menneses rolle på Bufast er annleis enn kvinnes med bakgrunn i at det berre er menn som har rett til å arve garden i tida romanane vart skrive. På den måten er mennene knytt til gardens identitet ikkje berre ved det fysiske arbeidet, slik som kvinnene, men også gjennom noko større enn dei sjølv, nærast noko åndeleg. Om ein ser vekk i frå denne tradisjonelle inndelinga, som absolutt kan fungere på Bufast, så meiner eg likevel at menn og kvinner er like nære naturen i romananes univers. Mennene drar på skogen for å hugge tømmer, jobbar i nybrotet og står på under onna. Dei gjer eit fysisk arbeid for å halde garden gåande. Dei har ein eigen kjærleik til naturen og jorda og dette trekker mennene ut gong på gong. Dette kjem særleg til syne gjennom karakteren Eilev Bufast. Når det ikkje er anna arbeid å gjere er Eilev i nybrotet sitt,

der han grev "[...] til han fekk ei rand av sveitte og jorrdust på leppene" (T. Vesaas, 1978, s. 12). Eilev sin kjærleik for nybrotet er det som gjer at Per og Bjørn kan produsere mat til alle ungane. Så der Eilev jobbar for fruktbarheit i nybrotet kan Per hauste av dette etter at han har sett sin fruktbarheit ein annan plass, nemleg i produksjon av barn. Samstundes er det ei tvungen kraft som trekker mennene ut i naturen, og det er nettopp det at dei må skaffe mat til familien. Naturen blir ein ressurs for menneska på garden, og desse ressursane er noko mennene fysisk hentar ut. Med tanke på dette vil eg difor seie at både menn og kvinner er like nære naturen i fysisk forstand i dei to Bufast-romanane. Gjennom kjærleik til naturen og fysisk arbeid overgår mennene det åndelege aspektet og den fysiske tilknytninga står høgst. Eg meiner difor at romanane går vekk frå dei tradisjonelle tankane om at kvinner er nærare natur, og menn er nærare kultur, men at det her blir likestilt.

4.3.3 Patriarkat og kvinnenens posisjon

I boka *The Creation of Patriarchy* (1986) viser Gerda Lerner til at kvinner lenge har levd eit liv under det vi vil karakterisere som patriarkat. Omgrepet viser til at ei gruppe er dominerande og overlegen, medan ei anna gruppe er underlegen og underordna. I teoridelen trakk eg fram at Lerner skriv at far og son ofte har eit forhold der far er overlegen og dominerande. Dette er noko som berre er midlertidig, og varar fram til sonen sjølv blir overhovud i sin eigen familie. For kvinner er det derimot annleis, og dominansen varar heile livet, først hos far og vidare hos ektemannen. I *Kvinnor ropar heim* trer Per, i følge Baumgartner, inn i den same rolla, og blir, som sin far, ein patriarkalsk bonde som tvinger barna sine inn i den same underkastinga og tilpassinga han sjølv var gjennom (Baumgartner, 1977, s. 579). Ein dag er det ei røyst som snakkar til Per, ei røyst som kjendes ut som Guds røyst. Denne stemma fortel Per at han ikkje tenker på ungane sine, og at "ungane dine kan koma til å forbanne deg når dei blir store nok" (T. Vesaas, 1969, s. 69). Per er prega av sin patriarkalske far, og glir utan medvit inn i den same farsrolla og inn i det urgamle mønsteret på garden. Per reflekterer over sin rolle, og spesielt etter at barna har ramponert stova og smurd sot utover sine nakne kroppar. Han reagerer med det same med å rise barna,

To sekund varte det. Så kom han seg i hug. Sleppte dei som han hadde brent seg på dei. No har eg bore meg åt likeins eg, tenkte han. [...]. Slik gjorde far med meg. No har eg byrja å bera meg likeeins åt. Dei vil få kjenne på alt saman" (T. Vesaas, 1969, s. 60).

Per er klar over rolla han har som far på garden, og at han blir meir og meir lik sin eigen far. Det er ikkje berre Per sine egne barn som får gjennomgå. Den eldste mosterungen, Helge, får same behandling som Per fekk av sin far. Per ”mintes korleis Eilev Bufast tvinga han ned mot jorda, og hogg harde lover inn i stein for han. No vart det hans eigen tur” (T. Vesaas, 1969, s. 136). Per lar Helge gjennomgå på akkurat same måte, ”nei så var det ei knusande makt bak ryggen som sa: Bøyg deg - - Han bøygde seg. Bøyg deg, sa det. Det vart ikkje sagt heller, men stod hogge inn i stein og tala derifrå” (T. Vesaas, 1969, s. 137). Både Per og Eilev har patriarkalske eigenskapar, noko som kjem av eit samfunnsbilete som i romananes univers er både uproblematisk og tradisjonelt. Baumgartner skriv at strukturen som rådde på garden ikkje var diskutabel og at den var både reint organisk og naturleg. ”Han er reinsa for alle problem og motseiingar som i røyndomen har prega også det patriarkalske samfunnet” (Baumgartner, 1977, s. 587). Romanen viser til eit patriarkat som er så innarbeida i samfunnet og det blir heilt naturleg for Per å følge i faren sin fotspor.

I dag ser vi på dette med andre auge, og teoretiske retningar som økofeminisme er med på peike ut desse tendensane i litteraturen. Ein kan argumentere for at universet i romanane ikkje er utelukkande patriarkalsk. Høystad skriv at ”[...] kvinnesynet til Vesaas i dette verket grensar opp mot eit modifisert matriarkat” (Høystad, 1980, s. 489). Det er som sagt kvinnene på garden som gjer alt innarbeidet. Dei passar på og steller med ungene til dei er store nok til å vere med far ut og gjere utarbeid. Mennene er ikkje vane med å ta seg av barna når dei er små, slik scena med Per og tvillingane skildrar. Kvinnene på garden har også ansvaret for ein del av fjøsstellet, og det er mor og moster som tar imot kalven i opningsscena frå *Det store spelet*, medan far ligg og søv. Per skjønar tidleg kor viktig kvinna, eller hendene til kvinna, er på ein gard.

Tinga her gleid og greip i einannan slik dei skulle, så at ein aldri merka det. Det som skulle brukast, kom fram, det som *var* brukt, vart gøymt unna og kom først fram att når det skulle brukast att – og då var det oppstelt og reint. Det gjekk opp for Per at det var mor som stod bak dette. Det var *sjølv dagane* som gjekk gjennom hendene til mor og vart ordna der innan dei kom til folk flest (T. Vesaas, 1978, s. 97).

Mor, og dei andre kvinnene på garden, blir som ein slags bauta som held garden saman. Dei to romanane gjev ikkje noko bilete av at den eine forelderen er undertrykt av den andre, ifølge Høystad. ”Sjølv om farens *ord* er lov, spørst det likevel om det ikkje er mora som har størst makt på garden, om ho brukar makta si på ein stillferdigare måte enn faren” (Høystad, 1980,

s. 489). Makta på garden kan seiast å vere ganske likt fordelt mellom kjønna i dei to romanane. Det er ikkje slik at mor er undertrykt far, og heller ikkje omvendt. Den tradisjonelle rolleinndelinga er i stor grad oppretthaldt, og kvinnene på garden har den typiske kvinnelege rolla der dei styrer heime, lagar mat, vaskar og ordnar klede. Mor, moster og Signe er heime og har alt det praktiske stellet, oppdrar barn og er ei nær mor. Far, Per og Bjørn er vekke frå heimen store delar av dagen, og tar ikkje del i dette arbeidet. Heimens scene blir skildra og kjem til syne fleire gonger i romanane, og er ikkje undertrykt mannens scene som er ute i naturen. I *Bufast*-romanane har begge foreldra, og begge kjønna, ulike arenaer kor dei styrer og har makta. Ein gamal diskusjon i feminismen handlar om kven som har det makta i det kvardagslege, og i *Bufast*-romanane er det mor som har mest makt der, med tanke på at mor er nær og far er fjern. Heime er ho den klare leiaren, og utan kvinnene på garden hadde ikkje mennene kunne gjort den same jobben som dei gjer no. Det at Per og forteljaren fleire gonger stoppar opp og reflekterer over det kvinnene på garden gjer, forsterkar at Høystad skriv at det nærast er eit modifisert matriarkat vi ser i teksten (Ibid.). Dei manlege og kvinnelege kjønnsrollane blir til ein viss grad oppretthalde, men dei glir samstundes inn i eit fellesskap der rollene utfyllar kvarandre. Likevel er det far, og seinare Per, som har siste ordet i fleire sakar, til dømes når det gjeld å dømme kva for dyr som skal slaktast, slik som opningsscena viser ved at Per spør far om kalven kan få leve. Per trer inn i rolla som familiens overhovud når Eilev blir for sjuk, og snart blir det han som dømmer dyr og menneske på garden.

4.4 Hestens rolle

Gjennom dei to romanane kjem hesten sin viktige rolle på garden til syne. Hesten er den mest trufaste arbeidespartanaren, og har alltid hatt ein spesiell verdi for bøndene på gardane. Hesten er både ein arbeidskamerat og ein ven. Tarjei Vesaas vaks sjølv opp på garden Vesaas og fekk sjå på nært hald korleis bøndene jobba saman med hesten. ”Det nære samarbeidet med hesten, sommar som vinter, gav hesten ein heilt spesiell posisjon for karane, det var vanskeleg for dei å kalle han eit dyr” (O. Vesaas, 1995, s. 35). Dette nære forholdet mellom mann og hest kan illustrerast med eit sitat frå *Det store spelet*, ”den gule hesten kvilde snuten på aksla hans far. Far sat kurstill” (T. Vesaas, 1978, s. 90). Tilliten mellom Eilev *Bufast* og hesten Gulen viser kor mykje hesten stoler på Eilev, og reaksjonen til Eilev viser ein stor kjærleik til hesten. Det nære samarbeidet med hesten betyr også mykje for Per, og hesten har ein heilt annan posisjon enn dei andre dyra på garden. Det blir som om hesten er ein hybrid

mellom menneske og dyr. Kyrne og oxen i fjøset har ein funksjon der produksjon står i fokus. Det skal produserast kalvar som gjer at kyrne produserer mjølk og slik er den evige runddansen på garden. Kua blir skildra som eit positiv seksualsymbol, medan oxen symboliserer villskap. Det blir stadig understreka at han står i band for å vise at Per har oxen under kontroll (Baumgartner, 1977, s. 595). Hesten derimot har eit nærare forhold til menneska på garden, og da spesielt karane, både far, Per og Bjørn. Både oxen og hesten representerer kraft i romanen. I denne samanhengen blir ikkje oxen og hesten brukt om bestemte individ, men generelt om dei oksane og hestane som lever på Bufast gjennom romanane. Som Baumgartner gjer eit poeng ut av er oxen eit dyr som må kontrollerast. Dette viser kva for ein maktposisjon mannen på garden innehar, når det er han som kan kontrollere den ubereknelege oxen. Det at Per også ser sin rolle på garden i samanlikning med oxen, og ser på sin eigen skaparkraft i lys av oksens. På mange måtar hjelper oxen Per å sjå sin rolle på garden klart og tydeleg. Når kalvane og kyrne blir sleppte ut på våren, står Per igjen med oxen i det tomme fjøset og føler seg som mannen på garden. ”Det var tungt å vera mannen på garden, men ein vart med i mangt. Ein såg og måtte sanse uendeleg mange ting når ein var mannen på garden” (T. Vesaas, 1969, s. 42). Hesten er også ein viktig bidragsytar for korleis Per ser sin eigen rolle som herre på garden, og herre over liv og død. Hesten representerer ei frigjerings for Per, samt eit stabilt arbeidsforhold gjennom mange år.

Dyra i romanen vil vi gjerne kalle for natur, dei kjem frå naturen og har andre instinkt enn menneska. Likevel kan dyra vere både natur og kultur. Både hesten, oxen og kyrne er i utgangspunktet ville dyr som kjem frå naturen, men har blitt temma av menneske og brukt etter deira behov. Dyra er blitt avhengige av menneske for å overleve, og menneske har gjort seg avhengig av dyra for å få mest mogleg ut av naturen, for å ha tilgang å mjølk og kjøtt, og for å ha ekstra arbeidskraft i skogen. Hesten er spesielt viktig når det kjem til arbeidskraft, og saman med hesten tar mennesket tak i nybrotet, på åkeren og i skogen (Orrem, 1964, s. 216). Avhengnadsforholdet mellom dyr, menneske og natur kjem difor til syne i dei to romanane. I den settinga dei lever i, der dyra ikkje lenger er ville, er dyra avhengige av menneska, og menneska er vell så avhengige av dyra for å klare seg. Hestens rolle i jordbruket kan difor sjåast på som ganske unik. Hesten kan temmast og brukast, og har vore viktig for kultiveringa av jordbruket. Før industriliseringa levde menneska tett på hestane, og for Per betyr hestane dei har hatt på garden fleire ting. Det er alltid ein hest på garden, og når den blir for gamal blir den skote og det kjem ein ny hest til garden. Her blir hesten eit emblem på kontinuiteten på garden, og symboliserer også kontinuiteten mellom generasjonar og arbeidet som må til for å

drive jorda og garden vidare. Når ein hest er for gamal til å arbeide kjem det ein ny hest til garden og tar over rolla som arbeidskompanjong for bonden. Baumgartner skildrar hesten som ” [...] eit førebilete for ei problemlaus tilpassing til døden” (Baumgartner, 1977, s. 595). På same måte blir menneska på garden bytta ut. Når bonden sjølv ikkje lenger kan arbeide som før kjem nye arbeidskrefter til gjennom odelssonen som skal overta når den eldste fell vekk. I oppveksten til Per og på den tida han overtar arbeidet for far som er sjuk er det Gulen som er hesten på garden. Gulen blir viktig for Per si indre utvikling og Gulen representerer overgangen frå gut til mann for Per i *Det store spelet*. Hesten har blitt gamal, og heng med leppa. Det er far, som sit på dødsleie, som gjev Gulen den fellande dommen. ”No er ikkje Gulen noko å ha lenger. [...] Høyrer de det? at Gulen må skytast no” (T. Vesaas, 1978, s. 228). Far er ikkje lenger utanfor huset og ser dyra, ” [...] men dei stupte når han opna den valne munnen og sa dei skulle (T. Vesaas, 1978, s. 229). Det er Per som skyt Gulen, og denne handlinga symboliserer eit skifte for Per. Hesten ofrar seg for at Per skal gå gjennom dette skifte. Det heile blir ei manndomsprøve for Per, og inneberer modning og ansvarsutvikling Per kjenner på rett etter han har skote Gulen.

I det same hende noko uskjonleg. Per tykte han sansa jorda ikring seg på ein måte han ikkje hadde gjort før. Den våte, vaknande jorda hadde mild gråversluft oppå seg. Heile bøen bortover hadde ein liten dis over seg, ei tynn skodd. Og her framfor ein, på denne jorda, låg Gulen i æveleg svevn. Per stod reint skjelvande og såg alt saman. Han kjende han var glad i jord. Det vakna medvit hjå han. Han var inderleg bunden saman med dette. Med jord. Han fekk klårare auge og grannare øyre og opnare hjarte, tykte han. Han stod framfor den skotne Gulen og vart fyllt av ei einaste kjensle: han var glad i jord – og luft og vatn, og verskifte. Det var *rett* for honom å vera her all sin dag” (T. Vesaas, 1978, s. 231).

Per kjenner at han har funne sin plass. Han tar inn over seg hestens skjebne i den evige kontinuiteten og godtar dommen som var felt over han tidleg i romanen, han skal vere på Bufast all si tid. Det kjem snart ein ny hest til garden, og for Per har hesten alltid ”[...] representert kontinuiteten i gårdsarbeidet for ham. Han må imidlertid akseptere at han – og hesten – hører til i en større kontinuitet, som krever at den slitne hesten erstattes med en ny” (Vassenden, 2012, s. 374). Den siste hesten Per tar livet av i *Kvinnor ropar heim*, Blakken, hadde ” [...] det same trøyttetankefulle i auga som hine hestar hadde hatt” (T. Vesaas, 1969, s. 234). Per skjelv ikkje lenger på handa når han trykker av og Blakken stuper i bakken. Sjølv om Per er blitt vane med ta livet av dyra på garden, slik Eilev Bufast ein gong var, kjem Per til tider i hug alle dei som har døydd i hans tid på garden. ”[...] han såg for seg alle som hadde døydd her i levetida hans. Med det same mintes han òg alle dyra som var falne hardt på kne der

nede i tunet, og vore ute av spel” (T. Vesaas, 1969, s. 253). Sirkelen blir fullført og startar på nytt med hestane, på same måte som sirkelen til Per blir fullført når barna er blitt vaksne og barnebarna spring rundt i tunet.

Hesten går igjen som symbol i fleire av Vesaas sine verk, det er ingen tvil om den viktige rolla hesten innehar. For Vesaas er det typisk å bruke element som er tungt symbolsk lasta, og hesten har følgt han gjennom forfattarskapet frå tidleg i karrieren med *Dei svarte hestane* frå 1928 til hans siste roman, *Båten om kvelden*, i 1968. Det er ikkje berre hos Vesaas at hesten er viktig i litteraturen, og det er ikkje utan grunn at Pegasus, vengehesten frå gresk mytologi, er blitt diktaranes symbol. For Per representerer hesten overgangen frå barndom til vaksenliv, noko hesten også gjer for fleire av Vesaas sine hovudpersonar. Olav Solberg skriv i 1997 om fleire noveller av Tarjei Vesaas der han trekker fram hesten som eit viktig symbol, og nemner Gulen sin rolle i *Det store spelet*. Solberg skriv at hesten går igjen fleire stadar hos Vesaas, blant anna i novella ”Siste-mann heim” frå novellesamlinga *Vindane* (1952). Her møter lesaren ungguten Knut og ein stor hest ein dag i skogen. Når dagen er slutt og dei skal gå heim følger Knut trygt etter hesten. ”For Knut blir denne dagen i skogen eit vendepunkt. Han ser seg sjølv og sin eigen plass i ein større samanheng, og veit med eitt kvar han høyrer heime” (Solberg, 1997, s. 85). På lik linje som Per kjem Knut til ein erkjenning av sitt eige liv, og forstår at han er ein del av ein større samanheng. Overgangen frå barndom til vaksenliv kjem også til syne i novella ”Hesten frå hogget” frå novellesamlinga *Ein vakker dag* (1959). I novella går dei to gutane, Jon Hogget og hjelpeguten Nils, gjennom eit vendepunkt saman med hesten. Frå ein sommar utan bekymringar står dei overfor ei dramatisk hending og må få hesten opp frå eit gjørmehol. Gutane får til slutt hesten opp frå holet ved hjelp av kvistar og buskar frå naturen. Dei finn ei høybu og tar hesten med seg inn dit og gnir han tørr med høy. I eit økokritisk perspektiv kan ein seie at dei brukar naturen til å hjelpe seg, men den endelege redninga er ei menneskeskapt høybu. I novella ”Hesten frå hogget” sigrar altså det menneskelege over naturen. Det er ikkje berre som overgangsfigur frå barndom til vaksenliv at hesten blir brukt. I *Båten om kvelden* (1968) er hesten ein forskjellskapar mellom far og son. Opningsscena vitnar om eit forhold der sonen ber med seg skam og ikkje klarar å leve opp til farens forventning. Hesten deira har fått seg ein flenge i foten, og sonen får beskjed om å lindre svien og vaske såret til hesten etter at far har mislukkast med å gjere det. Sonen står på kne føre hesten og innser at blir ei umogleg oppgåve, og ”det store barnet ber svien. Skal minnast denne hendinga til livs ende. Nei, hesten ber svien, men skilnaden er at hos han er svien rein og rederleg” (T. Vesaas, 1968, s. 24). I *Dei svarte hestane* (1928) representerer

hestane noko heilt anna, der dei fire, store, svarte hestane etterkvart fyller livet til hovudpersonen Ambros Førnes. Her blir hestane ein representant for lausriving og mangel på sjølvdisiplin, samt ein identifikasjon med dyra i mangel på menneskeleg tilknytning. Hesten har vore eit symbol gjennom heile Vesaas sitt forfattarskap, og det er ingen tvil om at hestane betyr mykje på Bufast.

4.5 Far og jord

Eilev Bufast er ein viktig og samansett karakter i *Det store spelet* og det same er ettermålet hans i *Kvinnor ropar heim*. I resepsjonen av *Det store spelet* ser vi at Eilev Bufast og hans rolle i livet til Per er noko som blir kommentert av fleire. Johannes Andreasson Dale trekker fram at far er sjølv symbolet på lovane på garden og at det å bryte jord for Eilev er noko han gjer med hugnad. Han poengterer også at når far talar feller han dommar, og dette er ein av grunnane til at Per har eit komplisert forhold til far sin. Forholdet til far og farskikkelsen er eit sentralt tema i den første romanen, og til dels følger det Per også i vaksenlivet i *Kvinnor ropar heim*. Det er ikkje berre i dei to Bufast-romanane at jorda og far er eit sentrale tema hos Vesaas. Alt i 1924 skreiv Vesaas om korleis menneskelivet var knytt til molda i *Sendemann Huskuld* der molda er mor til alt (O. Vesaas, 1995, s. 167). Vesaas sjølv visste, som nemnt i resepsjonskapittelet, at han måtte skrive denne romanen om ”Mor Jord”. I fleire av verka til Vesaas er farskikkelsen eit tema, og far-son-relasjonar blir problematisert. I *Båten om kvelden* blir forholdet mellom far og son skildra, og opningsscena, som forklart i delkapittelet over, viser korleis sonen ber med seg noko vanskeleg i forholdet til faren. Også i romanserien om Klas Dyregodt, utgitt i 1930-1938, blir forholdet mellom far og son skildra av Vesaas. I *Det store spelet* har Eilev Bufast mykje å seie for Pers utvikling, spesielt med tanke på at det er han som kjem med den skjebnetunge dommen om at Per må vere på Bufast all si tid. Eilev er nybyggjar, og han bryt jord. ”Alt anna arbeid enn jordbrytinga gjorde far fordi det måtte gjerast – og så vende han seg til nybrotet sitt med anna andlet, og grov og spadde til han sukka” (T. Vesaas, 1978, s. 132). Han brukar all ledig tid i nybrotet sitt, ”han grov så ein såg at det var ei pine for han å rette ryggen, men det låg stor fred i andletsdraga hans. Han var der han høyrde heime [...]” (Ibid.). Det er tydeleg at han har ein eigen kjærleik til jorda, og det er som om han er besett. Nybrotet er Eilevs forsøk på fruktbarheit. Han har ein ukontrollerbar ekspansjonstrong for å bevise sin fruktbarhet, og dette går i arv til Per. Der Eilev ønsker å kontrollere og stadig underlegge seg meir jord, viser dette seg for Per med ein stor trong til å få fleire barn. Eilev klarar ikkje å få kontroll over denne enorme trongen til å grave i nybrotet,

og han grev og grev i jorda, heile tida for å auke størrelsen på det og for at nybrotet skal bli rikare. Høystad skriv om denne lidenskapen at ”nydyrkinga hans er i seg sjølv positiv, og ho kan sjåast som uttrykk for ein god forvaltartradisjon i norsk jordbruk. Du skal ikkje gje garden over til neste generasjon ringare enn du tok imot han” (Høystad, 1980, s. 494). Per får ein gard av foreldra som har hatt tydeleg vekst sidan dei overtok, og nybrotet til Eilev kjem til god nytte når Per får ein heil barneflokk med munnar å mette. Samstundes er det akkurat Eilev sitt forsøk på fruktbarheit som blir hans destruktive skjebne. Det er i nybrotet at far forløftar seg på ein stein, og ikkje lenger er i stand til å arbeide. Nybrotet blir difor skadeleg for Eilev Bufast, og den naturen han har jobba med øydelegg han til slutt.

Far representerer den menneskelege naturen, og samstundes den ikkje-menneskelege naturen. Han står med ein fot på kvar side av dette skilje. For Per blir far til noko nesten umenneskeleg (Vassenden, 2012, s. 375). Han blir som ein framand skapning, ein som Per ikkje klarar å forstå seg på i den første romanen. Far er jord, og ”han molda ut stolane han sat i” og ”kom inn og bar jordgjem til bord” (T. Vesaas, 1978, s. 16). Når faren grev seg ned i jorda føler Per at han ikkje lenger er eit menneske som alle andre. Han blir ein type jordskapning. Dette forsterkar bilete av Eilev Bufast som ein representant for den ikkje-menneskelege naturen. Vassenden identifiserer faren som eit halvmenneske som ”[...] oppsøker isolasjon, veltar seg i jorden og *er* også dels jord” (Vassenden, 2012, s. 376). I resepsjonen ser vi at Rolv Thesen ser på Eilev Bufast som ein representant for jorda. Per ser også på far sin som ein type jordskapning, og denne måten å sjå på Eilev Bufast passar godt inn i det økøkritiske perspektivet. Per føler at alt far tar i blir til jord, og at til og med stemma hans er jordblanda. ”Far grov i jordi til han ikkje var som eit anna menneske, og so steig han fram av jordi og sa ting liksom han var Gud sjølv” (T. Vesaas, 1978, s. 81). Per ser ikkje på sin eigen far som menneskeleg, og Eilev er med på å viske ut distinksjonen mellom kva som er menneskeleg og ikkje. Eilev Bufast blir sjuk ein dag han grev i nybrotet, og Per tar gradvis over hans plass som herre på garden. Per gjennomgår ein gradvis aksept som følge av dette. Eilev døyr mot slutten av *Det store spelet*, noko som gjer at han ikkje lenger berre er eit bilete på den ikkje-menneskelege naturen, men han blir ein del av den ikkje-menneskelege naturen. Karakteren Eilev er difor enda ein gong med på å viske ut skiljet mellom den menneskelege og den ikkje-menneskelege naturen. Sjølv om Eilev døyr, føler Per likevel far sitt nærvær i *Kvinnor ropar heim*. Ein kveld på soverommet er det akkurat som om Eilev er til stades ”moldkleda på stolen sende ut bølger av jordgjem. [...]. Ein kunne tru at den gamle rette Eilev Bufast var komen inn i rommet og stod borti mørket” (T. Vesaas, 1969, s. 63). Her blir det igjen tydeleg

at den ikkje-menneskelege naturen blir representert av jord og far. Dette fører til at det er vanskeleg for både Per, forteljarinstansen og lesaren å forstå kor denne grensa går i romananes univers.

I kontrast til Eilevs hugnad til jorda står det ambivalente forholdet Per har til jorda i den første romanen. Gjennom *Det store spelet* ligg det ei forventning til Per om at han skal bli like glad i jorda som faren. Per føler dommen frå far er tyngande og han føler han tvingar han inn i eit liv han ikkje vil ha.

Far fór ut med armen. Utruleg lang arm. Per kom inn i eit veldig grep. Mold lukta det av alt saman, men ikkje berre mold. Far hadde ein tunn busserull, og Per kjende korleis musklar levde ende innoom busserullen. Kjende at musklane var harde og varme. Og så sette far andletet på han med han sat slik i ein jarnhard fang-arm – og auga i dette andletet møtte auga hans og trengde inn i dei. Per tok til å skjelve og var på gråten, for no ville her hende noko. Og han ville ikkje at her skulle hende noko! Den kjensla hadde han tydeleg. Han skreik i fælske for det.

- Slepp meg!

Men nei, no skulle han få det, han kjende han skulle få det. Heile grepet hans far, og andletet hans, fortalde at no kom noko viktig. Far sa seint, og sleppte ikkje:

-Du skal òg bli glad i jord, Per. Det er det einaste –

Per skalv. Han skjøna ikkje kva far sa, men orda sokk i han. Han skulle alltid minnst dei, og mælet som sa dei. Eit mæle fullt av grut og rust fordi det var så lite brukt.

-Eg er sikker på at du vil bli glad i jord, Per. Når du er vaksen.

(T. Vesaas, 1978 s. 16-17)

Sjølv om Per ikkje trur på far på denne tida, blir han lik som far på fleire område når han blir vaksen. Per blir også glad i jord, og mot slutten av *Det store spelet* føler han at ”han var tett med jorda no. Klemd ned imot henne ved vekta av ei kvinne. Han var inderleg med i det mektige spelet” (T. Vesaas, 1978, s. 244). Baumgartner meiner denne tettleiken med jorda og kvinna ikkje er harmonisk eller forsonande, men heller fortsettinga av ambivalensen Per har kjent på gjennom oppveksten. ”Kvinna er her ikkje noko anna enn det siste leddet i den undertrykkinga Per var utsett for: først frå Gud, sidan av faren som ‘tvinga’ han ned mot jorda, og moster som fekk det heile til å gå opp i herlege visjonar” (Baumgartner, 1977, s. 591). Det blir likevel denne tyngda av kvinna som gjer at Per føler seg med i det store spelet, og det er akkurat denne kvinna som gjer at han kan vere med i det store spelet på garden. Kvinna er ikkje eit symbol på siste ledd i noko undertrykking, kvinna er den som gjer at Per kan få eigne barn og føre garden vidare. Det er med Signe ved si side Per oppdagar sin eigen fruktbarheit. Her finst det i realiteten sjølvstøtt løysingar som ville ha sikra garden si framtid, men for at Per skal kunne vere ein del av dette spelet som bringar garden vidare og vere ein

del av ”evige liv” er det naudsynt for han å produsere egne barn som arvar odelsretten på garden. Odelsretten gjer at Per sine egne barn kan drive Bufast vidare, noko som også forsterkar Per sin rolle i det evige spelet. Odelsretten i Noreg er spesiell der det er lovefesta at det er arvingar som skal overta landbrukseigendom når eigaren døyr. Denne juridiske stadfestinga syner at det er noko verdifullt ved å overta jord som går i arv frå generasjon til generasjon. Dette styrkar tankane om at det spesielle bandet bøndene har til jorda betyr mykje, og det er difor rett at desse banda går i arv til etterkommarane. For Per, og andre som driv gard blir det difor viktig å få egne barn, slik at det tette bandet til jorda blir vidareført til slekta. Dette gjer også at Per ikkje forsvinn ut av det evige spelet. Hans plass som jordforvaltar på Bufast og far til egne barn er det som gjer at spelet går vidare.

4.6 Idealisert og funksjonell kjærleik

Gjennom heile livet har Per og moster eit nært forhold. Moster har alltid budd på garden, og har spelt ei viktig rolle i Per sitt liv. Mellom Per og moster er det ei gjensidig, uavklart erotisk dragning. Dette kan tyde på eit udefinert kjærleiksforhold der Per vil vere nær.

Moster var sveitt, og her var varm sol. Armane hennar hadde alt ein brulet. Innan hausten ville dei bli mørkebrune, det visste Per frå før Per såg på henne, og heldt seg nær henne. *Der* var trygt og godt. Den varme kroppen hennar anga (T. Vesaas, 1978, s. 15).

Moster er ein trygg person for Per, og et motstykke til Eilev Bufast. Moster blir skildra som frodig og livssterk. ”Den innledende skildringen av Pers binding til moster har et klart erotisk preg, og hans lojalitet til henne er ikke bare knyttet til vennskap eller hennes betydning på gården” (Vassenden, 2012, s. 389). Forholdet mellom moster og Per er nært, og Per blir dratt mot moster sin kropp, sjølv om han føler at han er for stor til å bli halde rundt.

[...] no tok ho med eitt og ringla den runde armen kring halsen hans Per – der ho stod og venta på at mor skulle mjølke ferdig. Per kjende at armen var god, det hadde vori best å la han bli der, han trykte seg fast mot huda – men Per var for stor til å stå slik, syntest han, og han klypte i armen med neglene (T. Vesaas, 1978, s. 8).

Per og moster har eit leikent og kjærleg forhold, og han liker seg best hos ho. Det er ingen tvil om at Per kjenner moster godt, og både Per og forteljaren ser moster på ein annan måte enn dei andre kvinnene i romanen. Sjølv når Per blir vaksen er forholdet til moster spesielt for han. Arbeidet moster gjer på garden heng høgt for Per, noko som er tydeleg når han er på

jordbruksskule og han tenker på den jobben moster gjer heime på garden. ”Dei gjekk i store fjøs og såg og lærte. Men då måtte Per berre tenkje på moster, og då heldt ikkje dette fjøset mål, om det var aldri så nytt og gildt og stort” (T. Vesaas, 1978, s. 217). Arbeidet hennar er viktig for at garden skal gå rundt, og det ei sjølvfølge for Per at moster skal bli buande på garden når ho finn kjærleiken. Per kan sjå det på ho med ein gong ho blir forelska. ”Han hadde nok sett det han, han som var så underlig knytt til moster – sett at ho var annleis no. Og så stor var han at han fort gissa på kva *det* var. [...] Moster var glad i nokon” (T. Vesaas, 1978, s. 93). Moster finn kjærleiken med Bjørn Moen, og dei giftar seg og bygger hus på garden. Dette gjer at moster er den einaste kvinneskikkelsen som er på Bufast gjennom heile Per sitt liv. For moster er det rett å vere på garden og ho har funne sin plass. Der det for Per har vore ei stri å kome til den erkjenninga at han vil vere på Bufast, har det for moster vore rett heile tida. På mange måtar er moster sitt liv eit idealliv frå garden si side, og det er ingen motstand mot garden hos ho. Moster er knytt til garden gjennom bruk, og ikkje gjennom odel eller ekteskap slik det er for dei andre på garden. Moster er ein stabil person på garden, og symboliserer kontinuiteten og oppatt-takinga. Både far og mor fell utanfor garden i løpet av romanane, først ved at far blir sjuk og seinare døyr, og mor fell først utanfor når ho blir enke og sidan når ho døyr. Moster på si side fell ikkje utanfor. Ho endrar likevel roller gjennom romanane, og skifter funksjon fleire gonger. Frå å vere arbeidsjente og stelle fjøs, ta imot kalvar og stå på under slåttan til å bli gift, få barn og stelle hus og heim. Moster er for Per den første idealiserte kjærleiken, og ho lever eit idealisert liv på garden.

Per blir tidleg i *Det store spelet* kjent med ei jente som han blir kjær i. Per har høyrte om Åsne tidlegare, og har lengta etter å møte ho. Han har allereie før første møte samanlikna ho med moster, og tenker at ”så god å vera innmed som moster var ho vell ikkje?” (T. Vesaas, 1978, s. 14). Dette forandrar seg og allereie frå første møte representerer Åsne ein idealisert kjærleik for Per. Dei er seks år gamle, og Per er nede med elva Tvinna for å lauge seg med mor si. Det er sjølve Tvinna som fører han til Åsne, i følge forteljarinstansen i romanen. Elva får menneskelege eigenskapar og fører Per mot Åsne. Per føler at straumen tar tak i han og vil føre han nedover elva, ”liksom langt og løyndomsfult nedover” (T. Vesaas, 1978, s. 28). Straumen ropar på han ”– kom – Straumen ville det. Den som visste kva det var! dette ingen såg” og ”men her var ei makt i det. Når ein blunka, tykte ein at ein alt *var* på flot. På reise til eitkvart langt nedover” (T. Vesaas, 1978, s. 29). I denne scena føler Per at elva trekker han mot Åsne med medvit, og for Per får elva menneskelege eigenskapar. Elva blir ein metafor for livsstraumen, noko som trekker Per dit han treng å vere. Elva representerer begjær og

dragning mot Åsne, og den idealiserte kjærleiken til Åsne blir forsterka. For Per blir det naturleg at når elva fører han til Åsne så blir han kjær i ho. Det tar ikkje lang tid før han føler at ”ho og moster fekk plass side om side, ja kanskje Åsne hadde første rommet no” (T. Vesaas, 1978, s. 41). Dragninga til moster er no delvis erstatta av lengselen mot Åsne, og begge representerer ein idealisert kjærleik i livet til Per.

Kjærleiken til Åsne er noko som følger Per gjennom alle åra på skulen, og han blir meir opptatt av jenter ettersom åra går. Plutselig legg han merke til armane til Åsne under ein diktat, ”når ho bretta opp armane for å skrive diktat, kjende han seg heit og framand. Kvi gjorde ho dette?” (T. Vesaas, 1978, s. 108). Per føler seg skamfull på måten han no ser på Åsne på, og føler at han tenker annleis enn dei andre gutane. Gjennom heile skuletida er det ei uavklart og gjensidig dragning mellom dei. Etter dei er ferdig på skulen dreg Åsne til Bringa, garden til Olav, og hjelper til der sommar og vinter. Per føler at Åsne har tatt frå han Olav, samstundes som at han lengtar etter Åsne. Etter eit mislykka kyss etter ein kveld på isen møtast Per og Åsne att ved Tvinna på våren. Åsne seier at ho har venta på Per. ” Dette var stort. Men det skulle nok ikkje endre noko. Det syntest han vita” (T. Vesaas, 1978, s. 186). Åsne kjem for å fortelje Per at ho er mest glad i han. Vassenden gjer eit poeng ut av at ”forholdet mellom Åsne og Per er det vi kan forstå som den vanlige formen for kjærlighet i realistisk prosa: nemlig den *idealiserde* kjærligheten. *Det store spelet* rommer også en fortelling om de elskede som ikke får hverandre” (Vassenden, 2012, s. 389). Både Åsne og Per er kjær i kvarandre, men kjærleiken er ikkje nok her. Forholdet mellom Åsne og Per har alltid vore ambivalent. Det kan tidleg i romanen verke som at det er meininga at Åsne og Per skal ende opp i lag, spesielt med tanke på at Per sjølv føler at han blir leia til Åsne av elva. Det blir likevel vanskeleg for dei to, og det heile endar med at Åsne blir saman med Olav og dei giftar seg.

Den idealiserte kjærleiken går tapt for Per, noko Vassenden skriv er naudsynt for at Per skal kunne bli ein del av garden. ”Den romantiske kjærligheten står i en direkte konflikt med den funksjonelle kjærligheten” (Vassenden, 2012, s. 389). Den funksjonelle kjærleiken vil seie den kjærleiken som har ein funksjon for garden, for her er det garden sine behov som går først. Alt som skjer på garden må ha ein funksjon, og på garden er ”seksualiteten klart knyttet til funksjon og til behovet for og evnen til å opprettholde eller utvide gården. (Ibid.). Dei tradisjonelle kjønnsrollane blir opprettheldt når ein ser på kjærleiken som noko som må vere funksjonelt for garden. Det funksjonelle synet blir nærast synonymt med tanken på at mannen

er ute og kvinna er heime. Det er tydeleg at den Per skal bli saman med må vere den rette på garden, ei jente som kan stelle fjøs og heim, og samstundes føde og oppdra barn. Tidleg i del to av *Det store spelet* blir det sagt at Per skal finne alt han treng på Bufast, noko han også gjer, men ikkje heilt utan hindringar. Når Per har gitt opp Åsne og forstått at ho er tapt til Olav møter han på Randi Bratterud. Frå det augeblikket dei møtast skjønar Per at Randi vil ha han, og ”ho hadde ei slags vill von flakkande i auga. Ho var gått ut på vågsamt spel i kveld” (T. Vesaas, 1978, s. 209). For Per betyr ikkje Randi noko og det som skjer er uunngåeleg, det er driftene hans som rår.

Han var ikkje glad i henne. Han ville gå. Men i staden spurde han om dei skulle finne ein stor varm stein å sitja på. Han visste om ein slik nede ved Tvinna, sa han. Han undra seg kvi han sa slik, når han i grunnen ikkje ville det heile (Ibid.).

For Per er det dei primitive lystene som rår, og han veit godt at det han gjer er skammeleg og ”medan han var full av uvilje og sut, struka han henne varsamt. Hendene kunne ikkje la vera. – Slik eg har lengta etter deg, Per” (T. Vesaas, 1978, s. 211). Randi har lenge lengta etter Per, og har eit stort ønske om at Per skal føle det same. I dette tilfelle ser vi at Randi er styrt av kjærleiken, eller eit ønske om kjærleik. Per på si side veit kva som er det fornuftige å gjere, men han klarar ikkje stå imot. Eit par veker etter hendinga fortel Randi at ho ikkje er med barn, og Per føler ei lette over at han ikkje skal bli far. Samstundes veit han ikkje heilt kven som eigentleg har tapt. Med tanke på at Randi kunne ha blitt med barn etter denne hendinga kunne det ha hindra den kjærleiken som Per skal finne på Bufast. Det at ho ikkje blir gravid kan vise oss, som Vassenden også er inne på, at dette forholdet ikkje er fruktbart fordi det ikkje finn stad på garden. Garden har allereie ytra at Per skal finne alt han treng heime på Bufast. Den store kjærleiken dukkar opp heime på garden, og den livsglade jenta Signe kjem inn i livet til Per. Den idealiserte kjærleiken til moster og Åsne blir avløyst og det rasjonelle og fornuftige i Per styrer han mot kjærleiken til Signe. Den kjærleiken som må til for å føre garden vidare sigrar.

4.7 Naturen

Henning Howlid Wærp meiner at det i eit økokritisk perspektiv er sentralt å undersøke framstillinga og interaksjonen med settinga der handlinga skjer (Wærp, 2018, s. 28). Fokuset her blir korleis naturopplevinga kan knytast til settinga, og at naturen ikkje berre er ein bakgrunn for menneskeleg drama (Ibid.). I begge dei to romanane speler naturen ein sentral

rolle, og årstidene legger rammer for kva for arbeid som skal bli gjort til ei kvar tid. Kvar årstid krev at menneska utfører ulike arbeidsoppgåver. Livet på ein gard er avhengig av naturen rundt, noko som også gjeld på garden Bufast. Naturen er ein viktig støttespeler i gardsdrifta, og ein stor ressurs. I teoridelen har eg skildra og definert naturen som noko som kan vere både sikkert og usikkert, fruktbart og destruktivt på same tid. Alle menneske lever i eit samspel med naturen der ulike faktorarar påverkar korleis vi er bunden til naturen. På ein gard har gode og dårlege år mykje å seie. Eit godt år med stabilt vêr gjev gode avlingar noko som fører til meir mat for både menneske og dyr. Dei beste somrane og åra på Bufast har ”grøde som aldri før” (T. Vesaas, 1969, s. 185). Dei dårlege åra på Bufast er eit resultat av lite nedbør og tørke, noko som fører til at det blir mindre mat til menneska og dyra. Dette fører til at dei må selje kyr for å kunne føre dei som er att.

Gregersen og Skiveren tenker på naturen som ein ytre materialitet, der naturen oppstår av seg sjølv utan menneskeleg innblanding og at den ikkje kan agere menneskeleg (Gregersen og Skiveren, 2016). Nybrotet til Eilev Bufast er eit menneskeskapt og aktivt naturfenomen, men det betyr ikkje at det ikkje er i stadig bevegelse og utvikling, både gjennom menneskeleg innblanding og utan. Materien er aktiv og bidrar til at ting oppstår, forandrar seg og forsvinn, gjerne i samspel med årstider og vêrskifte. Ut i frå dette økologiske perspektivet er det difor ikkje utenkeleg at nybrotet strittar imot det menneskelege, og at naturen viser korleis den reagerer naturleg på sine omgjevnader. Naturen viser korleis den ikkje tar omsyn til menneskelege ønsker og at mennesket ikkje kan mestre naturen. Som menneske kan ein prøve å kontrollere naturen, men ein står likevel utan kontroll over den materielle verda og naturen har ein sjølvstendig agenda. At Eilev Bufast er i nybrotet når han blir sjuk er eit implisitt utsegn om at mennesket ikkje står over naturen, og at ein ikkje kan endre eller påverke utan at naturen tar tilbake kontrollen. Eilev Bufast fortsett å jobbe i nybrotet medan han er sjuk, og han døyr etter å ha overarbeida seg her. Naturen sigrar over enkeltmenneske Eilev Bufast. Den enorme ekspansjonstrongen til Eilev Bufast går, som nemnt i delkapittelet om far og jord, vidare i arv til Per, men viser seg i ei anna form. For Per er det nemleg gjennom reproduksjon at han får utløp for den same trongen. For Eilev blir denne trongen hans undergang. Per på si side klarar å balansere det betre, og finn til slutt roen når reproduksjonen har gått vidare til neste ledd og barnebarna kjem til. Her ser vi at naturen som både kan vere fruktbar og destruktiv viser seg frå ulike sider for dei to Bufast-bøndene. Per har klart å kontrollere sin fruktbarheit og på den måten blir ikkje naturen destruktiv som med

Eilev. Samspelet mellom natur og menneske er utnytta på ein meir produktiv måte, og Per klarrar å avslutte arbeidet han har starta i tide.

På ein gard er samspelet med naturen noko av det viktigaste for å lukkast, og dette partnerskapet er også noko som er viktig i alle menneskelege relasjonar til den ikkje-menneskelege naturen. Carolyn Merchant legg vekt på at i eit gjensidig avhengnadsforhold mellom menneske og natur er det viktig at ingen er meir dominant enn andre.

A partnership relationship means that a human community is in a dynamic relationship with a nonhuman community. Each has power over the other. Nature, as a powerful, uncontrollable force, has the potential to destroy human lives and continue to evolve and develop with or without human beings. (Merchant, 1996, s. xix).

Menneske har det ikkje på same måten, og kan potensielt øydelegge naturen gjennom sine handlingar. Om menneska øydelegg naturen fullstendig, vil vi samstundes utrydde oss sjølv. Mennesket som art har ikkje moglegheit til å leve utan naturen, og vi må difor vise omsorg og vere medvitne på våre val når det gjeld korleis vi brukar naturen. I samspelet med naturen, og det såkalla gjensidige avhengnadsforholdet, viser det seg, ikkje overraskande, at det er menneska som er det sårbare leddet i dette forholdet. Per lærer tidleg korleis han skal nytte ressursane på garden på ein god måte. Høystad gjer eit poeng ut av at Per tidleg må ut i åkeren for å reinse ugras og gjete sauene på heimebeitet. Dette gjer at Per hjelper til, ikkje "[...] berre med å ta vare på ressursane på garden og sikre næringsgrunnlaget for folket der, han lærer også korleis arbeidet skal gjerast og livsgrunnlaget sikrast, og kva naturen og gardsdrifta krev for at ressursane ikkje skal øydast" (Høystad, 1980, s. 486). Per får altså tidleg eit forhold til det Merchant kallar for *earthcare*, og for å understreke det Høystad skriv så lærer Per å drive garden på ein berekraftig måte. Ein skulle alltid, som nemnt tidlegare, overføre garden rikare til neste generasjon. Dette er noko som peikar mot økokritiske tendensar, og eit fokus på å ta vare på jorda slik at også våre etterkommarar kan nytte seg av naturen.

4.8 Forstyrningar frå verda utanfor

Menneska i *Det store spelet* og *Kvinnor ropar heim* blir skildra som ein del av naturen, og dei spelar på lag med naturen. Denne tenkemåten, der menneske er natur, kan nærast slekte på romantiske tankar frå 1800-talet der naturen blir framheva nesten som noko guddommeleg. Romananes univers blir ikkje romantisert akkurat, men naturen står høgt i kurs. Det er ei samkjensle mellom menneske og natur, der det moderne som forstyrar utanfor blir avvist av

menneska på garden. Livet på Bufast står i sterk kontrast til det livet vi lever i dag. Tidlegare i denne avhandlinga har eg teikna eit bilete av korleis menneska har hatt stor påverknad på kloden vår, og korleis vi i dag lever i ei global verd, framfor ei lokal verd som tidlegare. Dette står i motsetning til den tida Tarjei Vesaas skreiv *Det store spelet* og *Kvinnor ropar heim*. Eit sentralt sitat frå den første romanen er ”på Bufast skal du finne alt du treng” (T. Vesaas, 1978, s. 129). Dette viser til fleire ting, blant anna at gardane på den tida var sjølvberga, og ein tok vare på alle ressursane ein hadde tilgjengeleg. På Bufast handlar dei og byter varer hos handelsmannen for å få tak i det dei treng, og dyrkar resten sjølv. Det er ikkje som i dag, der dei færraste av oss er sjølvberga. Vi et ikkje mat frå eigen gard, men går på butikken og handlar mat, og ofte mat som er importert frå land langt vekke. Barn som veks opp i dag veit ikkje alltid kva maten dei et faktisk er, og ikkje kor den kjem frå eller korleis den blir laga. Per på si side har eit klart bilete av kor maten kjem frå, og spør med iver om ikkje mor kan lage pannekaker av råmjølka når kalven blir født i opningssena i romanen. Høystad gjer eit poeng ut av sjølvbergingsfunnet vi tydeleg ser på Bufast.

Dette samfunnet føreset at ein har kjennskap til det økologiske systemet og kan spele på parti med naturen. Dette gjer Bufast`ane. Slaktedyret blir t.d. slakta før dei får tært nemnande på avgrensa vinterfôret. Dei kyrne som ikkje skal vinterfôrast blir også selde til fehandlaren Skrim, ein nødvendig institusjon i bygdeøkonomien, om hausten (Høystad, 1980, s. 494).

På Bufast lever dei tett med naturen, og det er dette som gjer at dei klarar å overleve på dei ressursane dei har tilgjengeleg. Høystad meiner i sin artikkel at det heile er sunt bondevett, noko som blir nedarva i tradisjonar på ein gard. Barna på ein gard, som Per, lærer tidleg at kjøtet kjem frå dyra som blir slakta.

Verda utanfor garden kjem berre til syne eit fåtal av gonger i løpet av dei to romanane. Barbra Ring trekker fram at turisttrafikken oppe i vegen nærast blir som eit symbol på verda utanfor (Ring, 1934). Verda utanfor kjem ikkje heilt inn på Bufast, og det gjer ikkje det moderne livet heller. Bilane startar å suse forbi oppe i vegen, telefonen kimar på veggen og avisene formidlar krig og sjukdom, men på Bufast legg dei så vidt merke til det. Desse glimta av det moderne livet verkar nesten som ei forstyrring av livet på garden, men minner lesaren og karakterane i romanane på at det finst ei verd utanfor romanans univers. Olav Vesaas skriv i sin omtale av *Kvinnor ropar heim* at desse forstyrringane er med på å forsterke jorda sin rolle, og at krigsmeldingar verken uroar avlinga av korn eller barn (O. Vesaas, 1995, s. 177). Igjen

blir bilete av korleis livet på garden følger sin eigen rytme basert på årstidene forsterka. Det skal meir til enn krig og sjukdom til for å vippe garden, fundamentent for alt liv, av pinnen.

Dei scenene der handlinga går føre seg utanfor garden på Bufast er ofte korte, og fokuset ligg heller på det daglegdagse livet heime på garden. Baumgartner skriv at ”hos Vesaas blir den ahistoriske karakter til livskontinuitet endå tydelegare markert ved at livet på Bufast gjennomført er isolert frå livet ‘ute’, med farting og uro, strid og krig” (Baumgartner, 1977, s. 584). Det er livet på garden som er det sentrale. I andre del av *Det store spelet* reiser Per og Olav på jordbruksskule og lærer meir om gardsdrift, jord, skog og dyr. Per reflekterer over korleis ”dei lærte å sjå det i samanheng, heile det rike spelet. Far hadde ikkje vori på nokon slik skule, men Per var sikker på at ingen på skulen visste det far visste om jord og årstider” (T. Vesaas, 1978, s. 220). Farens kunnskap er av den tause sorten, den som har blitt arva i generasjonar utan skulering. Denne kunnskapen viser verdien i odelsretten og at garden blir arva frå generasjon til generasjon. Gjennom forteljingar og overføring av kunnskap frå eit ledd til neste ledd av jordforvaltarar på Bufast driv dei garden vidare gjennom arkaisk følsemd for naturen. Dette står i kontrast til den meir moderne skuleringa Per er gjennom, og Pers refleksjon over dette viser tydeleg kva for ein verdi som ligg i å drive ein generasjonsgard. Det viser også kva for ein verdi som ligg i den menneskelege kulturen ved at tradisjonar blir vidareført. Det kulturelle spelar ein viktig rolle i formidlinga av korleis menneske både kan tnytte og ta vare på naturen på best mogleg måte. Som nemnt innleiingsvis i denne oppgåva finst det eit gjensidig avhengnadsforhold mellom natur og kultur, sjølv om vi gjerne tenker at kulturen står over naturen, eller at kulturen øydelegg naturen. Samspelet er det som er viktig her, og det blir skildra gjennom Per sine tankar om farens kunnskap. Per byrjar å setje meir og meir pris på livet heime på garden, noko som kjem til syne både ved at han lengtar heim, men også at han verdset farens kunnskap på denne måten. Medan Per er på jordbruksskule er han fleire turar til byen, men desse turane blir ikkje skildra i romanen, det er så vidt dei blir nemnt. Per og Olav kjem heim etter eitt år på folkehøgskule som har blitt fortalt på under tre sider i romanen. Dette viser lesaren at det er livet på Bufast som er det livet som står i fokus, og alt som er utanfor blir verande utanfor. Desse forstyrningane påverkar ikkje Per sin skjebne, og sjølv om valet om at han skal bli på Bufast er tatt utan hans innverknad, gjev verken besøka i byen eller året på skule meirlyst for Per. Det er dette som gjer at han får heimlengsel og vil heim til garden. Denne kjensla av å ville tilbake til garden er ny for Per, men forteljarinstansen har aldri vore i tvil om at Per vil bli glad i jorda, akkurat slik faren spådde.

4.8.1 Byen

Ein av gongane verda utanfor kjem til syne på ein detaljert måte, er i *Det store spelet* når Per drar med Skrim til byen når kyrne skal til slakt. For Per blir byen ein motpart til livet på garden. ”Dur av vogner. Dur frå fabrikkar og møller. Høge skorsteinar, som velta ut svart røyk. Fullt av folk og av fullt av butikkar” (T. Vesaas, 1978, s. 141). Når dei kjem til byen føler Per seg litt snytt, han hadde trudd det skulle vere annleis enn i bøkene, likevel synast han at det både er moro og gøy. I byen får Per og Hans, som han reiser saman med, gå rundt og sjå. ”Båtar. Høge fabrikkpiper. Ei mølle som susa. Fint kledde folk. Vogner. Umenneskelege lass. Vene unge jenter – fleire enn dei trudde fantes av slike. Ei svær talskive oppå ein kyrkjemur. Folk. Butikkruiter. Ei likferd. Ungar. Nye vene jenter” (T. Vesaas, 1978, s. 145). Det er mange inntrykk i byen, og det meste er kjekt. Det vil seie, heilt til dei brukar opp pengane sine og har gløymd å kjøpe mat. Byen er ein stor kontrast til livet på Bufast, og representerer alt Bufast ikkje er. På Bufast er dei sjølvberga med mat, medan i byen svelt du om du ikkje har pengar nok til å kjøpe deg eit måltid. I byen er det fintkledde folk, medan på Bufast sit kvinnene oppe halve natta for å sy og ordne kleda til dei som bur på garden. Byen forstyrrar livet på Bufast som består av dei same hendingane år etter år. På dette stadiet i romanen har ikkje Per blitt kvitt det ambivalente forholdet til jorda og garden. Det at han er glad for at han slepp å velje mellom å bli i byen eller reise heim tyder på at han er eit skritt nærare vedkjenninga om at garden er den rette plassen å vere. Per avviser byen, og makta garden har over han sigrar.

Byen representerer masseslakting av dyra, noko heilt anna enn Per er vakse opp med. På garden heime er slaktinga rett, og det ”vart inga gru ved det. Ein såg det med same slags auge som ein såg andre naturlege ting på Bufast. Som å slå eng. Som å harve og så” (T. Vesaas, 1978, s. 159). Det er faren som tar livet av dyra i Per sin oppvekst, og han gjer det fort og greitt med ei sikker hand. Far blir sett på som dyregod, ”far var dyregod, sa moster. Per slo sauene på snuten for den skuld. Her var ein som skulle vera noko anna” (T. Vesaas, 1978, s. 81). Per føler at det er motseiande å tenke at faren er dyregod sidan det faktisk er han som tar livet av dyra. Her blir det å vere dyregod nemleg å vere den som evner å sjå at dyra er blitt for gamle og livet ikkje er meint for dei lenger. Per arvar denne eigenskapen, sjølv om han hadde bestemt seg for å vere noko anna, og han blir sjølv ein dyregod bonde. Det er han som kjenner dyra best, og det er nok difor tanken om masseslakting i byen er så vanskeleg for Per å ta inn

over seg. På garden heime ofrar hesten seg for at Per skal bli mann, medan i byen er slakt og det tentative overgrepet frå Skrim ein stor kontrast. Slaktehuset blir som eit symbol på dette og det lurar stadig i enden av gata.

Kvea var tett. Det kunne ikkje sleppe unna eit liv. Det var stille inne der. Så let ein raut. Det var stygt. Når ein gjekk tilbake gjennom den lysande gata, hadde ein det rautet i øyra på seg. Ein tenkte tankar som ein skuva ifrå seg (T. Vesaas, 1978, s. 142).

Per kjenner på ein dødsangst på grunn av dette, og blir ikkje kvitt desse bileta av den mørke kvea der kyrne står tett og venter på det som skal skje. På garden blir døden skildra som noko naturleg, medan døden på slaktehusa i byen er uhyggjeleg og framand. Avvisinga av byen og masseslaktinga er avvising av det moderne livet. På den tida Vesaas skreiv dei to romanane om Per Bufast var det ein debatt i samfunnet der nettopp dette var eit aktuelt tema, nokon ønska utvikling og vekst, medan andre såg dei dystre perspektiva det moderne livet førte med seg. Avvisinga av byen kan difor sjåast på som tidlege økokritiske tankar.

4.9 Alternative livsformer

Det er ikkje alle liv som har like stor nytteverdi på ein gard, og garden Bufast kvittar seg med desse liva på ein nesten umerkeleg måte. Garden skvisar ut dei alternative livsformene som ikkje har noko funksjon på garden. Både menneske og dyr døyr om dei ikkje har ein rolle å fylle på garden. Dette er noko Rita Mundal ser på i si masteravhandling i 2018, der ho blant anna studerer Botolv som ein forgjengar for Mattis i *Fuglane* (1957). Mundal poengterer at sorteringa av liv etter nytteverdi er med på å formidle ei antihumanistisk haldning der ”dei unyttige blir slakta” (Mundal, 2018, s. 38). Vassenden er også ein av dei som skriv at sortering av menneske ut frå kva funksjon dei har er med på formidle eit inhumant verdisyn (Vassenden, 2012, s. 392). Å anvende denne type sortering av menneske er noko som ikkje er synleg i den tidlege resepsjonen og forkinga, og verken Høystad eller Baumgartner diskuterer rolla til Botolv i romanane. På same måte som stutkalven i opningsscena representerer det ikkje-funksjonelle hos dyra, finn vi vetlebror Botolv som ein representant for det ikkje-funksjonelle hos menneska. ”Romanen åpner med å presentere to livsformer for oss: Først Per, i første avsnitt, deretter Botolv, i andre avsnitt. Per er den livsdyktige, Botolv er den livsudyktige” (Ibid.). Botolv er motpolen til Per, og ein kontrastfigur i romanen. Det har alltid vore noko annleis med Botolv. Per skildrar Botolv med mørkt og mjukt hår, og med auge som dei vaksne. ”Kroppen hans kjendes heit å ha mot seg. Han var tre år Botolv no, men

så liten, og voks ikkje vidare, og var aldri sinna. Og så hadde han auge som gjorde at Per somtid kjende seg mindre og yngre” (T. Vesaas, 1978, s. 5). Det ligg implisitt i sitatet frå Per at Botolv aldri kjem til å vekse opp, og at han difor ikkje kjem til å kunne ta del i gardsdrifta. Han representerer altså ei livsform og nokre eigenskapar som ikkje hadde noko funksjon på garden og som ikkje har noko plass i fellesskapet. Alternative livsformer blir ekskludert frå garden, og dei som ikkje kan gjere nytte for seg i arbeid og reproduksjon blir skvisa ut. Botolv døyr naturleg ei natt, og forsvinn nesten umerka ut frå det store spelet på garden. Stutkalvane har heller ingen funksjon på garden, men her er det far som er herre og bestemmer kven som skal slaktast. Far og Gud står begge i ein rolle der dei får bestemme over liv og død. Det at Botolv blir forvist frå livet kan sjåast på som naturen og garden sin måte å bli kvitt dei svake og sjuke individa som ikkje klarar seg i livet. Døden til Botolv er noko Per alltid ber med seg, og noko han stadig vender tilbake til i tankane. Sjølv om Botolv blir skvisa ut av livet, har han ein sikker plass i minnet hos Per.

Den andre broren til Per, Åsmund, representerer ei problematiserande kraft i romanane. Der Per har odelsrett og kan leve opp til gardsnamnet, og vere bufast i all si tid, må Åsmund finne noko anna å gjere. Høystad er ein av dei som skriv om dette, og trekker fram at ”å vere *bufast* og ha *rotfeste* ein stad har absolutt verdi ifølge denne boka. Det er ikkje noko skjellsord Per har fått til etternamn. Bufast er eit heidersnamn” (Høystad, 1980, s. 492). Åsmund opplever på mange måtar den same tilknytninga til garden som Per, men veit at han ikkje har dei same moglegheitene. Etter konfirmasjonen til Åsmund tenker både Per og Åsmund på kva som skal skje vidare, ”kvar skal eg gjere av meg? tenkte vel Åsmund” (T. Vesaas, 1978, s. 223). Per er stille overttydd om at Åsmund helst ville ha overtatt garden, og han ønsker å seie til han at dei begge kan bli verande. Han veit at det ikkje går, og for Per er Åsmund på mange måtar ukjend allereie når dei bur saman på garden. Åsmund godtek sin skjebne når han får vite at han skal på skule og Per skal overta garden, ”- ja, eg har ikkje tenkt å vera i vegen for nokon. Han gjekk ut. Per stod att med vondt i seg for Åsmund. Kva hadde Åsmund helst ønskt? Det stod liksom brått klart at Åsmund var glad i Bufast” (T. Vesaas, 1978, s. 225). På garden er det berre plass til ein mann, ein som kan ta over garden og bli bonde, og også her ser ein eit døme på korleis garden difor sjølv skvisar ut Åsmund. Det er ikkje plass til han på Bufast, og det er akkurat som at garden med sin eigen handlingskraft og agens klarar å fordrive Åsmund frå garden. Avstanden mellom Per og Åsmund aukar. Åsmund blir ein kontrastfigur til Per, og ein kontrast til garden. Han giftar seg i byen og får ein son, noko som også står i motsetning til den store barneflokket på Bufast.

Det at Åsmund flyttar til byen, aukar avstanden mellom dei to brørne, på fleire nivå. Den fysiske avstanden gjer at Åsmund ikkje alltid kan koma heim til store hendingar på Bufast. I tillegg aukar avstanden mellom dei to brørne med tanke på forholdet deira. Som nemnt tidlegare blir Åsmund motpolen til Per, og kjem berre innom garden og minner dei som bur på Bufast og lesaren om at det finst eit liv utanfor. Åsmund blir som telefonen og bilane på vegen, eit forstyrrende element som ikkje passar inn i det harmoniske og skjermte livet på Bufast. Med tanke på at Per avviser byen i *Det store spelet*, både etter besøket med Skrim og etter jordbruksskulen, er det eit symbol på at han også avviser det livet Åsmund lever. For Per er det Bufast som er den rette plassen å vere, noko som blir forsterka av at forholdet til Åsmund sklir meir og meir ut. At forholdet sklir meir og meir ut viser også kva for ein kraft som ligg i det å ha odell på ein gard. Framtida er sikra for Per, men for Åsmund er det odelen, symbolisert med Per, som tvingar han vekk frå heimgarden. Åsmund høyrer ikkje lenger heime nokon plass, verken på garden eller hos Per og har heller ikkje den same plassen i minnet til Per som Botolv har.

4.10 Garden som hovudperson

Baumgartner argumenterer for at ”garden Bufast er så å seia hovudpersonen i romanen” (Baumgartner, 1977, s. 579). Tankane frå det første delkapittelet om at det berre er plass til ein okse på garden, og at Per identifiserer seg med denne oxen kjem tydeleg til syne når dei alternative livsformene blir skvisa ut. Det er ikkje Per sjølv som driv brørne frå livet og garden, men ei større kraft og kanskje er det akkurat garden som fordriv dei som ikkje har ein plass der. Det at naturen ikkje lagar plass for dei livsformene på garden som ikkje har noko funksjon for reproduksjon og arbeid viser at naturen er ei levande kraft som kan handle og bestemme til det beste for garden. Det er ikkje plass til andre menn på garden enn han som skal drive garden vidare, og naturen finn ein måte å kvitte seg med desse alternative liva som ikkje passar inn. Dette stemmer godt i hop med tanken til Baumgartner om at det er garden sjølv som er hovudpersonen og som gjer det som er best for å kunne overleve sjølv. Det funksjonelle livet blir sett høgt, noko vi også ser i kjærleikslivet til Per. Garden har eit behov for at den som er odellsson, altså Per, får barn slik at garden er sikra si framtid. Dette kjem også tydeleg fram når Per er på jordbruksskule og det byrjar ein jenteskule på same skulen. Steinar Gimnes gjer eit poeng ut av at dei haldningane til kjønn og kjønnsroller i romanen både viser den historiske avstanden til 1934, samstundes som det tydeleg viser at Per og

garden ser på jentene med utgangspunkt i to roller (Gimnes, 2013, s. 287). Auga som ser byrjar å skjøne kva som er viktig på ein gard.

Unge jenter lærte å stelle hus og fjøs. Gutane såg jentene gå med store blå forklede. Det var som ein såg mor i den tida ein ikkje kunne sjå henne. Dei likna unge mødrer. Dei hadde armane oppbrette for vask. Dei hadde mjøl på forkledet etter brødbakst. Dei kom or fjøset med runde, reinvaska armar (T. Vesaas, 1978, s. 220).

Per samanliknar jentene med mor, og det er eigenskapane som blir sett høgt på ein gard som er i fokus for blikket som ser på desse jentene. Når gutane og jentene samlast ein gong i veka forandrar jentene seg. ”Dei var i stasklede og var bratte unge jenter som ein kjende seg framand framfor. Ein lengta etter å sjå dei kvardagslege mellom gode ting, mellom mjøl og mjølk” (T. Vesaas, 1978, s. 220-221). Per ønsker det trygge og kvardagslege, og veit kva gardens behov er. Gimnes kommenterer vidare denne scena på jordbruksskulen og skriv at ”det er *bondeguten* som her ser jentene, og som ser dei frå *garden* sitt perspektiv og garden sine interesser i dei som ‘unge, gode mødrer’ mellom ‘mjøl og mjølk’” (Gimnes, 2013, s. 287). At det er garden sitt perspektiv som er blitt viktig for Per forsterkar også tanken om gardens rolle. Per er opptatt av å kunne bringe garden vidare, og har forstått at den idealiserte kjærleiken må bli erstatta av ei som kan stelle i heim og fjøs og produsere mjølk. Per møter, som vi veit, Signe heime på garden, og som romanen sjølv poengterer fleire gonger skal Per finne alt han treng på Bufast. Her kan det tolkast som at garden bringer Signe til Per for å sikre reproduksjon og vidare gardsdrift.

Per oppfattar garden som noko som held ein dom over han, og Eilev Bufast blir den som representerer denne dommen som kjem frå noko som er større enn både Per og Eilev. Gjennom heile oppveksten kjempar Per ein kamp mot garden, og mot sin rolle i rekka som odelsgut på Bufast. Per ønsker seg lenge eit anna liv, og set seg eit mål når han startar på skulen. Han skal bli best i klassen og bli prest. Dette ser han på som ein utveg frå livet som odelsgut. På mange måtar er det som om han ønsker å bli pressa ut av garden. Garden på si side bryr seg ikkje om kva Per meiner og ønsker, her er det ikkje fokus på kva individet vil. Per må tvingast for at prosjektet skal lykkast, for er du født inn i rolla som neste ledd av jordforvaltarar må du også ta denne rolla. Det er ikkje noko rom for det individuelle på ein gard, alle jobbar saman mot eit felles mål og eit fellesskap som er større enn kvar enkelt person. Fellesskapet mellom kvinner og menn, menneske og dyr er heilt sentralt for at garden skal overleve og at det skal kome nye etterkommarar og ta over.

Fleire gonger i romanane blir det nemnt at ”garden har dei i bruk”, noko som kan tyde på at det ikkje er menneska som brukar garden, men garden som treng menneska for å gå vidare. Garden er ikkje opptatt av kven som bur og driv, det kunne ha vore kven som helst, og det er ikkje naudsynt at det er akkurat familien Bufast som driv garden vidare. Garden brukar dei ulike menneska på garden på ulike måtar, noko vi ser på rollene dei ulike karakterane har. Samstundes har garden kvitta seg med dei menneska den ikkje har bruk for, slik som nemnt i delkapittelet om alternative livsformer. Det er som om garden brukar menneska for å overleve, og ikkje menneska som brukar garden for å overleve. Dette synar samstundes ein relasjon mellom menneske og gard der begge partar er like avhengige av kvarandre. Her blir dei ulike livsformene, både naturen og menneska sett på lik linje. Menneska ikkje står lenger over naturen eller er åtskilt frå den. Avhengnadsforholdet viser at mennesket er like mykje eit middel for at garden skal oppnå sine behov, som garden er for at mennesket skal oppnå sine behov. Det blir som ei av-antroposetrifisering, og dette viser oss verdien av det tette samspelet. Når ein tenker at gard og menneske brukar kvarandre på lik linje forsvinn tanken om individ. Det er ikkje så viktig kven som bur på garden så lenge dei forvaltar jorda på ein berekraftig måte slik at garden består. Det viktigaste er at det individet som skal drive garden har dei riktige kvalitetane, og desse tileignar Per seg gjennom den første romanen, i motsetning til brørne sine. Med tanke på at garden ikkje er så opptatt av kva for ein familie som bur der, klarar likevel Vesaas å formidle det individuelle i romanane. Som vi såg i resepsjonen meiner Sigrid Undset at dette er noko av det mest beundringsverdige med *Kvinnor ropar heim, korleis* ” [...] Vesaas får hvert enkelt menneske til å være en person for sig selv, de voksne og alle barna lever hver sitt eget liv, de er alene og de hører sammen” (Undset, 1935, s. 7). Dette forsterkar tanken om fellesskapet, der kvart liv på garden høyrer saman. Dei er alle bundne saman i fellesskapet, og dette fellesskapet betyr at kvar enkelt må gå inn i den rolla dei har blitt født til. Når både Per og Signe, og moster og Bjørn byrjar å få vaksne barn er det tydeleg at fellesskapet byr på ulike vegar vidare. Nokre av barna skal bli verande på garden og drive vidare, medan nokre av ungane opplever same skjebne som Åsmund og må flytte vekk frå garden og finne noko anna å drive med.

Tanken om at garden er romanens hovudperson synleggjer ein grunntanke og eit kjerneelement i gardslivet, nemleg at gardens behov er større enn dei individuelle behova. Alle som bur på garden må delta i fellesskapet, og alle har ulike roller som gjer at garden kan gå rundt. Mennene styrer ute på jordet, i skogen og i nybrotet, medan kvinnene ropar heim,

lagar mat og vaskar. Så snart barna på garden er store nok trer dei inn i sin rolle i fellesskapet, først ved å gjete sauer, for så å bli med dei vaksne og gradvis tre inn i sine framtidige roller på garden. I livet til Per møter han fleire utfordringar som individ, men fellesskapet på garden er større enn han sjølv og bitane fell på plass for Per. Nokre stadar på vegen er det nokre hindringar som Per må gjennom. Her er det spesielt den idealiserte kjærleiken som kunne stått i vegen for heilskapen, men denne blir avløyst av den funksjonelle kjærleiken. Det er sjølv sagt også nokre humpar i vegen for Per når det kjem til å drive garden vidare. Det skal produserast nok mat til heile barneflokket, og ein veit aldri kva for år som blir gode og ikkje gode. Ein annan ting som kunne ha stukke kjeppar i hjula for familien på Bufast er krigen og seinare sjukdomen som herjar i *Kvinnor ropar heim*. Livet på garden må likevel gå vidare, og sirkelen fortsett å rulle.

Det er først på slutten av *Det store spelet* at Per føler at garden er den rette plassen å vere, og så i slutten av *Kvinnor ropar heim* er det den plassen det er godt å vere. Mjølka renn som ein markør gjennom begge romanane, og *Kvinnor ropar heim* avsluttast med at mjølka renn som aldri før. Sirkelen er fullført, og heilskapen er komplett for både Per, men også for garden og etterkommarane som skal drive vidare. Det at det ikkje er plass til det individuelle livet på garden er ikkje negativt på Bufast, det er slik det må vere for at garden skal bestå. Om vi dag tenker på jorda vår som garden, kan dette hjelpe oss å forstå kvifor vi må stå saman i fellesskap når det kjem til berekraftig utvikling vidare. I eit individualistisk samfunn, som vi har i mange delar av verda i dag, er det lett for å gløyme at vi saman i fellesskap kan hjelpe kloden vår. Fellesskapet inkluderer ikkje berre menneska på jorda, men også naturen og alt som ikkje er menneskeleg. Avhengnadsforholdet mellom natur og gard blir i *Det store spelet* og *Kvinnor ropar heim* ei form for av-antroposetrifisering som vi kan lære noko av. Fellesskapet er viktig for at kloden vår skal bestå slik at ulike individ kan få leve og utvikle seg, og for at det skal vere plass til alle. Fellesskapet i dag er like viktig for at dei neste generasjonane skal ha ein plass å bu som det var for at garden Bufast skulle bestå og vidareførast til nye generasjonar.

5. Avsluttande refleksjonar: Menneske og natur i *Det store spelet* og *Kvinnor ropar heim*

Eg starta denne oppgåva med tre forskingsspørsmål og har jobba ut frå at dei to romanane fortel ei historie om forholdet mellom menneske og natur, om det menneskelege og det ikkje-menneskelege. I denne avhandlinga har eg nytta meg av eit økokritisk og eit økofeministisk blick og undersøkt dei to Vesaas romanane *Det store spelet* og *Kvinnor ropar heim*. Dette er romanar som har eit stort potensiale når det kjem til ulike lesingar, noko resepsjonen og den seinare forskinga også viser. Innanfor økokritisk litteraturteori er det sentralt å undersøke eldre litteratur i lys av nyare tenking omkring natur og menneske, og sjå om naturrelasjonane frå romanane kan lesast på ein annan måte med bakgrunn i nyare teori. Dette nye blikket står i dialog med den forskinga som allereie er gjort på dei to romanane, samstundes som det peikar framover mot dei problema vi står overfor i dag med tanke på klima og miljø. Forholdet mellom natur og kultur, og kjønn og natur har vore sentralt i analysen min, samt interaksjonen mellom den menneskelege og den ikkje-menneskelege naturen. I tillegg har eg fokusert på kva for konflikhtar og moralske problem som dukkar opp i romanane.

Det å lese eldre romanar med eit økokritisk blick er noko som kan vere svært verdifullt i dagens samfunn der vi står overfor store klima- og miljøspørsmål. Dette er noko som påverkar alle menneske på kloden, og viser at fellesskapet, og det å stå saman slik dei gjorde på gardane er viktig. Vi må jobbe for eit felles mål, som i vårt tilfelle ikkje handlar om at garden skal bestå, men at jordkloden vår skal bestå. Det tette samspelet mellom menneske og natur som blir skildra i dei to Vesaas-romanane kan vise oss kor viktig det er å ta vare på naturen på ein berekraftig måte. Per kan sjåast på som ein rollemodell og vi kan lære noko av han. Eilev Bufast blir som kjent besett av nybrotet og tanken om å få det størst mogleg. Hans ekspansjonstrong gjer at han tar seg for mykje til rette i naturen, noko som blir hans undergang. Eilev Bufast kan her sjåast på som eit bilete på korleis menneska gjennom tidene har hatt ein liknande trong til å legge under seg stadig meir jord. Menneska har sett på dette som naudsynt utvikling og har ikkje klart å tenke eller forstå konsekvensane av desse handlingane. Det er dette som i dag har blitt destruktivt for kloden vår og menneska som lever her. Her kan vi lære av Per Bufast, som også føler på den same ekspansjonstrongen som far sin, men han klarar å balansere det betre enn Eilev. Per klarar å stoppe i tide, og skjønar at konsekvensane av fruktbarheita og den stadige produksjonen av barn ikkje fungerer i lengda. Han klarar å kontrollere trongen og forstår at det kjem generasjonar etter han som også skal

ha mat på garden. Ved å anvende eit økokritisk blikk på dei to Bufast-romanane kan vi altså sjå viktigheita av samspelet med naturen. Om vi klarar å kontrollere og balansere dette skjøre avhengnadsforholdet mellom menneske og natur vil det kunne ha positive verknader på kloden vår. Om vi fortsett som før, utan å tenke konsekvensar slik som Eilev Bufast, vil vår eigen trong til kontroll vere det som også blir vår undergang.

5.1 Forholdet mellom natur og kultur, og mellom kjønn og natur i dei to Bufast-romanane

Tarjei Vesaas visste at han måtte skrive *Det store spelet*, ein roman om jord. Jorda er eit tydeleg tema i begge romanane, noko som også har kome tydeleg fram i resepsjonen og forskinga på dei to romanane. Ved å nytte eit økokritisk perspektiv forstår vi betre korleis livet på ein gard tidleg på 1900-talet var, og kor tett bunden saman med jorda menneska var. Det å arve jord var noko som hadde stor verdi, og det viser kor mykje jorda betydde for ei slekt. Romanane viser oss også kompleksiteten i det å leve eit liv. Skildringa av forholdet mellom menneske og natur i romanane viser at menneska er avhengig av naturen for å kunne overleve. Naturen gjer menneska ressursar, og jo betre år, jo betre avlingar. Menneska hadde ikkje klart seg utan naturen, og for å klare å nytte seg av naturen er menneska igjen avhengige av kulturen. Sherry B. Ortner spør ”is female to male as nature is to culture?” (Ortner, 1972), men eg vil snu det rundt og seie at naturen ikkje er kulturens andre, men omvendt. Utan kulturen ville ikkje menneska ha visst korleis dei skulle ha nytta naturen og tradisjonane ville ikkje ha blitt nedarva frå generasjon til generasjon. Det er ein eigen verdi i det å dele omsorg for naturen og kunnskap gjennom generasjonar. Menn og kvinner lever også i eit gjensidig avhengnadsforhold, og eg har diskutert om romanane syner eit klassisk patriarkat. Høystad argumenterer for at det er eit moderat matriarkat vi ser i *Det store spelet* og *Kvinnor ropar heim* (Høystad, 1980, s. 489). Her meiner eg at både kvinner og menn har like viktige roller på garden Bufast, og dette kjem fram i romanane. Både mennene og kvinnene på garden har egne ansvarsområde der dei styrer. Mennene er avhengige av kvinnene for å kunne gjere jobben ute på garden, og samstundes er kvinnene avhengig av at mennene gjer akkurat denne jobben. Eg har difor argumentert for at kvinnesynet i romanane, viser at mannen er like mykje kvinnens andre, som omvendt.

5.2 Interaksjonen mellom den menneskelege og den ikkje-menneskelege naturen i *Det store spelet* og *Kvinnor ropar heim*

Gjennom begge dei to Bufast-romanane ser vi eit tydeleg samspel mellom den menneskelege og den ikkje-menneskelege naturen. Det tydlegaste symbolet for både den menneskelege og den ikkje-menneskelege naturen er Eilev Bufast. I resepsjonen av *Det store spelet* blir Eilev Bufast og forholdet mellom far og son nemnt av dei fleste kritikarane. Eilev Bufast er som ein jordskapning og Per føler at Eilev ikkje lenger er eit menneske når han grev i nybrotet. Det er fleire grunnar til at Eilev Bufast kan reknast både som menneskeleg, og samstundes ikkje-menneskeleg. For det første handlar det om korleis Per og forteljaren ser Eilev. Han blir som ein framand for barna, og Per tenker at far er jord. Han luktar jord, og til og med stemma hans er full av jord. Det andre som gjer at det er vanskeleg å trekke skiljet mellom menneskeleg og ikkje-menneskeleg er at når Eilev Bufast snakkar feller han dommar. Per føler at det er far som bestemmer at han skal bli glad i jord, at han skal bli på Bufast all si tid og at han kjem til å finne alt han treng på garden. Eilev Bufast blir som ein gud som feller dommar og som ein representant for det garden ønsker og vil. Eg har argumentert for at det kan verke som om garden er hovudpersonen i romanane, og på mange måtar får garden fram ønska sine gjennom Eilev Bufast sine dommar til Per. Det tredje er at Eilev Bufast døyr mot slutten av *Det store spelet* og går difor over frå den menneskelege naturen til den ikkje-menneskelege naturen. Det at Eilev blir sjuk medan han grev i nybrotet er eit implisitt utsegn som fortel oss at menneska ikkje står over naturen, og at naturen heile tida er aktiv. Ettermælet til Eilev Bufast følger Per vidare i livet og i *Kvinnor ropar heim*. Karakteren hans er noko større enn det menneskelege, og igjen blir han som ei overnaturleg kraft som har makt over Per. Eilev Bufast er altså med på å viske ut skiljet mellom kva som er menneskeleg og ikkje-menneskeleg i romanane på fleire måtar. Han er ein samansett karakter og symboliserer undergang, død, overmot og destruksjon i sin iver etter å utvide nybrotet mest mogleg.

5.3 Konflikhtar og moralske problem i dei to romanane

Gjennom mi lesing av romanane har eg sett at eit av dei største moralske problema i romanane handlar om sorteringa av menneske og dyr etter funksjon. Kvinnene blir samanlikna med dyr, og menneska på garden blir skvisa ut av garden. Problematiseringa av kjønn er gjennomgåande i begge romanane, men lettare å sjå i *Kvinnor ropar heim*. Her blir kvinnene tydeleg redusert til hender, og samanlikna med dyr. I *Det store spelet* er ikkje animaliseringa så eksplisitt. I begge romanane blir både menn og kvinner samanlikna med

dyr, men når det kjem til den mannlege identifikasjonen er det meir symbolsk og rituelt med tanke på at det skal vere ein mann, ein okse og ein hest på garden. Kvinnene blir meir direkte skildra ut frå funksjonen dei har. Per og forteljaren identifiserer både kvinnene og seg sjølv som dyr gjennom romanane. Det at menneska blir samanlikna med dyra seier like mykje om menneskas posisjon som det skildrar dyra. Denne skildringa av menneska som dyr er noko som forsterkar inntrykket av at garden har menneska i bruk, på lik linje som menneska har dyra i bruk. For menneska sin del kan det vere kva som helst kyr, okse og hest som er på garden, så lenge dei har nytteverdi, og for garden spelar det ingen rolle kven som bur og driv, så lenge dei bringer garden vidare. Dette viser eit avhengnadsforhold der garden brukar menneska som eit middel for å overleve, på lik linje som menneska brukar garden som eit middel. Eg har difor argumentert for at dette er ei form for av-antroposetrisering, der livsformene er på ei lik linje.

Eit anna problem, som eg skisserte innleiingsvis i denne avhandlinga, er at mange av dei som i dag forskar på økokritikk har eit heilt anna liv enn livet på Bufast. Sissel Furuseth skriv om dette og kallar det for *intellektuelt kolonisering* i artikkelen ”Intellektuell kolonisering av naturbegrepet” (2020). Mange av dagens økokritikarar kjem ikkje sjølv frå gardar, og forholdet deira til naturen er heilt annleis enn forholdet bøndene på Bufast har til jorda. Dette gjer at teoriane om økokritikk ikkje klarar å fange opp det direkte forholdet mellom bonden og jorda, og at dette forholdet er forsterka og formalisert gjennom loven om odelsrett. Furuseth skriv at avstanden mellom omgrep og verkelegheit er stor, og at ein del økofilosofar berre rører ved realiteten på ein indirekte måte (Furuseth, 2020, s. 38). I denne avhandlinga har eg difor prøvd å fokusere på samspelet mellom natur og menneske, og vise at sjølv om tankane om økokritikk tilhøyrar nokon som er framand for jordbruk og gardsliv, så kan teoriretninga opne dører som gjer at vi les romanane med eit anna blikk. Eg har fokusert på korleis naturen sjølv er i bevegelse, og kan vere fruktbar og destruktiv på same tid, og at dette er det som tar knekken på Eilev Bufast.

I teoridelen av denne avhandlinga identifiserte eg fire kriterium som Lawrence Buell meiner må vere til stades for at ein tekst skal kunne vere økokritisk. Det første kriteriet handlar om at det ikkje-menneskelege miljøet må vere til stades som noko meir enn berre ei ramme for menneskeleg aktivitet. I Bufast-romanane ser vi tydeleg eit ikkje-menneskeleg miljø, der garden sjølv har ein slags hovudrolle og nybrotet er i stadig bevegelse og blir representert av halvmennesket og jordskapningen Eilev Bufast. Det andre kriteriet til Buell er at det ikkje er

dei menneskelege behova som står som det einaste legitime i teksten. I både *Det store spelet* og *Kvinnor ropar heim* ser vi at det er gardens behov som i stor grad går først, og at garden difor skvisar ut alternative livsformer og sørger for at Per finn alt han treng heime på garden, til og med den store kjærleiken. Det tredje kriteriet er eit etisk mål for å halde menneske ansvarleg for miljøet. Miljøperspektivet og -medvita i romanane er ikkje til stades slik som det gjerne er i dagens tekstar. Det er likevel eit berekraftig perspektiv som kjem til syne med tanke på korleis menneska driv garden, både når ein ser på reproduksjon av dyr og menneske, samt dyrking av jord og slakting av dyr for å få det heile til å gå rundt. Vi finn ein slags innsikt i at menneskas plass i naturen er utsatt, noko som blir skildra med gode og dårlege år. I dag er spørsmål om berekraft i forbindelse med miljø meir akutt, og vi har difor eit anna språk for det som kanskje passar betre inn i Buell sitt tredje kriterium. Hans fjerde kriterium tar for seg at naturen ikkje skal vere framstilt som noko statisk og gitt, men vere ein prosess i teksten. I *Det store spelet* og *Kvinnor ropar heim* er naturen heile tida i bevegelse, i form av årstider som blir forsterka gjennom oppatt-taking og med tanke på korleis liv og død heile tida avløyser kvarandre. Naturen i *Bufast*-romanane er i ein stadig prosess saman med jordforvaltarane på garden, og prosessen vil fortsette uavhengig av kven som driv garden. Både *Det store spelet* og *Kvinnor ropar heim* passar inn i fleire av kriteria til Buell for å kunne kallast for ”environmentally oriented work”. Likevel er slike fastsette kriterium ikkje alltid den beste måten å lese romanar på, då dei fleste verk vil overskride slike forenkla lesemåtar (Vold, 2019, s. 387). Dette er noko eg er einig i. Sjølv om vi finn fleire aspekt ved romanane som gjer at dei passar inn i Buell sine normative kriterium, så overskrider *Bufast*-romanane desse kriteria. *Bufast*-romane kan absolutt lesast som økokritiske romanar, uavhengig av Buell sine kriterium, og vi finn, som nemnt tidlegare, også spor av økokritiske tankar i romanane som har oppstått lenge før slike kriterium vart til.

5.4 Avsluttande tankar

Prosjektet mitt har vist at det å anvende nyare litterære teoriretningar på eldre verk kan kaste lys på perspektiv som har vore der heile tida. I denne oppgåva har eg gjennom mi lesing av dei to *Bufast*-romanane vist at det er mogleg å skape nye innsyn i eldre tekstar. Avhandlinga mi vil vere eit bidrag til to ulike forskingstradisjonar. Eg er i dialog med den tidlegare forskinga på Vesaas sine tekstar, med både samtidsresepsjon og nyare forskning med blant anna Walter Baumgartner, Steinar Gimnes, Ole Martin Høystad og Eirik Vassenden. Her er den første resepsjonen meir sympatisk enn den kritiske forskinga frå blant anna Baumgartner.

Samstundes er denne avhandlinga eit bidrag til nyare økokritisk forskingstradisjon. Det er ingen tvil om at det finst spor av ein diskusjon i *Det store spelet* og *Kvinnor ropar heim*, samt i resepsjonen, som kan minne om økokritikk og økofeminisme lenge før omgrepa vart til. Som nemnt innleiingsvis står Vesaas i byrjinga av ein ny tradisjon med desse romanane, samstundes som han står i forlenginga av dei tradisjonane i samfunnet som fantes på 1930-talet i Noreg. I resepsjonen var det tydeleg at romanane har vore lest som ei lovsong til jorda, noko også eit nytt økokritisk perspektiv viser. Som eg har vist i avhandlinga finst det spor av tidleg økokritikk hos Vesaas og mitt blick på romanane forsterkar dei tankane vi finn både hos Vesaas sjølv og i resepsjonen. Romanane teiknar eit bilete av menneskas del i naturens kontinuitet, og viser det kratfulle samspelet mellom natur og menneske. Allereie frå tittelen *Det store spelet* kommuniserer romanen kontinuitet og gjennom begge romanane er det dei store linjene som er i fokus. Sjølv om fleire av kritikarane i samtida og ettertida, samt Tarjei Vesaas og Olav Vesaas, meiner at den første romanen har høgare kunstnarleg verdi, er romanane som ein heilskap det som gjer at sirkelen blir komplett. Vi forstår at det store spelet på ein gard er større enn menneska som bur på Bufast, og at det stadig vil komme nye generasjonar og bringe garden vidare.

Litteraturliste

- Adams, C. J. & Gruen, L. (2014). *Ecofeminism: Feminist Intersections With Other Animals & The Earth*. London & New York: Bloomsbury Academic.
- Andersen, P. T. (2012). *Norsk Litteraturhistorie*. (2. utg.). Oslo: Universitetsforlaget. Første gong utgitt 2001.
- Baumgartner, W. (1977). Det store spelet og Blut und Boden. Mystikk og kritikk i Bufast-bøkene av Tarjei Vesaas. *Syn og Segn* 83, s. 579-597. Henta frå <https://www.nb.no/items/bdaa280164a49c0f62d1f141403c0330?page=605&searchText=syn%20og%20segn%2083>
- Beauvoir, S. d. (2015). *The Second Sex* (C. Borde & S. Malovany-Chevallier, Overs.). I M. Reid (Red.), *Extracts from: The Second Sex: Simone De Beauvoir*. London: Vintage Books.
- Bjørknøy, A. M. B. (2015). Det er jo bare en skoleutgave. I Bøe, H., Janss, C. & Taugbøl, S. T. (red.), *Filologi og sensur. Bidrag til en konferanse avholdt av Nordisk Nettverk for Edisjonsfilologer 11. -13. Oktober 2013*. (s. 209-239). Oslo: Novus forlag. Henta frå <https://www.nb.no/items/4eba08ac26c345639ca7693c5157996b?page=5&searchText=filologi%20og%20sensur>
- Buell, L., Heise, U. K. & Thornber, K. (2011). Literature and Environment. *Annual Review of Environment and Resources*, 36, s. 417-400. Henta frå <https://doi.org/10.1146/annurev-environ-111109-144855>
- Buell, L. (1995). *The Environmental Imagination. Thoreau, Nature Writing and the Formation of American Culture*. Cambridge: Harvard University Press.
- Cederholm, E. A., Björck, A., Jennbert, K. & Lönngren, A-S.. (Red.). (2014). *Exploring the animal turn: Human-Animal Relations in Science, Society and Culture*. Lund University: The Pufendorf Institute of Advanced Studies.
- Clark, T. (2014). Nature, Post Nature. I L. H. Westlig (Red.), *The Cambridge Companion to Literature and the Environment* (s. 75-89). Cambridge: Cambridge University Press.
- Claudi, M. (2013). *Litteraturteori*. Bergen: Fagbokforlaget. Landslaget for norskundervisning.

- Crutzen, P. (2002). Geology of mankind. *Natur*, 415, 23. Henta frå <https://www.nature.com/articles/415023a.pdf>
- Dale, J. A. (1934, 27. oktober). Det store spelet. Den 17de Mai, s. 2.
- d'Eaubonne, F. (1974). *Le Féminisme ou la mort*. Paris: Pierre Horay Éditeur.
- Eriksen, T. H. (2016). En overophetet klode. *Vagant* (1). Henta frå <http://www.vagant.no/en-overopphetet-klode-thomas-hylland-eriksen/>
- Furuset, S. (2017). Fugleskrift (økokritiske forsøk). *Bøygen: Organ for nordisk språk og litteratur*, 28(1), 8-16. Henta frå <https://www.duo.uio.no/handle/10852/55458>
- Furuset, S. (2020). Intellektuel kolonisering av naturbegrepet. *Bøygen: Organ for nordisk språk og litteratur*, 32(2), 36-40. Henta frå https://boygen.net/wp-content/uploads/2020/06/boygen_02_2020_web-1.pdf
- Fønhus, M. (1937, 13. juli). Maskinkulturen og fjellbonden. "Valdres", s. 1.
- Garrard, G. (2012). *Ecocriticism* (2. utg.). London & New York: Routledge.
- Gimnes, S. (2013). ...angen frå vår stutte tid. *Ein studie I Tarjei Vesaas' forfattarskap*. Trondheim: Akademika forlag.
- Glotfelty, C. (1996). Introduction. *Literary Studies in an Age of Environmental Crisis*. I C. Glotfelty & H. Fromm (Red.), *The Ecocriticism Reader. Landmarks in Literary Ecology*. (s. xv-xxxvii). Athens, Ga: University of Georgia Press.
- Gregersen, M. & Skiveren, T. (2016) *Den materielle drejning. Natur, teknologi og krop i (nyere) dansk litteratur*. Odense: Syddansk Universitetsforlag.
- Høystad, O. M. (1980). Bygdeverdiar i Det store spelet av Tarjei Vesaas. *Syn og Segn* 86, s. 485-495. Henta frå <https://www.nb.no/items/7f7b691f15b9ec55b445b971e6bf2ec?page=493&searchText=syn%20og%20segn%2086>
- Iovino, S. & Oppermann, S. (2012). Material Ecocriticism: Materiality, Agency, and Models of Narrativity. *Ecozon@*, 3(1), 75-91. Henta frå <http://ecozona.eu/article/view/452/477>
- Jarl, K. C. (1942). Tarjei Vesaas. I *Mennesker og bøker. Artikler og essays om moderne norsk litteratur*. (s. 130-148). Oslo: Johan Grundt Tanum. Henta frå https://www.nb.no/items/URN:NBN:no-nb_digibok_2013092307002?page=7
- Lerner, G. (1986). *The Creation of Patriarchy*. New York: Oxford University Press.

- Lunden, M. S. (1982). Moderne kvinnelitteratur, i *Fritt Ord* 1937. I Å. Hiorth Lervik (red.), Gjennom kvinneøyne. Norske kvinners litteraturkritikk og reaksjoner på litteratur ca. 1880-1930, s. 42-55. Oslo: Universitetsforlaget. Henta frå https://www.nb.no/items/URN:NBN:no-nb_digibok_2013081508128?page=41
- Merchant, C. (1996). *Earthcare: Women and the Environment*. New York: Routledge.
- Morton, T. (2016). *Dark Ecology. For a Logic of Future Coexistence*. New York: Columbia University Press.
- Mundal, R. (2018). *Tustar før Tusen. Botolv Bufast og andre forgjengarar for Mattis i forfatterskapen til Tarjei Vesaas*. (Masteravhandling, Universitetet i Oslo). Henta frå <https://www.duo.uio.no/bitstream/handle/10852/63332/Tustar-f-r-Tusten-Innlevering.pdf?sequence=5&isAllowed=y>
- Myhre, J. E. (2015, 25. november). Byene vokser. Henta frå <https://www.norgeshistorie.no/industrialisering-og-demokrati/1524-byene-vokser.html>
- Næss, A. (1976). *Økologi, samfunn og livsstil: Utkast til en økosofi*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Orrem, O. (1964). Novellisten. I Leif Mæhle (red.), *Ei bok om Tarjei Vesaas. Av ti nordiske studentar* (s. 195-222). Oslo: Det Norske Samlaget, 1964. Henta frå https://www.nb.no/items/d903541d07dfe92f50f8540b4ffac649?page=3&searchText=e_i%20bok%20om%20tarjei%20vesaas
- Ortner, S. B. (1972). Is female to male as nature is to culture? *Feminist Studies*, 1(2), s. 5-31. Henta frå https://www.jstor.org/stable/3177638?origin=crossref&seq=1#metadata_info_tab_contents
- Ratikainen, I. I. (2021, 7. januar). Økologi. Henta frå <https://snl.no/%C3%B8kologi>
- Rueckert, W. (1996) [1978]. Literature and Ecology. An experiment in ecocriticism. I C. Glotfelty & H. Fromm (Red.), *The Ecocriticism Reader. Landmarks in Literary Ecology*. (s. 105-123). Athens, Ga: University of Georgia Press.

- Ring, B. (1934, 22. oktober). Nye bøker anmeldt av Barbra Ring. Det store spelet. *Nationen*, s. 5.
- Ring, B. (1935, 24. oktober). Nye bøker anmeldt av Barbra Ring. Kvinnor ropar heim. *Nationen*, s. 3.
- Skrede, R. (1947). *Tarjei Vesaas*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.
- Solberg, O. (1997). Tre noveller av Tarjei Vesaas. *NORskrift. Arbeidsskrift for nordisk språk og litteratur*. 90, s. 64-91. Henta frå http://folk.uio.no/janengh/Norskrift/NORskrift094_tekst.pdf
- Steffen, W., Grindevald, J., Crutzen, P. & McNeill, J. (2011). The Anthropocene: conceptual and historical perspectives. *Philosophical Transactions: Mathematical, Physical and Engineering Sciences*, 369(1938), 842-867. Henta frå <http://www.jstor.org/stable/41061703>
- Thesen, R. (1935, 26. oktober). Ein roman om menneske og jord. *Arbeiderbladet*, s. 15.
- Thesen, R. (1934, 03. november). Ny bok av Tarjei Vesaas. *Arbeiderbladet*, s. 10.
- Undset, S. (1934, 07. desember). Sigrid Undset um Tarjei Vesaas. *Den 17de Mai*, s. 2.
- Undset, S. (1935, 22. november). Tarjei Vesaas av Sigrid Undset. *Tidens Tegn*, s. 7.
- Vakoch, D. A. (Red.) 2012. *Feminist ecocriticism: environment, women and literature*. Lanham: Lexington Books.
- Vassenden, E. (2012). Det store spelet og det vesle livet [Vesaas]. I *Norsk Vitalisme. Litteratur Ideologi og livsdyrking*. (s. 373-404). Oslo: Scandinavian Academic Press.
- Vesaas, O. (1995). *Løynde land. Ei bok om Tarjei Vesaas*. Oslo: J.W. Cappelens Forlag as.
- Vesaas, T. (1968). *Båten om kvelden*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.
- Vesaas, T. (1928). *Dei svarte hestane*. Oslo: Olaf Norlis Forlag.
- Vesaas, T. (1978) [1934]. *Det store spelet*. Oslo: Tanum-Norli.
- Vesaas, T. (1959). "Hesten frå Hogget". I *Ein vakker dag*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.
- Vesaas, T. (1969) [1935]. *Kvinnor ropar heim*. Oslo: Olaf Norlis Forlag.
- Vesaas, T. (1949). *Lykka for ferdsmenn*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.
- Vesaas, T. (1964). Om skrivaren. I Leif Mæhle (red.), *Ei bok om Tarjei Vesaas. Av ti nordiske studentar* (s. 11-33). Oslo: Det Norske Samlaget, 1964. Henta frå https://www.nb.no/items/URN:NBN:no-nb_digibok_2007050300044?page=3
- Vesaas, T. (1928). *Sendemann Huskuld*. Oslo: Olaf Norlis Forlag.

- Vesaas, T. (1952). "Siste-mann heim". I *Vindane*. Oslo: Gyldendal Norsk forlag.
- Videsjorden, G. H. (2018). Skogen som katedral. Økokritisk analyse av Tarjei Vesaas' novelle "Tusten". [Masteravhandling]. Universitetet i Oslo.
- Vold, T. (2019). *Å lese verden. Fra imperieblikk og postkolonialisme til verdenslitteratur og økokritikk*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Wærp, H. H. (2018). "Hele livet en vandrer i naturen". *Økokritiske lesninger i Knut Hamsuns forfatterskap*. Stamsund: Orkana Akademisk.

Samandrag

Masteravhandling i nordisk litteratur
Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium
Universitetet i Bergen, november 2021

Student: Kristine Tveit Midtbø

Rettleiar: Eirik Vassenden

Tittel: ”Han var inderleg med i det mektige spelet”

Undertittel: Ein økokritisk og økofeministisk analyse av Tarjei Vesaas’ *Det store spelet* (1934) og *Kvinnor ropar heim* (1935)

Denne avhandlinga er ein analyse av Tarjei Vesaas sine to Bufast-romanar, *Det store spelet* (1934) og *Kvinnor ropar heim* (1935) med bakgrunn i økokritisk og økofeministisk litteraturteori. Eksisterande forskning på Tarjei Vesaas sine Bufast-romanar har drøfta liknande perspektiv, som vitalisme, men det er lite eksistarane forskning på desse verka med bakgrunn i økokritikk. I denne avhandlinga ønsker eg å vektlegge den viktige rolla naturen spelar i menneskets liv på ein gard. Nokre av hovudpoenga i denne avhandlinga handlar om avhengnadsforholdet mellom menneske og natur, og korleis kontinuiteten på ein gard kan vise oss nettopp dette. Eg undersøker også kva for menneskesyn og syn på kjønn som kjem til syne i dei to romanane. Føremålet med oppgåva er å undersøke korleis eldre verk kan lesast i lys av nyare litteraturteori og kva for perspektiv frå samtida som kan bli løfta fram av teorien. Eg stiller meg i dialog med tidlegare Vesaas-forsking, og samstundes er denne avhandlinga eit bidrag til nyare økokritisk forskning.

Med eit bredt teoretisk bakteppe, med økokritikarar som Grag Garrard, Cheryll Glotfelty og Lawrence Buell, samt feministiske og økofeministiske tankar frå Simone de Beauvoir, Sherry B. Ortner, Carol J. Adams og Lori Gruen, viser eg kva for moglegheiter som finst i økokritikken og økofeminismen. Analysedelen fokuserer på desse moglegheitene i romanane, og eg les romanane komparativt gjennom heile analysen. Innleiingsvis i analysen gjev eg eit detaljart handlingsreferat av *Det store spelet* og *Kvinnor ropar heim* for å skape betre forståing for mine val av scener i analysen. I siste del av oppgåva konkluderer eg og svarar på forskingsspørsmåla eg har skissert i innleiinga av avhandlinga.

Abstract

MA thesis in Nordic Literature

Department of Linguistic, Literary and Aesthetic Studies

University of Bergen, November 2021

Student: Kristine Tveit Midtbø

Tutor: Eirik Vassenden

Title: "Han var inderleg med i det mektige spelet"

Subtitle: An ecocritical and ecofeministic analysis of Tarjei Vesaas' *Det store spelet* (1934) and *Kvinnor ropar heim* (1935)

This thesis is an analysis on Tarjei Vesaas' two Bufast-novels, *Det store spelet* (1934) and *Kvinnor ropar heim* (1935) focusing on ecocriticism and ecofeministic literary theory. Prior research on Tarjei Vesaas' Bufast-novels has discussed similar perspectives such as vitalism, but there is a lack of research done on the novels focusing on ecocriticism. With this thesis, I wish to focus on the important role nature has in human farm life. Some of the key arguments in this thesis is about the dependency between human and nature, and how the continuity on a farm might portray this. I will also investigate the view of mankind and gender that is portrayed in the novels. The purpose of the thesis is to investigate how older texts can be read in light of newer literary theory and what perspectives from present times can be portrayed by the theory. I will discuss using prior Vesaas-research, as well as contribute to newer ecocritical research.

Using a broad variety of theory, with ecocritics such as Graig Garrard, Cheryll Glotfelty and Lawrence Buell, as well as feminist and ecofeministic thoughts from Simone de Beauvoir, Sherry B. Ortner, Carol J. Adams and Lori Gruen, I present the possibilities existing in ecocriticism and ecofeminism. The analysis focuses on the possibilities in the novels, and I read the novels comparatively through the whole analysis. In my introduction of the analysis, I give a detailed summary of *Det store spelet* and *Kvinnor ropar heim* to give a better understanding of the scenes in the analysis. At the end of my thesis, I will conclude and answer my research questions outlined in the introduction.